



Masteroppgåve i Helse og sosialfag -Meistring og myndiggjering-

Frivillig i bygda

Aktivitetar og frivillige ved frivilligsentralane
i Sogn og Fjordane

30 studiepoeng

Solfrid Andersen

Mai 2016

Samandrag

Den frivillige innsatsen står sterkt i Noreg. Vi er av dei beste på feltet viser forskninga. Svært mykje av innsatsen blir til gjennom organisasjonsdeltaking. Dei frivillige organisasjonane sitt arbeide gir særleg tre føremon for samfunnet: 1) Sosial integrasjon, 2) styrking av demokratiet og 3) økonomiske bidrag i form av frivillig innsats.

Frivilligsentralane er ein organisasjon som fungerer som ein lokal bank mellom einskildindivid, lag- og organisasjonar og det offentlege. Forskarar tar til ordet for at rolla til sentralane er diffus mellom sivil- og offentlege sektor.

Studien byggjer på ei kartlegging av sentralane i Sogn og Fjordane. I tillegg har eg gjort ein kassustudie av tre frivilligsentralar. Samla har eg gjort ni intervju på tre stader i fylket. Studien har tatt sikte på å finne nærare ut om frivilligsentralan denne funksjonen.

Det er særleg to perspektiv som har vore i søkjelyset mitt i denne studien.

Det eine perspektivet rettar seg mot sentralane si verksemd, kva oppgåver dei har.

Funna mine viser at oppgåvene og aktivitetane til frivilligsentralane, er svært varierte på eitt breidt nedslagsfelt. Sentralane framstår som like uavhengig av eigarformer.

Viktige oppgåver og aktivitetar ser ut til å vere innafor helse-, omsorg- og sosialsektoren.

Likevel er det mykje som tyder på at sentralane har ein særleg funksjon retta mot menneske som ikkje deltek i det ordinære samfunns- og organisasjonslivet. Gjennom aktivitetar som mottakar, eller i rolla som frivillig, blir sosial kapital bygd gjennom nettverk og sosiale relasjonar andlet-til-andlet. Slike forhold kan vere med på å styrke livskvaliteten for menneske.

Det andre perspektivet omhandlar dei frivillige i sentralane. Med utgangspunkt i to yttersider, altruisme og eiganytte, har eg søkt å finne deira eigne grunngevingar på engasjementet. Dette spørsmålet er kopla til motivasjonsfaktorar og drivkrefter for å stille opp for andre. Funna mine tyder på at altruisme og eiganytte ikkje står i noko motsett forhold til kvarandre. Dei frivillige har alle utbytte av arbeidet sitt på ulikt vis. Engasjementet er likevel ikkje primært for sin eigen del, men heller retta mot det å kunne få bidra, vere til nytte og glede for andre.

Ingen frivilligsentralar er heilt like. Verksemdene er i stor grad tufta på ulike lokalsamfunn. Men dei har mange like fellestrekk viser studien min. Dei to perspektiva viser to sider av samme sak, frivilligsentralane sine funksjonar ser ut til å ha betydning for både mottakar-, og givarsida.

Abstract

Volunteering has a strong standing in Norway. According to research we are among the best countries in this field. Much of the volunteering takes place through participation in organizations. The work done by voluntary organizations provide three advantages to society: 1) Social integration, 2) strengthening democracy and 3) economic contributions through voluntary efforts.

The voluntary centrals are organizations which act as a local bank between individuals, clubs, organizations and the public. Scholars claim that the role of the centrals is blurred between the civil- and the public sector.

This study rests on a survey of the centrals in Sogn og Fjordane. In addition I have completed case studies of three voluntary centrals. Altogether I completed nine interviews at three different locations in the county. The aim of the study was to explore how the voluntary centrals work.

Two perspectives have guided my study.

The first perspective is to explore the tasks of the centrals. My findings show that the tasks and the activities of the centrals are very diverse. The centrals seem similar independent of owner structure. Important tasks and activities appear to be within the health, care and social sector. However, the centrals seem to have an important task in engaging people who usually don't participate in the ordinary society and the organizational life. In such settings both receivers and volunteers build social capital and face to face relations. Such relations can contribute to strengthen the quality of life for people.

The second perspective is about the volunteers in the centrals. Starting from two extremes, altruism and own utility, I have tried to find out why people are engaged. This has to do with motivation and driving forces. My findings indicate that altruism and own utility are not opposites. The volunteers benefit from their work in different ways. However, they do not primarily engage for their own sake, but to be able to contribute, to be of help and to benefit others.

No two centrals are exactly alike, partly because they are rooted in different communities. However, according to my findings they have many similarities. The two perspectives show two sides of the same coin, the voluntary centrals are important both for the volunteers and the receivers.

Forord

Frivillig sektor er eit stort, spennande og komplekst felt. Eit lokalsamfunn utan frivillig innsats er nesten ikkje råd å førestille seg. Det ville blitt lite *liv* i bygdene trur eg. I denne oppgåva har eg fordjupa meg i eitt smalt felt, frivilligsentralane.

Masterstudie gav meg eit kjærkome avbrekk frå ein travel kvardag. Det tok aldri laust på ”Brudevollen gard”, men det gav meg ein god pause. Gjennom studie stifta eg fleire nye bekjentskapar. Det var mange gode samtalar og eit godt miljø. Vi hadde det ganske så kjekt i alvoret. Takk til dåke alle.

Det siste året med oppgåva har vore krevjande ved sidan av jobb. Det har likevel vore lærerikt. Ei særskilt takk til de som har delt dykkar erfaringar om det frivillige arbeidet. ”Møte mellom mennesker” er frivilligsentralane sitt slagord. Eg har hatt mange fine møter og samtalar med dåke. Tusen takk. Dykkar innsats er prisverdig.

Gjennom skriveprosessen har eg hatt to rettleiarar. Takk til Anne-Sofie Egset, som hjalp meg med å halde humøret oppe. Du hadde heile tida trua på prosjektet mitt. Det styrka også mi tru. Takk til Finn Ove Båtevik som har losa meg i gjennom det siste halve året. Du gav raske svar, både i helg og høgtid. Innspela dine var mange og gode. Takk til kollega Jan for språkvask. Her var litt å ta av. Takk til damene eg deler kontor med, Mette og Leikny. De har heila tida vist interesse for prosjektet, gitt oppmuntring og støtte.

Sist men ikkje minst, takk Sondre, Sunniva og Sigrid. De har støtta meg heile vegen. No blir det fjellturar og besøk av mor i tide- og utide. Takk til deg Sveinung som har halde ut med meg i denne tida. Du har rosa meg og vore pådrivar. Men du forstod også når eit avbrekk var påkrevd. No ser eg fram til kvardagane, til sjølve livet.

Innholdsfortegnelse

1	Innleiing og problemstilling	1
2	Utviklingstrekk i frivillig sektor	8
2.1	Frivillig sektor og samfunnsdeltaking	8
2.2	Frivilligsentralane sin framvekst	10
3	Fagleg og teoretisk bakteppe	14
3.1	Frivilligsentralane si verksemd	15
3.1.1	Sosial kapital	15
3.1.2	Frivillig innsats mellom sektorskilja	17
3.1.3	Studiar på frivilligsentralane	21
3.2	Betydninga av frivillig innsats	26
3.2.1	Enkeltinnsatsen sine ringverknader	26
3.2.2	Altruisme eller eiganytte?	27
4	Metodiske val og refleksjon	33
4.1	Forankring av studien, design og metode	33
4.2	Kartlegging	36
4.2.1	Analyse av kartleggingingsdata	37
4.3	Kasusforskning	38
4.4	Kriterium og utval av kasus	40
4.5	Intervju og transkribering	42
5.6	Analyse av intervju	44
5	Presentasjon av kasus	46
5.1	<i>Ein-til-ein hjelpa er viktig</i>	46
5.2	<i>Middagskøyring er ei stor oppgåve</i>	52
5.3	<i>Kafeane i grendene betyr mykje</i>	59
6	Analyse av kartlegginga	66
6.1	Frivilligsentralane sin aktivitetsprofil	66
7	Drøfting	71
7.1	Frivilligsentralane si verksemd	71
7.2	Nytte og glede går hand i hand	79
8	Avsluttning	84
	Litteraturliste	85

1 Innleiing og problemstilling

Innbyggjarane i Noreg er på verdstoppen i frivillig arbeid. Forskninga på frivilligfeltet syner at vel halvparten bidreg med frivillig arbeid i følgje Kulturdepartementet (2014). Ordet *dugnad* vart kåra til årets ord av folket for ei tid tilbake. Det er kanskje ikkje så rart, sidan mange truleg identifiserer seg med begrepet. I følgje Wollebæk, Selle og Lorentzen (2000, s. 19-23), formidlar dei frivillige organisasjonane tre ulike typar bidrag til samfunnet. Det første bidraget er sosial integrasjon, dei gir sosial tilhøyrse, meining og fellesskapsfølelse. Dernest er organisasjonane viktige bidragsytarar i det demokratiske systemet gjennom meiningsdanning. Til sist, er den frivillige ulønna arbeidsinnsatsen eit viktig økonomisk bidrag til samfunnet. Samla sett kan ein seie at den frivillige innsatsen har ei svært viktig rolle i samfunnet. 1991 var fødselsåret til dei norske frivilligsentralane. Sentrale styresmakter var i stor grad strategisk involvert gjennom målretta styringsdokument og økonomiske tilskot for oppstarten. Kloster, Liden og Lorentzen, (2003, s. 7) hevdar frivilligsentralane har fått aksept som eit viktig tilskot til den offentlege administrerte velferda

Denne masteroppgåva skal handle om frivilligsentralane i Sogn og Fjordane, og det organiserte frivillige arbeidet gjennom denne organisasjonen. Heilt kort, frivilligsentralane er ein stad for menneske som er interessert i frivillig innsats. Det kan vere frivillige, lag- og organisasjonar eller sektorar som har behov for frivillig hjelpeinnsats, eller hjelp til koordinering. Det frivillige arbeidet i frivilligsentralane sin regi er kjenneteikna som innsats utført av eigen fri vilje og utan løn (Wollebæk, Sætrang og Fladme, 2015 s. 18).

Frivillig sektor og frivillig arbeid er noko som har engasjert meg over lengre tid. Både direkte i lags- og organisasjonsarbeid, men og' som dagleg leiar i ein nyoppretta frivilligsentral. Arbeidet var på mange måtar gjevande, særskilt takka vere innbyggjarane sitt engasjement som frivillige. Det var likevel fleire utfordringar eg har reflektert mykje over, og som eg ikkje har fått klare svar på. Eg tykte det var vanskeleg å finne sin *plass* og rolle i lokalsamfunnet. Kva oppgåver skulle sentralen ta på seg? Kven var det naturleg å samarbeide med? Kva oppgåver kunne frivillige ta på seg? Etter alt å dømme er det uklart for fleire enn meg kva frivilligsentralane si rolle er, eller burde vere,

som ein frivillig organisasjon i samfunnet. Lorentzen (2014) seier dette:

Frivilligsentralene er kommet for å bli – uten at det av den grunn er spesielt klart *hva* de skal bli. Til tross for sterk vekst rår det mange uklarheter rundt *hva* som skal være sentralens funksjoner mellom stat og sivilsamfunn. Heller ikke forskningslitteraturen byr på ”grep” som kan fortelle *hva* dette nye, organisatoriske feltet egentlig skal vere godt for. Internasjonal frivilligforskning preges av sektorisme; fenomenar gjerne klassifisert som hjemmehørende i enten offentlig, sivil (frivillig) eller markedssektor. Frivilligsentraler som skjærer på tvers av slike strukturar blir gjerne betraktet som unntak, de faller utenfor opptrukne sektorgrensar og unndrar seg dermed forskernes oppmerksomhet. *Hva* er poenget med frivilligsentraler, og *hva* slags roller skal de påta seg? (s. 5).

I dag er eg ikkje tilsett i frivilligsentralen, men erkjenner at eg ynsker meir kunnskap om frivilligsentralane sin funksjon. Kanskje kan det tenkast at det gjev eit meir tydeleg svar på *kva* rolle dei har? Det er på mange måtar eit ambisiøst prosjekt eg har gitt meg i kast med. Feltet er komplekst, og sentralane framstår som like ulike lokalsamfunna dei opptrer i. Eg meiner det likevel er forsøket verd. Frivilligsentralane er eit spennande felt, og er etter mitt syn i liten grad framme i samfunnsdebatten.

Eit relevant spørsmål ein kan stille seg, er *kva* ein studie på frivilligsentralane skulle vere godt for. Eg meiner det er viktig av fleire omsyn. Det overordna målet med studiet er å auke kunnskapen til sentralane, å få innsikt og ei betre forståing for korleis sentralane fungerer. Frivilligsentralane kan gå ei usikker framtid i møte, og derfor er det viktig å auke innsikta og kunnskapen om sentralane no. Dei har vore i forskarar sitt søkjelys frå oppstarten. Eg håpar dette studiet kan vere eit supplement til eksisterande forskning på feltet. Eg kjenner ikkje til at tilsvarende studie er gjort blant frivilligsentralane i Sogn og Fjordane, og eg tenkjer det må vere på tide. Det kjem stadig nye sentralar til som i stor grad er finansiert av offentlege midlar. Derfor er det legitimt å reise spørsmål om *kva* utbytte samfunnet har av sentralane. Eg vil no presentere ulike innfallsvinklar som argumentar for å sjå nærare på frivilligsentralane.

Strukturelle endringar

Frivilligsentralane har sitt rotfeste i lokal- og nærmiljøa i kommunane. Det er særleg to strukturelle endringar direkte til sentralane som aktualiserer ei uviss framtid for organisasjonen. Som vi kjenner til, er kommunereforma sitt hovudmål å slå saman kommunar til større einingar (Regjeringa 2014). I dagens situasjon råder det uvisse om

kommunegrenser og funksjonar. Det same gjeld truleg for frivilligsentralane. Det ligg ingen garanti for at dei vil satsast på i dei større og meir robuste kommunane.

Tilskotsutbetalinga frå styresmaktene er ei anna endring. I dag får sentralane øymerka tilskot til drift (dagleg leiar si løn) direkte frå staten. I lys av kommunereforma har Stortinget vedteke at kommunane frå neste år skal overta ansvaret. Tilskotet vil her bli integrert i kommunen sitt rammetilskot (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2015, s. 50-51). Det er uvisst om tilskotet vert med same fordelingsnøkkel som i dag. Fleire daglege leiarar fryktar at tilskotet skal smuldre opp, eller forsvinne over tid når tilskotet ikkje lenger vert øymerka. Ei felles fråsegn frå frivilligsentralane i Sogn og Fjordane tar nettopp opp denne problemstillinga (Firda, 2016, s. 17). Her kan ein lese at "Landsorganisasjonen for Frivilligsentralar" fryktar ei rasering av sentalane. Spørsmåla er altså *om* (stor) kommunane vel å satse på sentralane, og på kva måte. Endringar treng ikkje nødvendigvis vere ei ulempe. Det startar gjerne med å finne ut kvar ein står og er, for så å finne ut kor ein skal. Det eg håpar med dette studiet er å finne nærare ut kor sentralane står, og kva dei står *for*.

Andre aktuelle endringar er eldrebølga som er på veg. I dag er ein av ti over 70 år eller meir. Talet på eldre vil stige i åra som kjem (Statistisk Sentralbyrå, 2016). Slik forhold gir auka press på velferdsstaten. Velferdstaten er i endring, mellom anna innanfor helse- og omsorgssektoren kan vi sjå av stortingsmeldinga *Morgondagens omsorg* (Helse- og omsorgsdepartementet 2013). Store oppgåver med fleire omsorgstrengande vil krevje aktivisering av lokalsamfunna sine innbyggjarar. Ressursane til frivillige organisasjonar må derfor vidareutviklast og takast i bruk på nye måtar i eit slikt formål.

Den frivillige arbeidskrafta er allereie etterspurt for å oppretthalde og utvikle velferdsoppgåver i helse- og omsorgssektoren. Som deltakar på «Verdighetskonferansen» i Bergen i 2012, fekk vi høyre døme på frivillige hender til konkrete omsorgsoppgåver for heimebuande døyande mennesker. Prosjektet frå Aust-Agder med finansiell støtte frå Helsedirektoratet, bygde opp eit tilbod med frivillige innan den kommunale heimetenesta (Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester, 2011). Dette meiner eg illustrerer at samarbeidsformene ser ut til å ta nye retningar, kanskje meir formalisert og sterkare enn før.

Organisasjonen «Frivillighet Norge», Kommunens sentralforbund (KS), og Helse- og

omsorgsdepartementet har nyleg utvikla ein strategi for frivillig arbeid på helse- og omsorgsfeltet som talar for at tema er dagsaktuelt (Helse- og omsorgsdepartementet 2015). Denne strategien har som formål å styrke samspel og samarbeidet med frivillig sektor i helse- og omsorgsfeltet. Dette tema gjer meg nyfiken. Er det slik at frivillige har sitt hovudvirke innanfor denne sektoren, og eventuelt kva oppgåver er aktuelle?

Dei frivillige

Sjølv om godt og vel halvparten av befolkninga engasjerer seg i frivillig arbeide, er det skilnader på *kven* dei frivillige er. Aktive menneske med høg sosial status er dei mest aktive innanfor organisasjonslivet, særskilt som frivillige innan kultur og idrett. Dei minst aktive i organisasjonslivet er menneske med låg utdanning, svakast økonomi, låg sosial staus og eldre syner fleire nye studiar (Wollebæk., et al, 2015 s. 86-87; Folkestad, Christensen, Strømsnes & Selle, 2015, s. 55-62). Eg finn det derfor svært interessant å sjå nærare på *kven* dei frivillige i frivilligsentralane er. Kan det tenkast at sentralane har ei særskilt rolle for menneske som av ein eller annan grunn ikkje deltek i det ordinære samfunnslivet?

Nye studier viser at det frivillige engasjementet har endra seg i *korleis* dei frivillige bidreg. Det skal vere avgrensa i tid og oppstår ad hock viser studien til Wollebæk, Selle og Strømsnes (2008, s. 37-49).¹ I praksis kan det bety dei frivillige vel kortare engasjement, og krev ei anna type organisering enn tidlegare. Begge desse synspunkta ynskjer eg meir kunnskap om. Eg ser også motstridande aspekt. På den eine sida er det frivillige engasjementet i endring, samstundes er det fleire signal på auka offentleg behov. Ein kan derfor stille spørsmål om kva som er motivasjonsfaktorar, og kva som er drivkrafta bak engasjementet. Dette er noko eg ønskjer å belyse i studien. Interesse for *kvi*for menneske engasjere seg i frivillig arbeid synest aukande.

Eg har no peika på ulike perspektiv som aktualiserer denne studien på frivilligsentralane. Eg har streva med å finne ei problemstilling som femnar om dei ulike innfallsvinklane eg ynskjer å belyse. Eg valde derfor ei opa problemstilling som femnar om perspektiv som tek opp to sider ved aktiviteten til sentralane. I forskingsspørsmåla kjem dei ulike perspektiva fram.

¹ Latinsk begrep som betyr "til dette formålet", vert brukt om noko vi gjer ein gang, eller i spesielle tilfeller (Store Norske Leksikon).

Problemstillinga mi er:

Kva funksjon har frivilligsentralane for ulike grupper i lokalsamfunna?

Forskingsspørsmåla mine er:

1. Kva sentrale oppgåver utfører sentralane ?
2. Korleis grunngir dei frivillige engasjementet sitt?

Ingen frivilligsentralar er heilt like, dei er forma av omgjevnadane på det lokale planet dei høyrer til, i lokalsamfunna. Slik eg kjenner sentralane, gjer dei eit viktig samfunnsarbeide, men vanskeleg å få *has* på. Slagordet til sentralane, *møte mellom menneske*, gjer ei forståing av sosiale relasjonar, kanskje ikkje så mykje meir. Eg ynskjer difor rette søkjelyset mot verksemda til sentralane. Det overordna målet med studien er å få svar på om sentralane har ein særleg funksjon til menneske som på ulikt vis er tilknytt den. Eg nyttar omgrepet *grupper* i problemstillinga. Frivilligsentralane sjølve har meir eller mindre gått vekk frå ei slik gruppering av menneske. Når eg likevel har valt å bruke ”gruppe”, handlar det ikkje om særlege merkelappar, men tilnærma like eigenskapar.

Med første forskingsspørsmål søkjer eg innsikt og kunnskap om sentrale oppgåver frivilligsentralane engasjerar seg i. Innsikt på dette området meiner eg vil gi ein viktig peikepinn på kva funksjon sentralane har. Oppgåvene heng og’saman med kva arena sentralane har tilgjenge i. Det er i denne samanhengen naturleg å sjå nærare på kven sentralane samarbeider med, og kva målgrupper aktivitetane rettar seg mot.

Frivilligsentralane har ulike former for eigarskap. Eg håpar derfor å få fram likskapar eller skilnader i eigarformene. Dette forskingsspørsmålet er gitt størst plass i oppgåva.

Andre forskingsspørsmål omhandlar dei frivillige. Eg søkjer å finne ut korleis dei frivillige sjølve grunngir engasjementet sitt. Dette spørsmålet handlar om motivasjon og drivkrefter for å engasjere seg for andre. Handlar engasjementet om ei genuint interesse i å hjelpe andre, eller kan det tenkast ein har eigne motiv for å bidra? Å få auka innsikt i kvifor frivillige engasjerer seg, handlar om å utvide kunnskapen på området. Det er trass alt dei frivillige som dannar ein sterk grunnmur i frivilligsentralane, og i den frivillige sektoren generelt.

Målet med denne studien er å finne nærmare ut om kva funksjon frivilligsentralane har for ulike grupper i lokalsamfunna gjennom eit nærbilete til feltet. Den omhandlar soleis sentralane sine oppgåver og dei frivillige sin grunnnivnad for å stille opp for andre. Perspektivet er på den eine sida sentralane sin utøvande funksjon, og på den andre sida retta mot dei frivillige sjølve. Eg er klår over att perspektiva kan gå over i kvarandre. Eg har valt teori som eg meiner femner om begge perspektiva, men det var ikkje enkle val då det er ganske store og komplekse spørsmål, med mange relevante overgangar og samanhengar.

Frivilligsentralane som eg studerer, omtalar eg som heimehøyrande i frivillig sektor, sjølv om denne plasseringa av sentralane er omdiskutert. Det er sentralane i Sogn og Fjordane som dannar kjelde til informasjon og kunnskap. Eg har studert tre kasus der eg har gjort ni kvalitative intervju. I tillegg har eg gjort ei kartlegging som omfattar dei 16 sentralane i fylket.² Nokre frivilligsentralar nyttar namnet ”nærmiljøsentral”. Eg har valt å tematisere alle under samma navn, frivilligsentralar. Både ”daglege leiarar” og ”leiarar” blir nytta for den som drifrar sentralane. Eg finn det det naturleg å samanlikna mine funn med nasjonal forskning på same feltet, for å sjå om ein kan trekke parallelar. Sidan eg har relativt god kjennskap til frivilligsentralane i Sogn og Fjordane, knytter det seg naturleg nok fleire aspekt relatert til førkunnskap og førforståing av feltet eg studerer. Det handlar og i stor grad om mine forventningar til studien. Eg vil her kort synleggjere slike moment både for min eigen del og til nytte for lesaren.

Slik eg kjenner verksemda til frivilligsentralane, bidreg dei med viktige oppgåver i lokalsamfunna. På fleire områder verkar dei like, dei er utadretta mot ulike målgrupper. Eg forventar likevel å finne skilnad mellom sentralar som er eigd av kommunane og dei som har sivile eigarform. Eg trur dei kommunalt eigde sentralane har fleire oppgåver innretta mot den kommunale sfæren enn det sivile sentralar har.

Eg har erfart at sosiale media har vore nyttig som informasjonskanal til nyhende på feltet, og meir for daglegdagse gjeremål. Fleire frivilligsentralar, «Frivillighet Norge» og Institutt for samfunnsforskning nyttar mellom anna facebook som informasjonskanal. Eg har vore ”fluge på veggen” til nettverksida for daglege leiarar. Det er også mange

² Antal sentralar ved årskiftet 2014. Det er komen til to sentralar i 2015 og 2016. Antalet i dag er 18 sentralar i Sogn og Fjordane fordelt på 26 kommunar. Departementet har ein sentral til på lista, denne er lagt ned.

sentralar som har eiga internettside. Årsmeldingar og kommunale dokument har vore nyttig lesnad, men i mindre grad nytta i studiet. Litteratursøk er vesentleg gjort i Bibsys (Oria). Søkeordet «frivillig» og ”frivillig sektor” gav svært mange treff, frå 300 til 3500. Ved å begrense søkeordet til ”frivillighetssentraler” gav det 38 treff i Bibsys. Noko av denne litteraturen fann eg relevante med omsyn til oppgåva si problemstilling. Likeins har søk i ”Institutt for Samfunnsforskning” og ”senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor” gitt nyttig oversikt over forskninga på feltet. Ein del av denne forskninga har eg nytta i studiet. Det er Institutt for Samfunnsforskning som har hatt oppdraga med å evaluere frivilligsentralane frå oppstarten. Her har Håkon Lorentzen vore ein sentral bidragsytar.

Oppbygging av oppgåva

Oppgåva er bygd opp rundt sju kapittel, kor dette er første innleiande kapittel. Kapittel 2 har to delar. I første del presenterar eg nøkkeltal på frivillig sektor, deretter frivilligsentralane sin framvekst. Det teoretisk fundamentet som oppgåva legg til grunn, kjem i kapittel 3. I kapittel 4, metodiske val og avgrensingar, vil eg gjere reie for den samfunnsvitenskapelege metodikken som oppgåva er bygd på. Presentasjon av kasus, dei tre frivilligsentralane kjem i kapittel 5. I kapittel 6 behandlar eg emperi og analyse av datamaterialet, før kapittel 7, som er diskusjonen. Den endelege avrundinga kjem i kapittel 8.

2 Utviklingstrekk i frivillig sektor

Denne delen av oppgåva er ei framstilling og skildring av den generelle frivillige sektoren og framveksten til frivilligsentralane. Eg meiner denne informasjonen dannar eit viktig bakteppe over sentrale utviklingstrekk i sektoren, og for organisasjonen eg studerer. Første del omhandlar nøkkeltal over nordmenn sitt engasjement i frivillig arbeid. Neste del dreiar seg om frivilligsentralane. Eg ser her nærare på måla for oppstarten, og dei sentrale trekka fram til i dag.

2.1 Frivillig sektor og samfunnsdeltaking

Nordmenn er aktive i den frivillige fronten syner fleire studiar på samfunnsdeltaking. I følgje Levekårsundersøkinga frå 2014 (Statistisk Sentralbyrå 2015) er åtte av ti nordmenn medlem av minst ein organisasjon. Slike organisasjonar femnar om fagforeiningar, politiske parti, ideelle organisasjonar og organisasjonar for fritid. Ein av fire er medlem i ein idrettsorganisasjon. Dernest kjem kultur og andre fritidsaktivitetar. Nær halvparten ser seg sjølve som *aktive* medlemmar i ein organisasjon. Statistikken viser at medlemstala og aktivitetsgraden i ulike organisasjonstypar aukar for dei yrkesaktive og for dei med universitet- og høgskuleutdanning. Dei minst aktive er menneske som står utanfor yrkeslivet, uføre og arbeidsledige, og einslege over 60 år.

Ein ny studie viser at innvandrarar deltek som frivillige på linje med befolkninga i Noreg. Samtidig er det mykje som tyder på at innvandarane representerar eit ”elitevalget”. Det er unge med høg utdanning og lang butid i Noreg (Eimhjellen, 2016, s. 46-47).³ I følgje Stortingsmeldinga *Frivillighet for alle* er dei frivillige i frivilligsentralane viser dei er flest trygda, arbeidsledige, heimeverande og eldre over 60 år. Det er menneske som fell utanfor det som er karakterisert som tradisjonelt organisasjonsliv (Kultur- og kirke departementet 2007, s 203-204.).

Den frivillige innsatsen gjennom organisasjonsdeltaking viser seg i aktivitetsgraden for gruppene. Dei som bidreg mest med frivillig innsats er barnefamiljar, yrkesaktive og studentar. Minst bidreg einslege over 66 år, uføre, pensjonistar og arbeidsledige syner levekårsundersøkinga (Statistisk Sentralbyrå 2015). Dei kjem likevel godt ut når dei først bidreg. Dei utfører 40 timar meir enn gjennomsnittet av befolkninga. Når dei først

³ Studien har fleire metodiske utfordringar som gjer resultatet usikkert.

deltek, så deltek dei altså mest. ”Frivillighet Norge” stipulere den frivillige arbeidsinnsatsen i 2013 til nærare 140 000 fulltidsårsverk fordelt på vel 100 000 lag- og organisasjonar. Idrett- og sportorganisasjonar femnar flest frivillige, deretter organisasjonar som knytter til seg fritid, hobby og nærmiljø (Frivillighet Norge, 2015).

Arnesen, Folkestad og Gjerde, (2013, s. 9-21) har studert frivillig innsats i Norden, som kan vere relevant å sjå den norske innsatsen i lys av. Studien omhandlar frivillig deltaking og sosiale variablar i dei nordiske landa frå 2002-2011. I dei nordiske landa utfører rundt 40% av befolkninga frivillig arbeide. Det er dobbelt så høg deltaking som tilsvarande undersøkingar for Europa. Noreg kjem i denne undersøkinga etter både Sverige og Island. Lægst oppslutnad finn ein i Finland. Studien sler fast at det er individuelle særtrekk ved dei ulike landa, men det er likskapen som pregar det store bilete. Noreg skil seg vesentleg ut frå dei andre landa ved at det er dei ressurssterke (her eksempelvis høg utdanning) som er mest aktive. Slike faktorar er i samanheng med sosiale skilnader. Studien syner at nordmenn sin sosiale bakgrunn i sterkare grad påverkar deltakingsmønsteret enn i dei andre landa. Med andre ord, det er ei større sosial skeivfordeling mellom dei som er frivillige i Noreg, enn dei som ikkje deltar samanlikna med dei andre nordiske landa.

Enjolras og Wollebæk (2010, s. 24-31) har mykje lik konklusjon. Dei hevdar dei sosiale skilnadane i Noreg er særleg stor samanlikna med Sverige. Det er innafør greinene idrett, trim, kultur og fritid ein finn størst skilnader. Høg inntekt er særleg tydeleg innafør idrettsfeltet. Dei hevdar utviklinga mellom 1990 og 2007 viser aukande skilnader blant grupper som deltek i idrettslag når det gjeld helsetilstand. I aukande grad er fysisk aktivitet for rike og friske menneske.

Denne framstillinga gir eit bilete av skilnader i organisasjonsmedlemskap og frivillig innsats i befolkninga. I dette bilete, er riktignok nordmenn av dei beste på feltet, men fleirtalet er menneske med god økonomi, høg utdanning, fast arbeide og barnefamiljar. I følgje studiar er det grunn til å tru at dette er mennesker med relativt gode sosiale ressursar. På motsett skala, finn vi menneske utan arbeide, eldre/pensjonistar, uføre og arbeidsledige, altså menneske med mindre sosiale ressursar. Dette er menneske som er dei mest aktive som frivillige i sentralane viser studiar. Det kan derfor tyde på at sentralane har ein særleg funksjon for menneske som av ulike årsakar er på utsida i av det tradisjonelle samfunns- og organisasjonslivet. Det å stå utan for arbeidslivet kan til

dømes gi tap av roller og nettverk. Kanskje er det slik at sentralane erstattar ulike positive verknader som arbeidslivet gjerne gir. Sosiale relasjonar, nettverk og det å føle seg verdsett kan vere dømer på det. Dersom det er slik, vil det seie at sentralane har ein sekundær verdi utover sjølve den innsatsen som blir generert på samfunnsfeltet.

2.2 Frivilligsentralane sin framvekst

I 2016 er det 419 sentralar fordelt på 320 kommunar i landet. Av desse ligg 18 sentralar i Sogn og Fjordane. Frivilligsentralane har vore gjenstand for sektorskilje og ulike strukturelle endringar. Eg vil no presentere viktige utviklingstrekk. Frivilligsentralane sitt overordna formål er å vere ein lokal forankra møteplass open for alle som har lyst og interessert i frivillig arbeid. Sentralen skal utviklast av dei menneska som er knytt til sentralen, og skal vidare vere eit kraftsenter og kontaktpunkt for menneske, lag- og foreiningar og det offentlege (Regjeringa 2010, retningslinjer for frivilligsentralar/nærmiljsentralar, vedlegg 1). I praksis vil det seie at sentralane formidlar kontakt med tradisjonelle frivillige aktørar, og er eit senter for kreative og nye former for frivillig arbeid (Norges Frivilligsentraler 2015). Frivilligsentralane fungerer altså som lokale bankar for frivillig arbeid, der ein kan melde seg til ulike typar oppgåver. Sentralane er også ein innstans som behova kan meldast inn til, og vidare koordinast til samarbeidspartnarar og frivillige.

I følgje Lorentzen, Andersen, og Brekke, (1994, s. 9-25) og Lorentzen, (2012, s. 5-19) starta dei norske frivilligsentralane si historie starta i 1991. Ideen til frivilligsentralen som ein lokal samlingsstad for frivillige aktivitetar og menneske, vart henta utafør dei norske landegrensene. I England dukka sentralane, «volunteer bureaux», opp i 1960-åra. I Tyskland finn ein liknande konstruksjonar frå 1980, og i Danmark og Finland blei dei første sentralane etablert rundt 1990. Under velferdsstaten i Norge sin ekspansjonsperiode på 1970 og 1980- talet var det vanskeleg å spore noko særskilt offentleg interesse for frivillig innsats som velferdsressurs. Statlege midlar var tilstrekkelege for å møte nye sosiale problem med auka offentleg innsats. Endring i interessa kom på slutten av 1980-talet, då det blei tydeleg at velferdsstaten sine ressursar ikkje var uuttømmeleg. Det vart også klart at det offentlege velferdsapparatet ikkje kunne ta på seg ansvaret for alle problema til individa. Mange såg i tillegg at hjelpeapparatet var begrensa. Dette handla ikkje berre om ressursmangel. For eksempel

meinte ein at einsemd og sosial isolasjon var knytt til omgrep som meining, tilhøyrse og sosiale fellesskap. Slike funksjonar som blir skapt innanfor sivilsamfunn, der styresmaktene har ei rolle som tilretteleggar. Ideen om lokale frivilligsentralar i Norge starta i 1990. Årsaka var eit politisk ønskje om å stimulere frivillig sektor til ny innsats på sosiale område. I 1988 kom den første store utgreiinga om det frivillige feltet. I NOU "Frivillige organisasjonar", viser Finans- og tolldepartementet til følgjande utfordringar;

Det ligger en stor utfordring i å utforme en politikk som både bedrer de offentlige velferdsordningene, og samtidig styrker grunnlaget for den velferden som skapes utenfor den offentlige sektoren (s. 17).

I realiteten blei det ikkje politisk handling, noko som førte til frustrasjon i organisasjons-Noreg. For å komme organisasjonane i møte bestemte sosialminister Wenche Frogn Sellæg å arrangere ein idedugnad i 1990. Dei store sosiale- og humanitære organisasjonane var invitert til å presentere tankar om korleis dei kunne bidra til å løyse framtida sine omsorgsoppgåver. Meininga var å fange opp menneske som ønska å gjere ein frivillig innsats, for så å kanalisere dei vidare til allereie eksisterande organisasjonar. Våren 1991 blei midlane lyst ut. Utlysningsteksten framheva tiltaket skulle vere eit forsøk til praktiske modellar for mobilisering av frivillige, i hovudsak innanfor omsorgssektoren. Vidare var det eit ønskje at sentralane, og' kalla formidlingskontor, skulle vere eit bindeledd mellom frivillige, frivillige organisasjonar, og dei som hadde behov for tenester eller oppgåver. Den finansielle støtta skulle gå til lønn for dagleg leiar. Av 285 søknader innvilga departementet støtte til 96 sentralar hausten 1991.

Ideen med å styrke lokale foreiningar sin innsats på det sosiale området, førte til at sentralane hamna på utsida av det ordinære lags- og foreiningslivet. Mange av sentralane knytta nære band til kommunale oppgåveløysarar, og enda opp med eit kommunalt preg. Vel halvparten av dei dagleg leiarane var dessutan rekrutterte frå kommunale stillingar, noko som styrka dei offentlege banda. Forsøksmidlane skulle i hovudsak brukast til ny verksemd. Dei kunne soleis ikkje nyttast innafor rāmene av eksisterande aktivitetar. I praksis betydde det at sentralen sitt virke blei i liten grad integrert i lag med det som allereie eksisterte av frivillige tiltak. Etter at den treårige forsøksperioden var avslutta i 1994, bestemte regjeringa å avslutte forsøket og legge ned sentralane.

Denne avgjersla vart seinare omgjort av Stortinget, som i 1995 ville vidareføre ordninga. Sidan har talet stege frå 96 sentralar i forsøket (nokre nedlagt i perioden), til 419 sentralar i 2016. Vidareføringa til sentralane skulle skje med blanding av statlege og lokale midlar, men utan vesentlege endringar i kursen. I 2016 vert sentralane finansiert med 60 % statstilskot, og 40 % lokale midlar, i all hovudsak kommunale tilskot. Midlane skal uavkorta gå til dagleg leiar si løn.

Ansaret for frivilligsentralane vart i 2004 flytta frå Sosialdepartementet, til Kirke- og kulturdepartementet (Kkd). I Kkd blei det oppretta ei eiga avdeling som skulle ha det overordna ansvaret for statleg frivilligpolitikk. Samarbeidsorganet FRISAM, som hadde det administrative ansvaret for sentralane vart soleis avvikla. Samstundes som Kkd overtok ansvaret for frivilligsentralane, vart organisasjonen ”Frivillighet Norge” oppretta som ein nasjonal interesseorganisasjon for frivillig sektor. Her kan sentralar med sivile eigarformer som foreiningar, stiftingar og samverke melde seg inn. Denne mogelegheita har ikkje kommunale sentralar.

Kursen vidare underlagt Kkd, bana veg for ei ny spissing av retninga til sentralane i 2006-2007. No blei sentralane kopla frå det sosiale feltet, og regjeringa sitt mål var å utvikle ”sektorovergripende nærmiljøsentraler” med stor breidde. No skulle kultur- og fritidstiltak vere like sentralt som sosiale tiltak. Sentralane skulle vere eit koordinerande ledd mellom frivillige organisasjonar og mellom det frivillige og det offentlege, altså både vere pådrivar og samarbeidspartnar (Lorentzen et al., 1994, s. 9-25; Lorentzen, 2012, s. 5-19). Denne tanken viser att i retningslinjene for frivilligsentralane som vart revidert i 2010. I følgje departementet, no Kulturdepartementet (Kud), er det gjort fleire grep. Rapporterte frivillige timar, eller årsverk er fjerna som krav. Tidlegare måtte aktiviteten utløyse minst to årsverk, eller 3400 timar om dagleg leiar var i full stilling. Departementet krev som før, ein årsrapport over drift og aktivitet, samt rekneskap.

Sentralane har ulike eigarformer, desse kan plasserast i tre grupper seier Lorentzen (2014, s. 2-3). Gruppene er ”frivillig” eigarskap (foreiningar), kommunal og den siste gruppa er stifting/uavhengig eigarform (menighet, andelslag med fleire). Ved oppstarten var eigarforma likt fordelt mellom gruppene. I dag er nesten halvparten av sentralane eigd av kommunar. I den andre parten finn vi i dag flest stiftingar, altså ei sivil og uavhengig eigarform.

Som vi har sett av framstillinga, har frivilligsentralane gjennom 25 år hatt ein noko uavklart rolle, der dei overordna måla har endra seg i takt med departementskifta. Frå å vere kommunale oppgåveløysarar sentrert rundt sosiale og omsorgsoppgåver, er fokuset i dag kultur, og ein sektorovergripande funksjon der koordinering er sentralt.

Informasjonen som kjem fram her, meiner eg er naudsynt for å forstå korleis enkelte rammer regulerer sentralane sine verksemdar. Eit sentralt spørsmål i denne studien er å finne nærare ut om sentralane sine oppgåver og aktivitetar. Kor vidt sentralane har tilpassa verksemdene etter kursendringa, er ikkje det primære hovudfokuset i oppgåva. Men det er kontekst som påverkar sentralen si verksemd.

3 Fagleg og teoretisk bakteppe

Teori byggjer på systematisk refleksjon over samfunnsforhold seier Grønmo, (2004, s. 34). Teori består av begrep og relasjonar, og samanhengen mellom dei. Den teoretiske referanseramma kan vere bestemt på førehand, eller utviklast undervegs (Malterud 2011, s. 42). For min del blei det ein kombinasjon. Det danna seg tidleg naturlege relevante teoriperspektiv. Andre teoriar kom til undervegs gjennom analyse av datamaterialet. Dette kapittelet omhandlar både faglege og teoretiske perspektiv. Dei faglege perspektiva er i stor grad knytt til frivilligsentralane si verksemd. Sjølv om dei ulike perspektiva er adskilt i forskingsspørsmåla, vil dei likevel vere overlappende i like tema.

Eg har to forskingsspørsmål eg søker svar på i studien. Første spørsmål dreiar seg om sentralane si verksemd, kva oppgåver dei utfører. Dette spørsmålet er retta på organisasjonsnivået, på mesoplanet. Det som skjer her kan ikkje sjåast adskilt frå samfunnsnivået, på makroplan. Økonomisk tilskot, retningslinjer og kontroll er døme på strukturelle rammer som har betydning for frivilligsentralane si verksemd. Første del i teorikapittelet er retta mot første forskarspørsmål. Dette kapittelet omhandlar både faglege og teoretiske perspektiv. Dei faglege perspektiva er i stor grad knytt til frivilligsentralane si verksemd. Eg har her valt å ta med studier som eg finn relevante i forhold til mi tilnærming. Eg vil her kunne samanlikne mine funn med studiar på feltet. Anna teori dannar bakteppet for meir prinsipielle spørsmål som er ei viktig ramme til å forstå og tolke funna.

Det andre forskingsspørsmålet mitt dreiar seg om dei frivillige i sentralane på individnivå. Eg søker her svar på korleis dei grunngir sitt engasjement for å stille opp for andre. Eg vil her sjå nærare på det frivillige engasjementet og generelle positive verknader frivillig arbeide har. Til sist ser eg nærare på motiv og drivkrefter for å engasjere seg i frivillig arbeid. Dei tre informantane sine eigne forteljingar og erfaringar står her sentralt.

3.1 Frivilligsentralane si verksemd

Eg starar med teorien om sosial kapital. Denne teorien finn eg fruktbar fordi den den påpeikar forholdet mellom individa, i relasjon til andre i medborgarskap og til det beste for samfunnet. Det er det frivillig arbeide i stor grad handlar om. Eg finn denne teorien særleg interessant i forhold til dei frivillige og målgrupper som sentralane engasjerar seg i. Som vi har sett, er det mykje som kan tyde på at det er mennesker med låg deltaking på andre område. I neste del vil eg sjå nærare på frivillig sektor mellom ulike sektorskilje vesentleg på strukturnivå. Det er viktig å presisere at denne studien ikkje tar sikte på å oppklare forholdet mellom frivilligsentralane og det offentlege. Men teori på området kan forklare og beskrive forholda mellom sektorskilja som eg meiner gir ei viktig innsikt i slike spørsmål. Knytt til min studie heng spørsmålet mellom anna saman med sentralane si verksemd. Del tre er studiar på frivilligsentralane. Seinare i oppgåva vil forskninga på feltet samanliknast med mitt datamateriale.

3.1.1 Sosial kapital

Sosial kapital handlar om tillit mellom menneske, sosiale nettverk og normer for gjensidigheit og samarbeid. Fleire som har studert frivillig sektor har kopla sosial kapital til dette feltet. Eg vel derfor å sjå nærmare på denne teorien. Sosial kapital vert hevda å gje ein innfallsvinkel til spørsmåla om kvifor menneske brukar tid på dugnad, frivillig arbeid og generelt er til å stole på. Sosial kapital utgjer ressursar som kan føre til at samarbeid går meir knirkefritt, og at oppgåvene i samfunnet blir enklare å få utført. Sosial kapital verkar som smøreolje i samfunnsmaskineriet, og fremjar samarbeid og måloppnåing i følgje Norges Forskningsråd (2005, s. 9-11).

I litteraturen om sosial kapital er det vanleg å skilje mellom tre former for sosial kapital; *bonding*, *bridging* og *linking*. Banda (*bonding*) knytter individa til kvarandre gjennom felles forsterkande identitet og solidariske band. Eksempel på slike band er familie, nære vener og etniske samanslutningar. Menneske utanfor gruppa blir ekskluderte i denne forma for sosial kapital. Bruer (*bridging*) verkar utadretta og integrerande ved å knytte saman individ på tvers av grupper og identitet. Denne forma opnar opp for at alle kan delta i ulike samfunnsarena. Eksempel på bruer er ungdom- og medlemsforeiningar.

Lenker (linking) koplur individa på tvers av sosiale og institusjonelle hierarki, og gjev individa sosial og politisk verknad (Enjolras og Wollebæk, 2010, s. 10; Putnam, 2000, s. 22-24).

Putnam (2000), fekk stor merksemd med boka "Bowling alone". I boka peikar han på forfallstendensen i det amerikanske samfunnet. Den jamne amerikaner engasjerer seg i mindre grad i samfunnsliv, politikk og frivillige organisasjonar. Dei har mindre kontakt med naboar og vener i form av sosiale relasjonar. Putnam hevdar fleire amerikanarar har meir mistru til sine medborgarar enn det som var tilfelle før. Han seier slike eksempel signaliserer ein markant nedgang i den sosiale kapitalen. "Bowling alone" står som symbolet på at fleire og fleire amerikanarar spelar bowling, medan medlemskapa i organiserte bowlingklubbar går ned. Den einsame bowlaren, eller *solobowlaren*, er derfor sjølve symbolet på forfallet i det amerikanske samfunnet.

Putnam legg særleg vekt på organisasjonar som fremjar medlemskap uavhengig av politisk ståstad. Slike dømer er sangkor, idrettsforeiningar og hobbyklubbar.

Frivilligsentralane inngår i dette bilete. I slike typar frivillige organisasjonar møter ein andre menneske og prøver å få til noko i fellesskap. Slikt fellesskap bidreg til sosial tillit, som er ein viktig føresetnad for samarbeidet mellom menneske. Slikt samarbeid fremjar eit velfungerande samfunn tufta på eit felles bidrag (Putnam, 2000, s. 58-59). Wollebæk og Selle (2004, s. 45) delar tildels Putnam sitt syn. Dei hevdar sosial kapital leiar til samfunnsutvikling og gjev eit heilheitleg bilete av kva som pregar utviklinga. Dei hevdar Putnam framhevar dei kollektive perspektiva i sosial kapital. Fokuset er ikkje retta mot individuelle fordelar, men tvert om, å få kollektive handling til å fungere. Det er heller ikkje bevisste investeringar, men daglegdagse sosiale aktivitetar.

Sosial kapital har sitt opphav mellom anna til Bourdieu. Han sitt syn på sosial kapital skil seg frå Putnam. I følgje hans teori er sosial kapital noko enkeltindivida kan bygge opp, halde for seg sjølv og bruke til å fremje egne interesser. Bourdieu har eit individorientert perspektiv på sosial kapital, noko han er blitt kritisert for. Han viser til fleire former for kapital, som den økonomiske, kulturelle og den sosiale. I Bourdieu sitt bilete gjev kapital innverknad og makt på feltet. Sosial kapital består av tilgang til sosiale nettverk og medlemskap i grupper som familie, kollegaer, medstudentar og frivillige organisasjonar. I følgje Bourdieu, gjev sosial kapital makt fordi nettverka kan mobiliserast som eit uttrykk for å oppnå noko for seg sjølv, i sine egne interesser. I dette

bilde gir sosial kapital tilgang til visse sosiale kretsar, som igjen gir kulturell status. Menneska handlar altså utifrå å ivareta egne interesser, ikkje fordi dei har integrerte verdiar og normer som forpliktar dei på bestemte moralske ideal. Menneske følgjer altså samfunna sine normer, fordi dei sjølve har noko å tene på det (Bourdieu og Wasquant 199, s. 100-109; Aakvaag, 2012, s. 151-161).

Ei fjerde kapitalform er den symbolske kapitalen. Heggen (2007, s. 77-79) betraktar denne kapitalforma i høve til omgrepet meistring. Det handlar om kva ressursar som finst i samspelet mellom, eller i relasjonen til omverda. Han viser til Bourdieu sin teori om symbolsk kapital. Denne forma for kapital dreiar seg om godkjenning eller verdsetting av handlingar eller kjenneteikn ved ein person eller gruppe. Denne verdsettinga utgjer den symbolske kapitalforma. Den symbolske kapitalforma føreset eit samspel med andre at det eksisterer ein marknad, menneske som er i stand til å oppfatte uttrykket eller handlemåten som ein verdi. I lys av meistring og kapitalomgrepet kan meistring her forståast gjennom relasjonar og samspel med andre. Kapital er i denne tydinga ikkje noko individet har, men noko som blir skapt og skapt på ny mellom relasjonar ved sosial og symbolsk kapital. Det er relasjonane som dannar sjølve den sosiale kapitalen og mogleggjer den symbolske kapitalen, og dermed gjer meistring mogeleg.

3.1.2 Frivillig innsats mellom sektorskilja

Denne delen inneheld ulike teoretiske perspektiv på frivillig innsats mellom den private sfæren og offentleg forvaltning. Eg meiner ulike innfallsvinklar på sektorskilje, eller sektorovergangar er viktige for å belyse kva diskusjonen på området dreiar seg om. Dette kan auke kunnskapen om at frivillig sektor ikkje opererer i ein eigen avgrensa sektor, men er påverka av andre samfunnskrefter som det offentlege. Frivilligsentralane har band til det offentlege, og har soleis kanskje forventningar dei skal innfri. Dette er eit av spørsmåla eg søkjer svar på i denne studien.

Lokalsamfunna ville blitt mykje fattigare utan folk sitt frivillige innsats hevdar Østeraas (2002, s. 11,13-31). Han legg til at det frivillige livet sine bidrag ikkje kan bestillast, og det kan heller ikkje framkallast ved hjelp av kommunale planar. Frivillig innsats er eit resultat fordi folk stiller opp for det dei sjølv ser som felles beste, og gir positive ringverknader i lokalsamfunna. Floraen av frivillige organisasjonar endrar seg. Nokre

organisasjonar er vekke, men fleire kjem til. I følge stortingsmeldinga *frivillighet for alle* (Kultur- og kirkedepartementet, 2007, s. 23-24), har frivillige organisasjonar og ulike former for frivillig arbeid lange tradisjonar i Noreg. Enkelte organisasjonar har sitt opphav tilbake til midten av 1800-talet. Ulike samanslutningar blei først og fremst danna ut i frå avhalds-, misjons- og arbeidarrørsla. Det eksisterte også organisasjonar innanfor felt som kampen om fattigdom, folkeopplysning, kulturminnevern og friluftsliv. I mangel på statlige velferdsordningar og offentlege hjelpetiltak som i helse-, sosial- og omsorgssektoren, tok borgarane sjølv ansvaret for sjuke, eldre og fattige til over 1900-talet. Legdeordninga vart først avvikla i 1900, same året som fattiglova vart vedteke. Kommunane fekk no plikt til å hjelpe borgarane. Kristne organisasjonar var blant dei første til å gjere noko med den menneskelege nauda, og var dei første til å bygge egne hus for fattige og eldre. Dette kan illustrere at menneska har teke ansvar for seg sjølv, men i stor grad også for andre.

Den moderne velferdsstaten sin framvekst førte til grunnleggande endringar i forholdet mellom staten og organisasjonane står det i Stortingsmeldinga, *Om statens forhold til frivillige organisasjoner* (Kulturdepartementet, 1997, s. 23-34). Det offentlege ansvarsområdet vart derfor i stor grad utvida og gradvis flytta seg over på område der dei frivillige organisasjonane hadde dominert. Særleg vart dette merkbar i helse- og sosialfeltet, barn og ungdom sitt oppvekstmiljø, kultur- og fritidsfeltet og friluftsliv og naturvern. På slutten av 1980-åra blei det derimot klart at velferdsstaten sine ressursar var begrensa. Det var som tidlegare nemnt i denne tida frivilligsentralane vart etablert for å komme behova i møte.

Frivilligsentralane plasserer seg mellom offentlig og privat sektor, i den frivillige sektoren. Det er likevel ei usemje blandt samfunnsdebatantane i kva grad dette er rett. Eg har ikkje ambisjonar om å finne løysing på spørsmålet. Eg vil heller sjå til ulike sider av denne usemja. Sivilsamfunnet omfattar samanslutningar mellom stat, marknad og familie som hovudaktørar i samfunnet. Dei sivile organisasjonane er ein del av sivilsamfunnet, og har ei viktig samfunnsrolle seier Habermas (1999, s. 73-74). I sivilsamfunnet blir problema løfta ut av den private arena til den offentlege. Problema vert diskutert, og det fører til politiske løysingar. Dette er bærnde element i eit velfungerande demokrati. Wollebæk et al., (2008, s. 9-10), stettar dette synet men framhevar også ei anna retning i sivilsamfunnsperspektivet. Denne retninga legg vekt på

organisasjonane si betydning for å sikre fellesskap, tilhøyrslø og sosial integrering.

Frivilligsentralen skal vere ein lokalt forankra møteplass for menneske som ønskjer vere frivillig og skal utviklast av menneska som er tilknytta den som det står i retningslinjene. Frivillig innsats er så mangt seier Repstad (1998, s. 13-16) i jakta på det frivillige sine eigenart. Mange vil truleg assosiere omgrepet med innsats for andre menneske, fråvær av tvang, ideelle motiv og ei fråkobling frå det offentlege. Han meiner dette er førestillingar som spelar ei ganske sterk rolle i den politiske omtala av frivillig sektor. Skulle ein i framtida til dømes bygge ned den offentlege velferdsstaten og erstatte den med frivillig velferdsproduksjon, ville ein kunne få fleire typar problem. Som til dømes problem på kvalitet-, kapasitet-, fordeling- og rettsikkerheitssida. Dei tre sektorane, stat, marked og frivillig sektor har ofte idealtypiske kjenneteikn, der frivillig sektor er prega av solidaritet og altruisme⁴. Repstad fortel vidare at offentleg sektor er prega av regelstyrte handlingar og avgrensa involvering, medan marnadssektoren er prega av handlingar som er kalkulerande og instrumentell egoisme. Han hevdar at ein truleg vil finne ein frodig krattskog av blanda handlingstypar i alle dei tre sektorane.

Kuhnle og Selle (1990, s. 162-182) viser til to dimensjonar på frivillig sektor. Den eine dreiar seg om kor mykje kommunikasjon og nærleik det er mellom det offentlege og organisasjonane. Det andre handlar om kor avhengige organisasjonane er av det offentlege. Avhenge kan vere både økonomisk, som styring, eller kontroll det offentlege har med organisasjonen si verksemd. I følgje Kuhnle og Selle er det fire mogelege kombinasjonar. Integrert avhenge, er til dømes organisasjonar som samarbeide tett med fylkeskommunen om å drive ein helseinstitusjon har økonomiske- og regelstyrte band til verksemda. På motsett side finn vi separat autonomi, der det er ingen kontakt og ingen økonomisk støtte frå det offentlege, organisasjonen rår over seg sjølv. Ein tredje kombinasjon er separat avhenge, her er det lite kontakt mellom det offentlege og organisasjonen. Relasjonen, og avhenge kan til dømes vere nedfelt i forskrifter eller avtalar. Den siste kombinasjonen er integrert autonomi. Dette alternativet er ganske typisk for relasjonen mellom det offentlege og dei frivillige organisasjonane. Det offentlege har "bakka" opp det frivillige oragnisasjonslivet, utan å blande seg sterkt styrande inn i organisasjonen si verksemd.

⁴ "Usjølvisk og offervillig holdning og handling" overfor andre, i motsetnad til egoisme

Forskninga på frivilligsentralane fram til 1994, viser at sentralane måtte forhalde seg til både nasjonale og lokale aktørar i følge Lorentzen et al., (1994, s. 105-110). Blandt dei nasjonale aktørane var det i stor grad Sosialdepartementet, Institutt for Samfunnsforskning og andre kompetansebyggerar som var viktige. Lokalt måtte sentralane forhalde seg til kommunal forvaltning, eigar, styre, frivillige organisasjonar og lokal hjelpekultur. Både nasjonale og lokale aktørar hadde forventningar som daglege leiarar måtte ta hensyn til. Lokalt var kulturelle normer i hjelpekulturen diffus. Sidan eigarane blanda seg i varierende grad i drifta av sentralane, måtte dei daglege leiarane takle dei ulike krava mykje på eigenhand. I følge Lorentzen var sentralane meir eller mindre *sosialsentralar* fram til 2005. I hovudsak var aktiviteten knytta til omsorg, aktivitetar og praktisk hjelp for eldre og utsette grupper. Lorentzen (2012, s. 70) hevdar sentralane etter forsøksfasen gjekk over i ein permanent driftsfase uten noko kritisk vurdering av innhald og driftsformer. Etter 2005, når Kkd⁵ overtok ansvaret fekk sentralane ein sektorovergripande nærmiljøsentral løfta fram som overbygning. Dette førte i liten grad fram som kursending hos sentralane.

Dei norske frivilligsentralane skilte seg vesentleg ut frå dei andre europeiske sentralane. Formålet med etableringa i dei andre landa var å koordinere det lokale foreiningslivet, og dermed auke den samla samfunnsmessige gevinsten ved frivillig arbeid. I Noreg derimot, blei sentralane etablert som sjølvstendige aktørar på det lokale velferdsfeltet, med ein aktivitetsprofil lik andre frivillige organisasjonar. Sentralane blei derfor etablert ved sida av, og parallelt med eksisterande lag- og foreningar som ein ny type organisasjon. Frivilligsentralane blei derfor meir eller mindre konkurrentar, spesielt mot foreningar på det humanitære-, sosiale-, og eldrefeltet. Europeiske sentralar fekk dermed ein *servicerolle*, medan norske sentralar gjekk inn i ein konkurranserolle (Lorentzen, 2012, s. 11-12, s. 69)

Det kan sjå ut som lite har endra seg sidan den tid. I ei masteroppgave frå universitetet i Oslo, har Dugstad⁶ (2009, s. 97-105) studert frivilligsentralane sitt verke mellom det offentlege og lokalsamfunna. Frivilligsentralane er i stor grad forma i relasjonen til

⁵ Kirke- og kulturdepartementet

⁶ Eg har tatt utgangspunkt i masteroppgåva til Dugstad frå 2009. Ho har gitt ut fleire bøker og rapportar i lag med m.a Håkon Lorentzen for Institutt for samfunnsforskning før 2009. Eg fant masteroppgåva hennar mest relevant i forhold til mitt tema.

omgjevnaden, vesentleg gjennom å tilpasse verksemda til kommunale forventningar. Desse forventningane er i kontrast til statlege styringssignal som seier at sentralane skal vere katalysator for all frivillig verksemd i nærmiljøet. Det ser ut som sentralane har i mindre grad har fått innpass for denne rolla. Ei mogleg årsak til at sentralane gir etter for dei kommunale forventningane, kan vere sentralane sin økonomiske avhenge av kommunene. Dei ser ut til å spele ei viktig rolle for både som bidragsytar og som garantist for offentleg tilskot. Dugstad hevdar frivilligsentralane og leiarane på mange måtar er låst i situasjonen mellom ulike opfatningar av kva som skal vere sentralen si rolle. Oppfatningane frå ulike hald, stat, kommune og frivillige organisasjonar er ofte konkurrerande og til dels motstridande. Som svar på dei ulike forventningane, som kan sjåast på som krysspress, forsøker sentralane og dagleg leiar å gjere alle til lags. Å gjere alle til lags er med på å oppretthalde sentralane sin utydelege posisjon i sektorlandskapet.

3.1.3 Studiar på frivilligsentralane

Eg vil her presentere forskning på feltet frivilligsentralar. I føregåande del såg eg mellom anna på frivillig sektor, og frivilligsentralane si plassering mellom den sivile sværen og den offentleg forvaltninga. Denne delen vil først og fremst handle om frivilligsentralane si utatretta verksemd som aktivitetsprofil, målgrupper og samarbeidspartnarar. Kommunale forventningar og idealtypiske trekk er også tatt med her.

I 1991 fekk Institutt for samfunnsforskning (ISF), i oppdrag frå FRISAM å evaluere forsøksordninga for frivilligsentralane. Frå 1994 vart frivilligsentralane vidareført som ei permanant ordning, og ISF fekk evalueringsoppdraget vidare til 2002 (Kloster et al., 2003, s. 7). I 1998 fann Lorentzen og Røkeberg i IST ut at dei ulike eigarformene til frivilligsentralane hadde liten betydning for den daglege verksemda (1998, s. 60-63). Alle sentralane hadde tilnærma lik aktivitetsprofil og aktivitetssomfang uavhengig kven som stod som eigar. Forskarane fann ut at hovudtyngda av aktivitetane var knytta til helse- og sosialarbeid med sterk vekt på aktivitetar retta mot eldre og sosialt marginale menneske. Driftsmåtane var i stor grad lik, og sentralane sitt samarbeid med kommunen var liten grad påverka av eigarforma. Denne konklusjonen frå IST skapte om ikkje rabalder, så kritikk og spørsmålsteikn frå daglege leiarar og frå FRISAM sjølv. På dette

grunnlaget gav FRISAM seg i kast med ein ny studie som skulle gå meir i djupna enn tidlegare studier. Føremålet var å kunne avdekke mangfaldet i sentralane sine aktivitetstilbod (Feiring, 2000, s. 5-7).

Feiring (2000, s. 20-35) tok i denne studien utgangspunktet i ISF standardiserte registreringsskjema, og påpeika tre problematiske analytiske dilemma. Konklusjonen til Feiring i den nye studien er at aktivitetsmønstra ved sentralane med ulik eigarskap kan nyanseras betrakteleg i høve Lorentzen og Røkeberg sin påstand. I 2012 kom Lorentzen med ein ny rapport basert på ein ny studie. Dette er ein questbackspørjeundersøking til samtlege sentralar, der 70 % har besvart. I tillegg blei det trekt inn resultat frå tidlegare studier, og nye basert på casestudier. Med bakgrunn i den nye studien held Lorentzen framleis fast på at det er svært få forskjellar mellom eigarforma til sentralane og deira aktivitetsprofil Lorentzen (2012, s. 39-40).

I denne studien såg ein på aktivitet mot bestemte målgrupper. Tiltak for småbornsforeldre og innvandrarak engasjerer nesten 40% av sentralane. Sjølvhjelpsgrupper, tiltak for barn/unge og funksjonshemma har litt mindre oppslutnad. Eldre, her i form av tre spesifikke aktivitetstiltak engasjerte frå 21% til 29% av sentralane. Tiltak for einslege mødre kjem lægst ut med vel 15%. Det er små nyansar mellom eigarformene.

Daglege leiarar vart spurde om målgrupper sentralane såg som *svært viktig*. Halvparten av sentralane oppga heimebuande eldre. Litt i underkant kom einslege, barn/unge og innvandrarak. Vel ein av fire sentralar oppgir småbornsfamiliar og funksjonshemma. Institusjonsbuande eldre er ei svært viktig målgruppe for ein av fem sentralar. Her er dei sivile sentralane vesentleg i fleirtal. Lorentzen hevdar at kommunalt eigde sentralar er mindre opptatt av eldre enn privat eigde. Han meiner forklaringa skuldast at dei kommunalt eigde sentralane ofte er plassert i kulturforvaltninga, der eldre ikkje er ei primær målgruppe. Bilete av ei nedtrapping på det «klassiske» sosiale engasjementet meiner Lorentzen vert styrkja når ein ser kva målgrupper aktivitetane innrettar seg mot.

Spørsmåla som låg til grunn for analysen, skapte reaksjonar frå fleire sentralar fortel Lorentzen. Sentralar *kledd i* i nærmiljøkonseptet, rettar ikkje aktiviteten mot spesifikke målgrupper. Lorentzen meiner spissing er typisk for helse- og sosialforvaltninga, som gjerne rettar aktiviteten mot utsette grupper med bestemte kjenneteikn, diagnosar eller

andre merkelappar. Slike merkelappar vert tona ned i nærmiljøkonseptet der individa blir oppfatta som bebuarar, og ikkje fordi personlege diagnosar ligg til grunn for rekruttering til tiltaket.

Samarbeidet med andre organisasjonar om aktivitetar er gjennomgåande høgt ved alle sentralar viser studien. Det gjeld særleg organisasjonar som har aktivitetar retta mot pensjonistar, aktivitetar i nærmiljø og folkehelse som utgjer 75% til 85%. Kommunalt eigde-, og *landlige* sentralar gir oftare opp slikt samarbeid. Deretter kjem samarbeid retta mot sang/musikk og barn/unge og kultur/kulturminnevern på vel 65%. For sistnemnte, er dei kommunale sentralane i overtal. Lorentzen presiserer at omgrepet *samarbeid* har ulik oppfatning, og er lite presist. Det kan på si side føre til at alt frå sporadiske møter, telefonsamtalar, til tette og forpliktande band gjennom felles aktivitetar blir innrapportert som samarbeid. Alt i alt kan det sjå ut som at kommunale sentralar har gjennomgåande høgare samarbeid med frivillige organisasjonar enn dei med sivilt eigarskap. Lorentzen seier desse funna bekreftar mellom anna observasjonar av at det er konkurranse mellom ulike organisasjonar.

Det er mykje som tyder på at forventningar frå kommunen har endra seg seier Lorentzen. I 1998 tok 85 % av kommunale instansansar kontakt med sentralane om å yte hjelp/støtte til einskildpersonar. Slik hjelp kunne vere praktisk hjelp, følgtjenester og besøke einslege. I 2012 var slike oppdrag redusert til 73 %. Lorentzen hevdar forklaringane til nedgangen er samansette. Mange sentralar har gradvis bevega seg vekk frå profilen sosialsentral til profilen nærmiljøsentral. Sentralar med nærmiljøprofil hadde alle trappa ned på ein-til-ein oppgåver fortel Lorentzen. Slike oppgåver vart sett på som tidkrevjande, anstrengande, og heller ikkje i pakt med sentralen sin nærmiljøprofil. Andre sentralar har framleis preg av å vere sosial sentral. Dei mottek framleis mange henvendingar, og har eit tett forhold til kommunen, vanlegvis omsorgsetaten. Lorentzen seier fleire sentralar bevegar seg vekk frå ein-til-ein oppgåver og mobilseringa av frivillige til hjelpe einskildindivid. Samtidig blir andre oppretta nettopp for slike formål.

Lorentzen seier det har vore uttrykt politisk bekymring for at sentralane skulle bli for tett samanvevd med lokale styresmakter, og dermed miste sjølvstendet som frivillige og sivile aktørar. Først og fremst er det Storting og regjering som har hatt slike bekymringar. I dag forventar Staten at sentralane først og fremst skal fungere

sektorovergripande. På lokalplanet, er forventningane todelt. Kommunal/fritidsetaten (om sentralen er heimehøyrende her), forventar aktivitetar med nærmiljøpreg, eller kulturellt innhald. Den andre forventninga, har folkevalte og tilsette. Det er eit ønskje at sentralane skal kunne lette presset på dei kommunale budsjetta, spesielt innafor omsorgsfeltet. I følge Lorentzen, er det mange leiarar i frivilligsentralane som strevar med å trekke opp prinsipielle grenser for kva sentralen skal kunne ta på seg av «sosiale» oppgåver. Eit kritisk moment for sentralen sitt liv og lagnad, er i stor grad knytt til prosessane i forkant av etableringa av sentralar. Dei fleste sentralar oppstår gjennom eit breidt og generelt mandat, utan klare mål og meining for aktivitetar som skal settast i gang. Diffuse mandat kan skape usikkerhet og eit spenningsfelt i lokalsamfunna. Det er derfor av stor betydning *kven* som introduserar ideen til oppretting, *korleis* det gjerast og *kva* arbeidsområder sentralen skal involvere seg i.

Lorentzen (2012, s. 67-68) meiner det er fleire karakteristiske trekk for anten sosialsentralar eller nærmiljøsentralar. Truleg har alle dei norske frivilligsentralane mange og ulike kombinasjonar seier han. Det er heller inga tydeleg og markant skilje mellom dei to idealtypene. Det kan derfor vere vanskeleg å slå fast kor ein gitt sentral høyrer heime. Idealtypene eksisterar ikkje nødvendigvis i den verkelege verda, men ved å setje saman ulike trekk som er typiske kan ein danne seg eit bilete av korleis sentralane *kunne* sjå ut.

Kjenneteikna ved ein sosialsentral ser slik ut;

- Den har hovudtyngda av virke sitt retta mot definerte grupper, som ”eldre, ”pensjonistar”, ”innvandrara”, ”institusjonsbuande” m.v.
- Aktivitetar dreier seg anten som ”ein-til-ein” tenester, eller sosiale aktivitetar retta mot spesifikke målgrupper
- Dei fleste av aktivitetane er i sentralen sine lokaler, der kapasiteten set grenser for omfang og størrelse
- Sentralen har betydeleg innslag av førespurnader frå helse- og omsorgssektor i kommunen. Her dreiar det seg om praktisk hjelp til heimebuande eldre, følgjeteneste, innkjøp, sosiale arrangement og liknande
- Lokale foreiningar- og organisasjonar utafor helse- og sosialfeltet, er i begrensa grad involvert i sentralen sine aktivitetar. Sentralen manglar brei, lokal forankring
- Dagleg leiar, eventuelt med styreformann står for utforminga av aktivitetane

- Lag- og foreiningar som eigar, involverar seg lite i drifta av sentralane

Idealtypiske kjenneteikn som trekkast fram for nærmiljøsentralar;

- Den har kultur/fritidsetaten som overordna kommunal instans
- Den har brei og tverrsektorell kontakt med eigarar
- ”Ein-til-ein” tenester utgjer berre ein liten del av sentralen sine aktivitetar
- Dagleg leiar vektlegg å vere upartisk og nøytral i møte med lokalt næringsliv
- Dagleg leiar har kompetanse til å hjelpe/assistere lokale foreiningar
- Sentralen koordinerar aktivitetar som andre foreiningar er aktive i
- Lokale foreiningar ser sentralen som ein ressurs for seg sjølv
- Bebuarar/innbyggjarar sine interesser og behov dannar grunnlaget for aktivitetane

Lorentzen seier det viktigaste skiljet mellom konseptet sosial,- og nærmiljøsentral, kan knyttast til sentralane si evne til å virke som *katalysator* for lokalt foreiningsliv. Medan mange sosialsentralar vert sett på som ein konkurrent, vil ein nærmiljøsentral styrke det lokale foreiningslivet ved å gi hjelp, service, assistanse og kompetanse. Denne retninga vil demme opp for ei motvilje mot sentralen, og heller fremje samarbeid. Spenninga mellom sosialsentral og nærmiljøsentral er i Lorentzen sitt syn knytt til forventningar. På den eine sida er det ein brukar/klient forståing, med forventningar om å gjere noko for personar med definerte diagnosar eller problem. På motsett side står kultursynet; sentralar som engasjerer folk i «vanlege» aktivitetar, utan å knytte diagnosar til brukarane. Kultursentralen avviser derfor *diagnosebasert* deltaking, her deltek ein i kraft av sine egne interesser.

3.2 Betydninga av frivillig innsats

Denne framstillinga er knytt til mitt andre forskingsspørsmål. Eg søkjer svar på korleis dei frivillige grunngir sitt eige engasjement til å stille opp for andre. Eg har to tilnærmingar til forskingsspørsmålet. Første del har eit fokus inn mot organisasjonstilhøyrse og positive verknader av frivillig arbeid. Den andre delen omhandlar studiar på faktorar som synest viktige for å stille opp som frivillig. Det handlar i stor grad om eigen motivasjon og den drivkrafta som gjer at ein stiller opp for andre.

3.2.1 Enkeltinnsatsen sine ringverknader

I kapittel to, frivillig sektor og samfunnsdeltaking, kom det fram at Noreg scorar høgt i frivillig arbeide. Det er likevel større sosiale skilnader mellom dei som bidreg, sett i forhold til dei som ikkje gjer det. Eg vil her sjå korleis det frivillige livet artar seg gjennom organisasjonsdeltaking for individa. Etterpå, vil eg sjå på kva den frivillige innsatsen har å seie for den enkelte, kva generelle positive verknader frivillig innsats har. Individua sine eige grunngevingar for deltaking kjem til slutt i kapittelet.

På individnivå er livslange og varige medlemskap i organisasjonar eit tilbakelagt stadium viser fleire studiar. No er eigenorganisering, å utfalde seg sjølv, og ønskje om umiddelbare opplevingar og resultat, viktige motivasjonsfaktorar for organisasjonsdeltaking (Kultur- og kirkedepartementet, 2014, s. 24). Dette er også eit sentralt poeng i studien til Folkestad et al., (2015, s. 68-69). Dei frivillige er *lausare* kobla til organisasjonane. Det betyr at tendensen peikar i retning av at koblinga mellom det å yte ein frivillig innsats og det å vere organisasjonsmedlem er svakare. Folkestad et al, meiner utviklinga bryt fundamentalt med korleis den tradisjonelle sektoren tidlegare har sett ut. Her har medlemskap og det frivillige arbeidet vore sterkt knytt saman. Eit anna sentralt funn i studien er ei auke i tala på organisasjonar. Det vil seie at individua sin frivillige innsats for fleire organisasjonar også aukar. Før var det vanleg å yte innsats for ein organisasjon, no er det like vanleg å gjere innsats for tre eller fleire. Denne endringa kan føre til at folk ser etter medlemskap med meining for dei sjølv, og skiftar gjerne mellom organisasjonane. I lys av individ-fellesskapet seier Vetlesen (2009, s. 19) at samfunnet må ta utgangspunktet i det enkelte individet og kva anledning, eller krav, individet sjølv stiller til å bestemme kva fellesskap ein ønskjer å delta i. Slike krav og

forventningar var frå individet si side ukjende for få generasjonar tilbake. No er spørsmålet meir om fellesskapet verkeleg fortener *min* lojalitet og hjertevarme.

Det som synes klart er at frivillig arbeide fører til positive ringverknader for samfunnet, samtidig har det positiv effekt for ein sjølv. I artikkelen «frivillighet og sårbare grupper» viser Hagelin og Småland Goth (2015, s. 63-64) til at frivillig innsats kan vere førebyggjande og helsefremjande. Frivillig arbeid gir auka livskvalitet. Det gir tilgang til støtte og sosialt nettverk, og kan dessutan bidra til å utjevne sosiale skilnader. Dei seier omgrepet empowerment, eller myndiggjering, kan knyttast til frivillig innsats. Kontroll over eige liv, og mogelegheita til å påverke avgjerer som gjeld ein sjølv, har stor betydning for helse. Med andre ord det frivillige arbeidet har betydning for livskvaliteten.

Livskvalitet er eit gjennomgåande tema i Loga (2010, s. 66) sin kunnskapsoversikt. Rapporten tar for seg betydninga av kultur og frivillig arbeid for helse, trivsel og lykke. Loga viser til Grimm, Spring og Dietz på spørsmålet om kva betydning det frivillig arbeidet har. Mange nære sosiale band skapar tillit som igjen er nøkkelen for god livskvalitet. Den positive effekten av frivillig arbeid for eldre, er først og fremst knytta til to aspekt. Det eine er at arbeidet byggjer og styrkar sosiale band. Dei sosiale banda har styken sin i at dei forhindrar enkeltmenneske å isolere seg. Det andre aspektet er at erfaringa med å hjelpe andre fører til meining i livet, som igjen bygger sjølvtilit og tillit til andre. Loga meiner forskninga viser at effekten av frivillig arbeide kan verke større for eldre menneske enn yngre, men presiserer at det er forska mindre på yngre. Knytt til min studie er denne forskninga relevant fordi mykje tyer på at eldre i større grad er engasjert som frivillige enn yngre menneske.

3.2.2 Altruisme eller eiganytte?

Kva som engasjerar menneske til frivillig arbeide, og korleis dei sjølve forklarar og grunngir sitt engasjement er eit spørsmål eg søkjer svar på i studien. Dette spørsmålet er knytt til motiv og drivkrefter som tema. Tilnærminga mi tar utgangspunkt i to ulike retningar for motivasjon. Altruisme kan sjåast på som ei handling, å vere frivillig utan egne motiv om at det skal gi noko tilbake. Eiganytte handlar om å gi som frivillig, men grunngevinga er først og fremst for sin eigen del. Motivasjon og interesse for frivillig arbeid er ein nødvendig føresetnad for aktivitet. Forskarar som har sett på samanhengen

mellom interesse, motivasjon og den faktiske innsatsen, har funne denne samanhengen sterk (Wollebæk et al., 2015, s. 44).

I sommar kom regjeringa ut med erklæringa om frivillig arbeid. Den tar for seg samspelet mellom regjering og frivillig sektor. I erklæringa står det: « Å vere frivillig gir kompetanse, erfaring, sosial tilhørighet og mestring til enkeltmennesket» (Kulturdepartementet 2015, s. 2). Dei frivillige kan ha ulik motivasjon for deltaking, som kjerna til spørsmålet om kva betydning arbeidet har for den enkelte.

I denne samanhengen finn eg avhandlinga til Ulla Habermann (2001, s. 190-203) interessant å vise til. Ho har forska på motiv til frivillig arbeid i Danmark. Habermann finn *verdi* som kanskje den viktigaste motivfaktoren for frivillig engasjement. Ho meiner det ikkje er tvil om at den frivillige sin sjølvforståing – både hos unge som eldre, menn og kvinner, i høg grad byggjer på normative verdier. Det handlar og' om enkeltmenneska sin likeverdi. Verdiane er tett vovne saman med identitet og læring. Identitet byggjer på verdier, og læring kan ein forstå på to måtar. Den eine måten er prega av eiganytte motiv. Denne kan tolkast som ei utviding av verdidimensjonen som personleg utvikling, som den andre måten å forstå læringomgrepet på.

I følge Habermann (2001, s. 239-240) er det eit klassisk spørsmål om frivillig arbeide skal sjåast på som altruisme eller eiganytte. Søkjer menneska det gode og det vakre i det frivillige bidrag deira, eller handlar det meir om det jordnære, det praktiske og nødvendig eiganytte. Det er nødvendigvis ikkje verken det eine eller andre. ”Dei er *reisekameratar* og ikkje konkurrentar”, seier Habermann. Det er tre krav til ei handling for at den skal vere altruisk. For det første skal den vere frivillig (ulønna og av fri vilje), og for det andre, skal intensjonen med handlinga vere god, gjere *vel*. Det siste kravet er at handlinga skal vere målet i seg sjølv. Lyst og glede er andre viktige motiverande faktorar. Lysta er det engasjementet kan forklarast med, ein følelse av å gjere godt for andre, å vere til nytte og glede. Gleda i arbeidet er gleda i møte med andre, gleda ved å sjå andre glad, gleda av å kunne vere til nytte, hjelpe andre og kjempe for det ein har tru på. Frie val er viktig, å få bestemme det ein vil vere med på, kor mykje og korleis. Det gjer ei kjensle av fridom

Lorentzen og Rogstad (1994, s. 39-52) har studert dei frivillige i frivilligsentralane. Dei har utarbeida ein modell med fem individuelle faktorar som synest å vere viktige. Desse

faktorane er verdi, læring, styrke sjølvkjensla, sosiale forventingar frå omgjevnadane og arbeidsmarkedsomsyn. Verdi var ein svært sentral faktor. Verdiane er knytt til ønskje om å realisere humanitære, religiøse, etiske forpliktingar og andre verdiar. Nokre fleire kvinner enn menn er altruistar. Verdi som grunnjevna er viktigare for dei eldre enn dei yngre. Vel halvparten oppga læring som ei viktig faktor, det å kunne tileigne seg ny kunnskap. Dess eldre den frivillige er, dess mindre viktig er læringsfaktoren. Halvparten av respondentane oppga det å styrke sjølvkjensla som viktig. Det var meir viktig for dei eldre enn dei yngre. Sosiale forventningar, det å bli frivillig fordi andre ber om det, er eldre mest opptatt av. Minst viktig er arbeidsmarkedsomsyn, der rolla som frivillig kan gi fortrinn på arbeidsmarkedet. Dette var viktigare for yngre enn eldre.

Motivasjon og drivkrefter er knytt til frivillig innsats. Loga (2010, s. 68-72) viser til Stabbins syn på motivasjon og drivkrefter. Han går eit steg lenger enn Habermann i diskusjonen om frivillig deltaking er motivert av eigennytte eller altruisme. I følgje Stabbins er tidlegare normer og etiske ideal av frivillig arbeid i individualismen og sekularismen sin tidsalder forelda. Det er derfor viktig å sjå til andre motivasjonsfaktorar. Stabbins hevdar at alt frivillig arbeid har sitt rotfeste frå to prinsipielle motiv; å hjelpe andre (volunteering as altruism) og å hjelpe seg sjølv (volunteering as self-interestedness).

Skiljet mellom altruistiske motiv versus eigennytte motiv, er i følgje Stabbins eit skilje mellom «serious leisure» og «casual leisure». «Casual leisure» er aktivitetar som kjenneteiknast ved å gi umiddelbar tilfredstilling. Slike aktivitetar har kort tidsramme, og krev i liten grad trening og erfaring. Slike aktivitetar kan vere ulike former for leik, avslapping og rekreasjon som å strikke og sjå på TV. «Serious leisure» utgjer systematiske fritidsaktivitetar som krev kunnskap, talent og erfaring. Over tid vil aktivitetane ta ei karriereform, aktivitetane blir tekne opp att, og ein utviklar seg gjennom auke i kunnskap og erfaring. «Serious leisure» er inndelt i tre ulike former, amatørar, hobbistar, og voluntørar. Amatørar opererer i same felt som profesjonelle, eksempel på slike aktivitetar er kunst, vitenskap og underhaldning. Hobbistar har ikkje profesjonelle motpartar. Hobbistane er samlarar, mosjonistar og utøverar i ikkje profesjonelle idrettar og spel. Den siste gruppa under hobbistane er kunnskapsbygging i alt frå kunst til politikk. Voluntørar vil hjelpe andre utifrå ein kombinasjon av av altruistiske og egoistiske motiv.

I følge Stebbins, utgjør «serious leisure» både eigenkapital, og kapital til samfunnet. I denne samanheng kan livskvaliteten bli styrka gjennom å delta som frivillig i «serious leisure». For det første vil slik aktivitet framje følelsen av framgang og måloppnåing. Det andre er opplevinga av det *vakre* i natur og kunst. Opplevinga er særskilt knytt til sport og friluftaktivitetar, og til produksjon av kunst og musikk. Det tredje aspektet er knytta til sosial inkludering og tilhøyrslø. Her blir enkeltindividet ein del av samfunnet, til ulike miljø og sosiale verda. Det fjerde positive aspektet for aktivitet som kan knyttast til auka livskvalitet er realisering av potensialet. Dette er utvikling av talent, og bygging av kompetanse som skapar følelse av lukke knytta til individet sitt behov for sjølvrealisering

DRØFTING AV TEORI

Som ei overordna målsetting søker eg å finne svar på frivilligsentralane sin funksjon i lokalsamfunna. Til problemstillinga har eg to forskarspørsmål som gir retninga for oppgåva. Begge spørsmåla tek opp to viktige sider ved frivilligsentralane. Den utøvande verksemda femner om dei oppgåvene som blir koordinert eller generert. Dei frivillige spelar ei stor og avgjerande rolle i sentralane. Arbeidet dei legg ned har truleg ein verdi også for dei sjølve. Teorien om sosial kapital dannar eit fruktbart bakteppe til spørsmål om kva betydning sentralane har for samfunnet, direkte i det arbeidet som blir gjort, og indirekte for dei frivillige.

Som lokale bankar for frivillig arbeide tar dei sikte på å integrere alle menneske i arbeidet. Denne funksjonen er todelt. Sentralane utfører eit viktig arbeide for samfunnet som heilheit, altså bidreg med innsats for samfunnet som fremjar generelt tillit, gjensidighet og samarbeid. Den andre funksjonen er knytt til sosial kapital på individnivå. Sentralane legg til rette og bygger sosiale relasjonar mellom menneske, særleg i form av bruer og band. For menneske utanfor det tradisjonelle samfunns- og organisasjonslivet trur eg denne rolla til sentralane kan vere særleg viktig.

Heggen (2007, s. 77-79) sine tankar om den symbolske kapitalen gir innsikt i samspelet mellom menneska. Frivillig innsats i relasjon med andre, kan auke meistring fordi innsatsen har betydning og gir meining om den blir verdsatt. Det er særleg Putnam (2000) sitt bidrag om sosial kapital eg finn relevant. Tilnærminga til Bourdieu er utfordrande. I dette bilete handlar menneska bevisst og kalkulerande for å oppnå eigen

gevinst. Det kan sjølvsagt relaterast til ombegrepet ”eiganytte” som ein motivasjonsfaktor til frivillig arbeid. Det er likevel ikkje særleg sentralt for dei funna eg har gjort. Innfallsvinkelen kan muligeins koplatt til den tradisjonelle frivillige sektoren.

Det er ei usemje blandt samfunnsforskarar i kva grad sosial kapital *berre* kan koplatt til aktive medlemskap i frivillige organisasjonar, og ikkje også til passive medlemskap. Fleire hevdar sosial kapital ikkje blir generert andlet-til-andlet eine og åleine, men har like stor betydning for passive medlemskap. Dette er for så vidt eit interessant innspel. Relatert til frivilligsentralane som ikkje har egne medlemmar, men knyttar til seg aktive frivillige, så meiner eg innspelet ikkje virkar til å vere relevant. Loury og Coleman sine teoriar om sosial kapital som individuell og kollektiv ressurs kunne vore interessant for min studie. Av hensyn til oppgåva si avgrensa lengde har eg utelatt det.

Når det gjeld kva utbytte frivillig arbeid kan ha for den enkelte, er det på fleire vis tilnærmingar til sosial kapital. Hagelin og Småland Goth (2015) påpeikar at frivillig arbeide gir auka støtte, sosiale nettverk og utjevnar sosiale skilnader, særleg til sårbare grupper. Loga (2010) sin kunnskapsoversikt peikar langt på veg på same effekten av frivillig arbeide. Sosiale band fremjar livskvalitet basert på sosial kontakt og forhindrar derfor isolasjon. Innsatsen er dessutan meiningsfull og har stor betydning. Desse spørsmåla har samanheng med motivasjon og drivkrefter.

I ytterpunkta altruisme og eiganytte, har eg sett på kva motivasjonsfaktorar som er viktige. Både Habermann (2001) og Stabbins seier det ikkje er nødvendigvis noko motsetnadsforhold mellom altruisme og eiganytte. Dette stemmer med dei funna eg har gjort frå intervjua. Alle beskriv den gode følelsen av å vere til nytte, samtidig gir det eit eige utbytte. Lorentzen og Rogstad (1994) seier det er fem motivasjonsfaktorar som er viktige; verdi, læring, styrke sjølvfølelsen, sosiale forventningar og arbeidsmarkedshensyn. For informantane mine er særleg dei tre første viktige.

Kva den frivillige innsatsen betyr for den enkelte, motivasjonsfaktorar og eige utbytte, er eit stor forskningsfelt. Eg har tatt utgangspunkt i eit heller smalt bidrag. Mellom ytterpunkta altruisme og eiganytte, vil det finne seg teoretiske bidrag og forskning. I eit sosiologisk perspektiv kunne til dømes teorien om rasjonelle val og sosialt utbytte vore relevant. Spørsmåla om motivasjonsfaktorar og drivkrefter er viktige. Det er store spørsmål som ikkje er lett å avgrense. Bidraga som eg har vektlagt i denne oppgåva

meiner eg er relevant. Det gir ei innsikt, om enn smalt, til eit stort kunnskapsfelt.

Når det gjeld frivilligsentralane si verksemd i mellom det offentlege og det sivile feltet, vil det vere eit spørsmål om slikt tema er relevant. Eg meiner det, frivilligsentralane si plassering er nokså spesiell. Dei har økonomiske tilskot av både stat og kommune. I tillegg har dei retningslinjer og svært mange er eigd av kommunane. Sentralane er avhengige av offentlege tilskot og har integrert autonomi, ei tilnærming til Kuhnle og Selle (1990). Sterke band til det offentlege kan direkte påverke sentralane sine verksemdar. I Repstad (1998) sine refleksjonar om idealtypiske kjenneteikn, har sentralane både altruisme og solidaritet. Den offentlege sektoren med avgrensa involvering verkar relativt. Sentralane har tradisjonelt ytt frivillig innsats på velferdsområde sidan oppstarten. Særleg innfor helse- omsorg og sosialsektor. Velferdsutfordringane i framtida vil kanskje auke involveringa på feltet.

4 Metodiske val og refleksjon

Arbeidet med oppgåva frå start til sluttresultat har i stor grad handla om val. Nokre har vore enklare enn andre har eg erfart. I følgje Denscombe (2008, s. 118), bør metodane for datainnsamling og analyse bli beskriven på ein måte som gjer at andre kan gjere kvalitativ vurdering av funna. I stor grad handlar det om i kva grad data er pålitelege og gyldige. Eg vil no gjere greie for korleis eg har gått fram i dei ulike prosessane, og kva refleksjonar og vurderingar eg har gjort undervegs.

4.1 Forankring av studien, design og metode

Vitenskapsteori dreiar seg om kva som er det vitenskaplege fag sine oppgåver, arbeidsmåtar, analyseformer og rolle i samfunnet seier Kalleberg (1996, s. 26). Eg vil derfor seie noko om kva vitenskapsteoretisk plattform eg legg til grunn for studien. Denne plattformen har betydning for val undervegs. Ontologi og epistemologi er begrep som brukast innafor vitenskapsteori (Grønmo, 2004, s. 17-18). Ontologi handlar om førestillingar knytta til korleis verda ser ut. Er verda utafør oss sjølve objektiv slik som det positivistiske synet flaggar, eller tolkar vi verda ulikt, avhengig av kven som ser? Våre eigne tankar om slike spørsmål vil påverke epistemologien, kunnskapssynet vårt. Kva er det mogeleg å hente fram kunnskap om og kva kan studerast? Hermeneutikken hevdar verda er skapt eller konstruert gjennom subjektive meiningar om verkelegheita. Kunnskap og funn blir ikkje avdekka, men skapt gjennom samhandling. I denne retninga er ei fortolkningsbasert tilnærming sentral. Det er i denne retninga eg har forankra studien min.

Kalleberg (1996, s. 34-35) seier feltet som vert studert og sjølve forskarprosessen, er meiningssamanhengar. Det handlar altså om korleis ein forstår og fortolkar opplysningane som kjem fram gjennom i til dømes samtalar. Ofte er det eit mangfald av tydingar i informanten sine utsegner. Den ”hermeneutiske sirkel” eller ”forståingssirkel” er sentrale begrep i denne teorien. Sirkelen omhandlar det å sjå vekselvis på heilskap og delar. Metaforen ”spiral” meiner Kalleberg er eit betre omgrep. Vi kjem ikkje tilbake på same stad som i ein sirkel, men i ei utvikling og rundgang mellom heilskap og delar for å få ny forståing og innsikt. For å forstå bestemte ytringar og handlingar må ein sjå dei i ein større samanheng, og for å forstå større samanhengar må ein forstå dei mindre

delane den består seg av.

Førforståing er eit sentralt omgrep i den hermeneutiske sirkel seier Gadamer (2003, s. 42). Ein bevegar seg mellom teksten som heilheit og lesaren si førforståing. Denne typen oppfatning er også omtala som fordom eller å føregripe meininga. Førforståinga innberer at ein lager eit indre førebels utkast om heilheita, i det ein får innsyn i den første meininga i teksten. Kalleberg (1996, s. 34-35) seier at førforståinga pregar tolkninga av objektet, samtidig som arbeidet med å forstå objektet også bidreg til å forandre den opprinnelege forståinga.

Som eg innleiingsvis har gjort greie for, kjenner eg feltet frivilligsentralar rimeleg godt. Rimeleg fordi det trass alt er nokre år sidan eg slutta, likevel truleg meir enn andre på utsida, som kanskje ikkje er spesielt oppteken av organisasjonen. Mi eiga førforståing har med seg både positive og negative konsekvensar slik eg ser det. Det positive er at nettopp mine erfaringar brakte tema på bana ganske tidleg i prosessen. Tema fant eg soleis både spennande og interessant fordi det var fleire område eg ville utforske, som eg truleg elles ikkje ville gjort utan erfaringa. Det handlar om å utvide kunnskapen på dei områda eg kjenner heller mindre til.

Det som kan verke negativt med mi eiga førforståing, kan vere å *føre* studien i ei bestemt bevisst retning. Repstad (2007, s. 39) seier at når vi observerar vener, kjenningar eller kollegar er ein meir tilbøyeleg til å velje side. Vi kan risikere å miste den akademiske distansen, og få personeleg interessere i det som skjer på feltet. Fenomenet kallast og ”to go native”, eller ”å bli ein av dei innfødte”. Det kan for eksempel vere å fortolke emperien i ei bestemt retning, bevisst eller ubevisst. Eg håpar og trur eg har klart å balansere mi eiga forforståelse undervegs i dette prosjektet. Det er umogeleg å framstå som nøytral, i følgje Malterud (2011, s. 37) er ikkje spørsmålet *om* men *korleis* forskaren påverkar heile forskningsprosessen.

Problemstillinga mi; ”Kva funksjon har frivilligsentralane for ulike grupper i lokalsamfunna?” er i følgje Grønmø (2004, s. 67) er ei deskriptiv, eller beskrivande problemstilling. Eg søkjer å finne informantane sine oppfatningar av verkelegheita på bakgrunn av erfaringane dei har gjort seg. Hovuddesign for studien er kassusstudiar. I tillegg har eg gjort ei kartlegging. Metodane eg har brukt er ei kombinert form av kvantitativ- og kvalitativ metode. Eg har brukt ei kartlegging som i utgangspunktet

var bygd på kvantitativ metode, men som eg seinare gjennom analysen såg ikkje kunne behandlast like strukturert. Kartlegginga er derfor ein kombinasjon av kvantitativ og kvalitativ tilnærming. Saman med kasussintervju som er basert på kvalitativ metode, vil begge datakjeldene besvare første forskings spørsmål; *kva sentrale oppgåver utfører sentralane*. I metodelitteraturen skil ein gjerne mellom ei induktiv og deduktiv tilnærming (Busch 2013, s. 51-52). Deduktiv opplegg tar utgangspunkt i eksisterande teoriar som er utvikla gjennom tidlegare forskning, forskaren går her frå teori til emperi. Sidan eg ynskjer samanlikne mine funn med studiar som er gjort på frivilligsentralane er første forskars spørsmål basert på eit deduktivt opplegg. Mitt andre forskings spørsmål; *korleis dei frivillige grunngir sitt engasjement*, er basert aleine på intervju. Her går eg i vesentleg grad her frå emperi til teori. Formålet er å introdusere eller bygge opp ein bestemt teoretisk forståing ut frå dei emperiske analysane. Studien har derfor ein abduktiv tilnærming, som i følgje Busch (2013, s. 51) er ei pragmatisk tilnærming mellom induktiv- og deduktiv metode.

Problemstillinga og første forskings spørsmål blir altså belyst i ein kombinasjon av kvantitative og kvalitative metodar. Dette er metodetriangulering (Grønmo, 2004, s. 55-57). Triangulering inneberer at bestemte sosiale fenomen studerast ut frå ulike synspunkt og ulike synsvinklar I følgje Grønmo kan metodetriangulering vere teneleg på ulike måtar. Kombinasjonar av ulike data og metodar kan gje muligheit for mangfald av teori, styrking av tillit til metode og analyseresultat, og til sist danne grunnlag for faglege fornying.

Kombineringa av kartlegging og intervju

Tidleg i studien bestemte eg meg for at ynskte eg gjere ei kasusstudie og ei kartlegging av dei 16 sentralane i Sogn og Fjordane. Kartlegginga (vedlegg 3), vart gjennomført først, og rettar seg som kjent mot første forskings spørsmål. Spørjeskjema er basert på element Grønmo (2004, s. 127) omtalar som ”strukturert utspørring”. Eg nytta eit spørjeskjema med faste spørsmål innafor 4 ulike tema, med faste svaralternativ. I skjemaet var det laga plass for utfyllande tekst innanfor kvart tema. Det var fleire respondentar som nytta høve til å presisere informasjon i form av tekst. Her er fleire forhold som talar for at metoden ikkje er *reint* kvantitativ, men har fleire element frå kvalitativ metode. Eit lite utval gjer statistisk generalisering vanskeleg, dessutan erfarte

eg at skjema med tekst ikkje lot seg tolke presisist og strukturert som gjerne kjenneteiknar analyse av kvantitativ data. Analysen blei derfor ei blanda form mellom strukturering og fleksibilitet. I følge Grønmo (2004, s. 11) kan både kvantitative og kvalitative studiar fortolkast i samsvar med ein ”ikkje-positivistisk” samfunnsvitenskap. Det observerte feltet framstår ikkje som ei endeleg sanning, men påverkast gjennom fortolking i fleire ledd.

Når kartlegginga var gjennomført, systematisert og organisert, gjekk eg vidare til neste steg som var utveljing av kasus. Eg vil i dei komande avsnitta gjere greie for framgangsmåten.

4.2 Kartlegging

På starten av studien inviterte eg meg sjølv til ei nettverkssamling for alle dei daglege leiarar i fylket. Formålet var å fortelje om prosjektet mitt og fange ei interesse over mogelege informantar. Eg hadde på den tid sett for meg ei anna vinkling av problemstillinga. Eg var då mest oppteken av dei kommunalt eigde sentralane, og spørsmålet om eigar sine forventningar. Etter ei vurdering fant eg ut alle sentralane burde vere med uavhengig eigarforma.

Kartlegginga tente to formål i studien. For det første gav den eit strategisk utval av informantar til kasusundersøkinga ut i frå det teoretiske og analytiske formålet. Det andre argumentet for kartlegginga, er at eg får eit breiare utval og tilsvarande auka mengde data om funksjonane til dei 16 sentralane i fylket. Kartlegginga kan då samanliknast med intervju. Om begge metodane viser same resultat, vil det bidra til å styrke funna sin kvalitet. Til utsending og svar på skjema blei det nytta e-post. Eg utarbeidde to typar skjema til dei daglege leiarane, eit for kommunal eigde sentralar og eit for stifting/sivil form. I analysen har eg derfor delt frivilligsentralane inn i to grupper, kommunalt eigd og eigarforma stifting/sivil. Kartlegginga omfattar 10 kommunalt eigde sentralar. Den eine sentralen med kombinert eigarform er inkludert her. Det er 6 sivile sentralar, under denne gruppa ligg fire sentralar eigd av stiftingar, og to sentralar eigd av foreiningar. På bakgrunn av problemstillinga henta eg nokre tema og kategoriar utifrå Lorentzen (2012, s. 29-43) sin rapport. Når eg presenterte prosjektet mitt for dei daglege leiarane fekk eg innspel på nye kategoriar eg ikkje hadde tenkt over. Soleis har leiarane sjølve tatt del i å gjere skjema betre tilpassa deira verksemd. Eg fekk også eit inntrykk

av at vi langt på veg hadde ein felles oppfatning av korleis skjema reint praktisk skulle fyllast ut.

4.2.1 Analyse av kartleggingsdata

Kartlegginga inneheldt data om 16 sentralar. I utgangspunktet skulle materialet vere enkelt å systematisere og strukturere etter dei to eigarformene. Eg erfarte likevel at so ikkje alltid var tilfelle. Fleire leiarar hadde utdjupa informasjonen i form av tekst. Frå tre sentralar fekk eg tilbake skjema der svarboksane hadde forskjøve seg, det vil seie at kryssa var noko tilfeldig plassert. Eg fann det uråd å hente fram så korrekte opplysningar som mogeleg, og såg meg derfor nøydt å returnere skjema til dei aktuelle sentralane. I skjema som eg då fekk attende, var det mindre rom for feiltolkning, noko som eg meiner styrka kvaliteten på kartleggingsskjema. Busch (2012, s. 162) omtalar det som gyldig. I ettertid ser eg at eg med fordel kunne brukt meir tid på å utvikle og kvalitetssikre kartleggingsskjemaet. Eit poeng for meg var å innhente opplysningane kort tid etter eg hadde presentert studien for dei daglege leiarane. Meiniga mi var at dei då truleg hadde informasjonen *ferskt* i minnet.

Innanfor tema *forventningar* frå eigar/kommune var det nokre sentralar som ikkje hadde svart på eit par spørsmål. Det kan vere fleire årsaker til det. Det kan vere usikkerhet på kva som var meint, ein fant kategorien upassande, eller ikkje ynskte svare. Med eit lite utval er det derfor tema som eg ikkje fullt ut får *godt nok* svar på i studien. Analysen peikar på ein tendens i materialet, men funna kan ikkje fullt ut generaliserast. Eit problem som blei identifisert under anlysen var kategoriseringa. Det var vanskeleg å vite korleis kategoriane blei oppfatta og tolka av leiarane. Til dømes spurte eg om sentralane hadde *kommunale tenester* som oppgåve. Det er mange måtar å forstå spørsmålet på. Er det oppgåver under kommunen sitt ansvarsområde eg først og fremst spør etter? Eller er det oppgåver kommunen har som tenesteyting? Her må det seiast at fleire av leiarane noterte eksempel på oppgåver dei meiner fell under kommunale tenester, som var til god hjelp. Uten denne informasjonen var det utfordrande å vite korleis leiarane sjølve definerte kategorien. Eit anna døme er kategorien *menneske med nedsett funksjonsevne*. Eg valte denne formuleringa i staden for ”funksjonshemma”, som er eit omgrep ein har gått meir eller mindre vekk frå.

Grønmo (2004, s. 219) seier vi må vurdere *korleis* og *i kva grad* datamaterialet kan vere påverka av problemet, og eventuelt i kva retning påverknaden kan gå. Eg ser her at kvaliteten på data varierte med bakgrunn i utforminga av spørjeskjema. Dette har konsekvens for reliabiliteten, i kva grad datamaterialet er påliteleg. Ved høg grad av reliabilitet er undersøkinga gjort på ein nøyaktig måte (Grønmo, 2004, s. 220). Dette kan eg ikkje seie gjeld *heile* analysen av kartlegginga. Resultatet av dette materialet blei samanlikna med resultata av intervju i kassstudien. Samfallande like funn aukar styrken på kvaliteten. Resultatet er likevel ikkje ei endeleg sanning, men er eit resultat gjennom fortolkning. Opplegget for undersøkinga og metoden i kartlegginga gav relevante data, bortsett frå ved eit tema som eg har nevnt.

Framgangsmåten i analysen var å organisere og systematisere dei ulike tema i to ulike eigerformer. Dette vart gjort manuelt. Resultatet vart sett inn i tre tabellar, dei same som i spørjeskjemaet. Tema var målgrupper, aktivitet/oppgåver og samarbeidspartnarar. Utfyllande opplysningar i form av tekst vart sett inn i ei matrise tufta på Grønmo (2004, s. 255-256) sitt analyseopplegg for kvalitative data. Matrisa vart sett opp som ein tabell. Øvst hadde eg fire kolonnar, eitt for kvart tema i spørjeundersøkinga. Aktuelle informantar vart sett opp med kvar sin rad til venstre i matrisa. Dette gav god oversikt over informasjonen i form av tekst, og var til hjelp når eg skulle sjå data frå kartlegginga og intervju i ein samanheng.

4.3 Kasusforskning

Kasusstudiar er ein metode som vert tilrådd når forskaren har liten, eller ingen kontroll over forskingsfeltet. Yin (2014, s. 16) definerar kasusstudie som ei empirisk undersøking av eit fenomen i djupna og i sin verkelege kontekst, der grensene mellom fenomenet og konteksten ikkje er klårt definerte. Berg (2009, s. 318) hevdar designet er relevant for alle som skal studere eit fenomen i ein organisasjon, som derfor passa godt til studien av frivilligsentralane. Myklebust (2002, s. 424) seier einingane som vert studert er få, ofte berre ein, medan variablane er mange. Undersøkinga er målretta og byggjer på eit teoretisk utgangspunkt. Eg fann soleis kasusstudiar teneleg som hovuddesign for studien.

Det er tre typar kasusstudie i følge Stake (2005, s. 445). Den eine er det han kallar *intrinsic case study*, (ekte), som er ein studie av kasuset sin indre eigenskap. Det går

med andre ord ut på å gjere ein studie av eit kasus for å finne og skildre dei særeigne eigenskapane som kasuset har. Ein annan type er *instrumental case study*, (instrumentell). Denne typen kasusstudie som har som formål å få nærare innsikt i eit generelt tema, eller for å generalisere. Kasuset er berre døme på eit meir generelt fenomen, og har sekundær verdi som særskilt tilfelle. Studien min er den tredje forma, ein *collective case study* (kollektive) kasusstudie. Her har kasuset eller feltet i seg sjølv lita verdi, men inngår i ein studie av fleire instrumentelle kasus. Eg har tre instrumentelle kasus.

Myklebust (2002, s. 426) seier ei kategorisering ikkje er like opplagt. Det som startar som ein type, kan ende opp i ein andre type. Han seier kasus og kontekst ofte må diskuterast parallelt fordi omgrepa er tett samanvovne. Studien min har to perspektiv gjennom forskarspørsmåla. Det er frivilligsentralane si verksemd som er kasus og analyseeininga. Daglege leiarar og eigar/styre utgjer undereiningar som kjelde til informasjon for analyse. Dei frivillige utgjer ei anna undereining, men har to ulike informasjonsverdiar. Det eine er inn mot sentralen, den andre verdien er deira subjektive forklaring på kvifor dei er frivillige. Dette spørsmålet er ikkje knytt til sentralen som organisasjon nødvendigvis, men har meir generell verdi. Konteksten er her lokalsamfunn, retningslinjer og statlige tilskot. Retningslinjene og tilskota er like kontekstar, lokalsamfunna ulike.

I studien vil eg gjennom samtalar med dagleg leiarar, eigar sine representantar og dei frivillige freiste å få eit innblikk i deira subjektive opplevingar og erfaringar. Perspektivet eg søker å få er *innanfrå*. Kvale og Brinkmann (2009, s. 45). Då tek vi utgangspunkt i at den verkelege verda er den informantane oppfattar. Eg har tre informantar i kvart kasus som kan bidra til at ein får ei fyldig og rik beskriving innanfor dei tema eg er oppteken av og skal studere. Deskriptiv kasusstudie kjenneteiknast av å gje ei detaljert framstilling av fenomenen i følgje Berg (2009, s. 327). Myklebust (2002, s. 425) refererer til Clifford Geertz i korleis ei slik framstilling kan arte seg. »Thick description» er ein komplett og bokstaveleg beskriving av kasusa. Utfordringa blir å ikkje la framstillinga bli langdryge og lite opplysende, som «thick like fog».

4.4 Kriterium og utval av kasus

Når kartlegginga var gjennomført og dei organisatoriske forholda var systematisert, måtte eg velje tre sentralar som skulle utgjere mine kasus. Eg hadde no 16 sentralar med ulike eigarformer fordelt på alle regionane i fylket. I følgje Myklebust (2002, s. 43) er dette varierte kasus som representerar spreining på dei aktuelle dimensjonane. Alle sentralane har eit styre og like retningslinjer for drift og verksemd, spreining i dimensjon er her til dømes ulike typar eigarskap og ulike regionar. Det hadde vore vesentleg enklare, både tidsmessig og økonomisk og vald sentralar i mitt nærrområde. Slike kasus seier Myklebust (2002:43) er *lettvinte* kasus. For å sikre avstand til feltet eg studerer, valde eg difor ikkje dei næraste sentralane. Bortsett frå denne studien, har eg ikkje hatt kontakt med leiarane etter eg slutta som dagleg leiar.

Eg sette meg tre kriterier for strategisk utval av kasus;

1. Eg ønskte ein sentral frå kvar av dei tre regionane i fylket

Som ein ser av tabellen fordelar sentralane seg nokså likt regionvis;

<i>Nordfjord</i>	<i>Sunnfjord</i>	<i>Sogn</i>
5 sentralar	6 sentralar	5 sentralar

2. Eg ønskte alle eigarformene representert, altså kommunal, sivil/stifting⁷ og ei kombinert form for eigarskap, kommunal og stifting

<i>Eigarform</i>	<i>Nordfjord</i>	<i>Sunnfjord</i>	<i>Sogn</i>	<i>Tal sentralar</i>
Kommunal		5	4	9
Sivil/stifting	5		1	6
Kombinert form		1		1

Som tabellen viser, vart nokre val enklare enn andre når eg skulle velje eigarform. I regionen Nordfjord er alle sentralane sivile, eller eigd av stifting, som gav eit logisk val. Frå Nordfjord måtte eg altså velje den eigarforma. Vidare er det berre ein sentral som har kombinert eigarform, og den ligg i Sunnfjord. Det vart eit naturleg val. I Sogn er det fleire kommunale, og sidan det var denne typen eigarform som sto att, måtte den veljast frå Sogn. Neste steg var å velje frå dei fem sentralane i Nordfjord, altså sivile, og blant fire kommunale i Sogn. I Nordfjord takka to daglege leiarar tidleg nei til å vere med vidare. Eg gjekk no vidare til kriterie 3;

3. Eg ønskte variasjon i tidspunkt for etablering, frå «eldre» til relativt «ny» sentral.

⁷ Under eigarforma "sivil/stifting" er to sentralar eigd av foreiningar, og fire har stifting som eigarform. Desse er slått saman, heretter omtala som "sivil"

Eg ville gjerne ha variasjon i etableringstidpunkta. Årsaka til det er todelt. Det er interessant å finne ut om funksjonen til den eldste sentralen har endra seg. Det kan også vere slik at det tar tid å opparbeide seg ein funksjon. Sidan eg berre hadde eit val på den kombinerte eigarforma (frå Sunnfjord), starta eg med å sjå på etableringstidspunktet til denne sentralen først. For å få mest mogeleg spreiding valde eg dei andre to utifrå etableringstidpunkta. Eg valte soleis ut tre frivilligsentralar på bakgrunn av dei kriteria eg sette. Det er desse tre som utgjer mine kasus. Eg har ein frå kvar region med ulike eigarformer. Eg har ein sentral med frå oppstarten i 1991, ein frå 2002 og ein frå 2010.

Eg sende informasjonsskrivet om studien til dei tre daglege leiarane eg ønskte som kasus på bakgrunn av overståande (vedlegg 2). Skrivet inneheldt mellom anna litt om meg sjølv, bakgrunn og formål med studien. Eg la også vekt på å anonymisere, vern av opplysingar, samtykke og korleis intervjuet ville gå føre seg. Eg ønskte styreleiarane som informantar i to sentralar. Det var leiarane i sentralane som tok kontakt med dei aktuelle. For den kommunale ville eg gjerne ha med rådmann. Årsaka til det var å komme så *tett* på informasjonen. Særleg kommunen sitt formål og forventningar til sentralen. Han ønskte ikkje, eller hadde ikkje høve til å stille til intervju. Heldigvis takka etatsleiareren i det kommunale organisasjonskartet ja.

Når det gjeld dei frivillige informantane fekk eg hjelp av dei dagleg leiarane til å «peike ut» ein aktuell i kvar sentral. Eg hadde her eit kriterie, det skulle vere ein *karakteristisk* frivillig for sentralen. Det var altså leiarane som formidla informasjonsskrivet og gjorde avtale. I følge Pål Repstad (2007, s. 81) kan dette vere aktuelt når forskaren ikkje har same oversiktskunnskap som leiarane har, eller når forskaren ikkje direkte kan gå rundt i miljøet for å vurdere mulige kandidatar for intervju. Dette kan representere eit metodisk problem ved at dagleg leiarar bevisst eller ubevisst styrte meg mot dei *flinkaste* frivillige, mot dei frivillige som sentralen vert best *tent* med. Eg har likevel ikkje oppfatta det slik. Informantane er heller gode representantar for sentralane, som aktive og engasjerte frivillige.

Eg har tre intervju i kvar sentral. Ein dagleg leiar, ein eigarrepresentant og ein frivillig. Denne samansetninga av informantar dannar tre ulike ulike kjelder i lys av problemstillinga mi. Daglege leiarar er den som driftar sentralen, og er ein naturleg informant som kjelde for for å belyse verksemda. Eigar/styret er sentralen sitt øverste

organ⁸, og har ansvaret for sentralen. Det er styret som stakar ut kurs og verksemd, eg fant derfor deira rolle interessant. Desse kjeldene er informantar til første forskarspørsmål. Sentralane sine oppgåver vert i stor grad utført av frivillige, eg finn det derfor viktig å få fram deira røyst i det andre forskarspørsmålet. Denne informasjon er ikkje direkte knytt til sentralane som kasus, men har meir ein generell verdi. Deira egne grunngevingar til kvifor dei vel å engasjerar seg, sine egne motivasjonar og drivkrefter er viktig å få fram.

4.5 Intervju og transkribering

Forma i intervju har vore open og utforskande i denne undersøkinga. Det vart utarbeidd tre ulike intervjuguidar (vedlegg 4-6), ein for daglege leiarar, ein for eigarrepresentantar og ein for dei frivillige. Intervjuguiden blei sendt ut til informantane ei til to veker i forkant av intervjuet. Intervjuguiden bør ikkje brukast slavisk seier Repstad (2007, s. 78). Hensikta er at den kun skal brukast som huskeliste, slik at ein får med dei tema ein ønskjer. Det vanlege er ofte hovudspørsmål med nokre førebudde oppfølgingsspørsmål. Spørsmåla mine var sortert etter ulike tema som kunne gi svar på forskingsspørsmåla mine.

Intervjuet vart gjennomførte i løpet av 2 veker i juni 2015. På kvar plass, i kvart kasus, tok eg tre intervju same dag. Eg opplevde å bli tatt godt i mot av informantane. Ei av dei frivillige hadde tenkt mykje på intervjuet, og sa ho hadde *kvia* seg. Ho hadde mest ikkje sove natta før. Ho var usikker på intervjusituasjonen og spent på kven eg var. Eg gav meg god tid i forkant av intervjuet. Eg fortalde litt om meg sjølv, formålet med studien, og anonymisering av opplysningar. Eg informerte også kvifor eg tok samtalen opp på band og informantane fekk tid til å spørje om dei lurte på noko. *Brifing* omtalar Kvale og Brinkmann (2012, s. 141) denne introduseringa. Etter intervjuet sa kvinna at det ikkje hadde vore noko å *kvie* seg til.

Intervjuet, med unntak av eitt, føregjekk i frivilligsentralen sine lokaler, eller på møterom i nærleiken. Eitt av intervjuet føregjekk på offentleg kontor. Dei daglege leiarane hadde laga alt til på førehand. Sett på varme, laga til kaffi og te, og vi fekk noko å bite i (Som sunnfjordingen pleier seie, *ete fysst*).

⁸ Styret er øvste organ mellom årsmøte i kommunalt eigde sentralar (Retningslinjer for frivilligsentralar 2010). I stifting er styret øverste organ (Lov om Stiftelser (stiftelseslovven), 2001).

Vi fekk stort sett sitte uforstyrta. Eg nytta mobiltelefon som opptakar, mest av praktiske hensyn og god lyd kvalitet. Rekkefølga i intervjuet var same i kvart kasus. Eg hadde på førehand signalisert at intervjuet ville ta frå 1 til 1 1/2 time. I praksis brukte eg i underkant av ein 1/2 time til nærare 2. Eg tok notatar undervegs i samtalanene. Eg gav meg god tid etter at intervjuet var avslutta. Ved eit par høve kom det nye opplysningar fram. Dette er ikkje uvanleg i følge Kvale og Brinkmann (2012, s. 142). Ein bør tenke nøye gjennom korleis ein brukar desse opplysningane. Eg har valt å ikkje ta opplysningane med. Noko kunne kaste nytt lys som data, men samstundes meiner eg det var opplysningar som kom fram nettopp fordi bandet var av.

Eg opplevde at eg fekk god kontakt med informantane. Likevel har eg nokre refleksjonar rundt intervjusituasjonen. På det første opptaket høyrde eg meg sjølv bryte inn vel ofte. Nokre ganger for å oppklare, andre gangar for tidleg ute med oppfølgingsspørsmål. Det tenkjer eg kan verke forstyrrende, og det kan tenkast eg gjekk glipp av informasjon. Eg meiner eg tok lærdom av det til neste intervju. Eg hadde planlagt prøveintervju, men uforutsette hendingar gjorde eg ikkje ikkje fekk tid til det. I eit eller fleire prøveintervju kunne eg øvd meg på teknikkar som ville styrke kvaliteten. Særskilt kriteriane klar, open og kritisk (Kvale og Brinkmann 2012, s. 177).

Intervjuguidane var utforma som opne spørsmål, inndelt i oversiktskategoriar, med påfølgjande underspørsmål. Eg har noko blanda erfaringar her. Sidan fleire av informantane hadde budd seg til intervjuet med egne notatar, var det viktig at opplysningane fekk komme fram. Guidane vart derfor følgt meir slavisk enn det eg hadde førestilt meg. Truleg kunne spørsmåla vore betydeleg redusert i forarbeidet. Intervju er ein samtale som utviklar seg mellom to mennesker ansikt til ansikt. I ein transkripsjon blir samtalen abstrahert og fiksert i ei skriftleg form seier Kvale og Brinkmann (2012, s. 186-187). Eg transkriberte intervjuet fortløpande, og det vart ein meir tidkrevjande prosess enn det eg på førehand hadde førestilt meg. Stort sett fekk eg skrive ut alle tre intervjuet før neste kasusintervju. Det opplevde eg som nyttig, mellom anna fordi eg fekk høyrte gjennom kvaliteten på bandet. Eg skreiv ned opptaka ordrett, og noterte i parentes pausar og ulike kjensler. Eg hadde til slutt transkribert vel 60 sider frå ni intervju.

I eitt tilfelle var deler av samtalen vekke frå opptaket. Det var ein uheldig situasjon, som eg ikkje har lukkast å finne årsaka til. Eg transkriberte dette intervjuet påfølgjande dag,

med hjelp frå notata. Det var viktig for meg å ta det så fort som råd når minnet var best. Informanten fekk tilsendt intervjuet same dag som det var skrive. Dette for å sikre at alle opplysningane var komne med, og at noko ikkje var direkte eller indirekte feiltolka. Eg vurderte gjennomlesing og godkjenning av informantane i alle dei transkriberte tekstane. Det kunne kvalitetssikra pålitelegheita i datamaterialet. Tidsfaktoren var vesentleg for at dette ikkje vart gjort. I ettertid ser eg at ein med fordel kunne sett av meir tid til intervju med daglege leiarar, eller endra rekkefølga og hatt dei til slutt. Eg meiner vi kom i mål på ein god måte, men det kunne vore fint å hatt meir tid på avslutninga.

5.6 Analyse av intervju

Dei transkriberte tekstane frå ni intervju vart så analysert. I den hermeneutiske retninga er det ikkje nokon trinn-for-trinn metode seier Kvale og Brinkmann (2009, s. 217-218). Sentralt i det hermeneutiske perspektivet er forskaren sin heilheitsforståelse og for- forståing (Grønmo, 2004, s. 374-376). Ein ser vekselvis på heilskap og delar. Eit kasus, i form av ein frivilligsentral utgjer ein slik del. Kwart intervju utgjer også deler. Tekstane frå kartlegginga ein tredje del og so vidare. Slike prosessar utviklar forståing og innsikt, ikkje berre av det eine kasuset, men samanhengar mellom dei. Bestemte ytringar, eller informasjon må setjast inn i ein større samanheng. Frivilligsentralane kan til dømes ikkje sjåast avgrensa frå dei rammene som begrensar, eller forsterkar verksemdene. For å forstå konteksten, så må ein forstå dei ulike elementa av konteksten. Slike forhold gir ei heilhetlig forståing av feltet som skal studerast.

Grønmo (2004, s. 374) omtalar hermeneutisk analyse som kontekstuell fortolkning og heilhetleg forståing. I analysen inntok eg ei beskrivande holdning til materialet. Busch (2009, s. 216-217) gjengir Radnitzky sine hermeneutiske fortolkningsprinsipp. Eit prinsipp her er teksten sin autonomi, teksten bør forståast ut frå sin eigen referanseramme gjennom ei framstilling av kva teksten sjølv seier om tema. Dei transkriberte tekstane blei sortert etter sentral. Eg laga ei oversikt over dei tema som var aktuelle, basert på hovudfokusa i studien. I kvart intervju fortetta eg informasjonen. Utifrå denne framgangsmåten freista eg å hente ut informantane si eiga forteljing eller historie gjennom rekonstruering. Dette kan sjåast på som ein narrativ analyse. I følge Busch (2009, s. 229) blir ei ny historie fortalt på bakgrunn av det som blir sagt. Eg

måtte ta framstillinga omhende fleire ganger. Det var utfordrande å ikkje la framstillinga, eller historiene, bli for langdryge og for detaljerte sjølv for eit kausstudie.

5 Presentasjon av kasus

Eg skal i dette kapittelet presentere dei tre sentralane som utgjer mine kasus. I den føregåande analysen av dei transkriberte intervju, har eg freista å legge vekt på informantane sine eigne erfaringar og forteljingar. Det er deira historie eg vil få fram. Historiene blir fortalt gjennom mi rolle som formidlar, eller med deira eigne ord. Eg har derfor med ein del sitat. Sentralen si verksemd blir her sett i frå ulike ståstader, primært frå dei daglege leiarane og representantar for eigarane. Deira informasjon og subjektive erfaringar har eit sæleg fokus inn mot det første forskarspørsmålet, kva sentrale oppgåver utførar sentralane. Dette spørsmålet kan presiserast i delspørsmål som; kva aktivitetar er sentrale? kva målgrupper innrettar verksemda seg mot? I kva grad involverar eigar seg i verksemda?

Det andre forskarspørsmålet har ei noko anna tilnærming. Fokuset her er ikkje knytt til sentralane si verksemd, men handlar om dei frivillige som er knytta til sentralane. Eg søker å finne informantane sine eigne grunngevingar for det engasjementet. Eg tar utgangspunkt i to ulike retningar for dette spørsmålet. Handlar engasjement om altruisme? Eller opplever dei at arbeidet har nytte for seg sjølv?

Kvar sentral blir presentert for seg. Rekkjefølga er den same i alle kasusa. Først tek eg for meg konteksten til den enkelte sentral. Etter det kjem informasjonen frå dagleg leiar, deretter eigarrepresentane og til slutt den frivillige informanten. Nokre informantar har fått meir plass enn andre. Det betyr nødvendigvis ikkje at nokon er viktigare enn andre, men dei har ulikt på hjartet.

5.1 *Ein-til-ein hjelpa er viktig*

Sentral A, er kommunalt eigd og starta opp i 2010. Her var eldrerådet aktive for å få den etablert. Ein-til-ein hjelp til heimebuande eldre var ei vesentleg oppgåve for oppstarten. Dagleg leiar vart tilsett i halv stilling få år etter. Ho har arbeidd i fleire ulike kommunale sektorar gjennom mange år. Stillinga som dagleg leiar vert kombinert med anna arbeid innanfor helse- og sosialsektoren i kommunen. Frivilligsentralen ligg under etaten kultur- og formidling i det kommunale organisasjonskartet. I styret for sentralen sit 5 representantar med personleg vararepresentantar. Her finn ein kommunale representantar, men flest frå ulike lag- og organisasjonar. Det er eldrerådet sin

representant som er styreleiar. Dagleg leiar har kontor i eit eige bygg. I same området er det fleire av lokalitetane til helse- og omsorgssektoren. Der er det lokal for samankomstar og møter som ho kan nytte seg av. Frivilligsentralen ligg altså fysisk atskilt frå kommuneadministrasjonen. Frivilligsentralen har flest pensjonistar som er frivillige, *eldre* kvinnelege pensjonistar.

Praktisk hjelp til heimebuande og tid til ein prat

Dagleg leiar fortel at dei har mange forskjellige aktivitetar. Sentralen er mellom anna involvert i å tilretteleggje gudstenester for eldre og demente, seniornett, leksehjelp, rockekonsert og aktivitetsveke for barn. Sentralen har bidrege til å få utdanna treningskontaktar i kommunen og instruktørar i stavgang. Ei vesentleg oppgåve for sentralen er å formidle ein-til-ein hjelp fortel dagleg leiar. Den som har behov for hjelp kontaktar då leiaren, som formildar ein frivillig til å utføre oppgåva. Målgruppa er særskilt eldre- og uføre heimebuande. Oppgåvene ein-til-ein varierer. Det kan vere hagearbeide, stable ved, måke snø, hundetur og strøing. Nokre treng hjelp til skyss for å handle og gjere andre ærend. Andre har behov for *berre* ein køyretur, eller har behov for det sosiale at nokon har tid til ein prat. Det sosiale er minst like viktige som sjølve oppgåvene fortel ho, at nokon kan stille med praktisk hjelp og har tid til ein kaffitår og ein prat. Det er sjeldan ho har sagt nei til dei som treng ein-til-ein hjelp. Som *faste* oppdrag har det hendt. Leiaren har då informert at dei må finne nokon dei kan betale for tenesta. «Ein må sortere litt, sjå kven so spør. Om nokon spør for å få det gratis, ja det lika eg ikkje heilt. Då kan vi føle oss utnytta, men det er ikkje ofte».

Ein vesentleg samarbeidspart er heimesjukepleia. Ei av oppgåvene er mellom anna følgjeteneste for heimebuande eldre. Leiaren er oppteken av at tidsbruken til dei frivillige skal vere 1-2 timar for slike oppdrag. Andre sentrale oppgåver for denne sentralen er aktivitetar på sjukeheimen. Dagleg leiar fortel ho har eit tett samarbeid med aktivtøren der. Sentralen har faste aktivitetar om lag tre dagar for veka på *heimen*. Tilbodet er til pasientar, men også ope for heimebuande. Oppgåvene er å besøke einskildpasientar eller treffe fleire på stova. Dei frivillige har lesestund, går på tur i området og har fast bingo ein dag for veka. Somme tider lagar dei til natursti og har juleverkstad. Pasientar og bebuarar set veldig pris på dei frivillige. Ho trur mange av aktivitetane ville vore vekke om dei frivillige ikkje var med å hjelpte til.

Leiaren sine ord;

.....Eg samarbeider tett med aktivtøren der. Vi har eit godt samarbeid vil eg seie... Eg ser klart vi er ein ekstra ressurs, men vi skal eigentleg ikkje ha ansvaret når vi er der. Det har skjedd ein gang under sitjedansen at vi måtte følgje nokon på toalettet, og då måtte eg gje beskjed....Ja, der er eg tydeleg, det skal vi ikkje setje frivillige til, vi skal ikkje erstatte andre...

Leiaren trekkjer også fram etaten for tilrettelagde tenester som ein viktig samarbeidspart. Der er det mykje aktivitet, og alt lar seg ikkje talfeste. Det er oppgåver ho har sagt nei til, mellom anna frå kommunen om følgje til brukarar og pasientar i psykisk helseteneste. «Eg tykkje det er ei eit stort ansvar som eg ikkje vil pålegge frivillige. Det er ein grunn til at dei bur der. Og er det lovpålagt så er det ein grunn for det». Dei har fått spørsmål om om å køyre middag, det har dei sagt nei til førebels. Det er til diskusjon i styret som ei framtidig oppgåve, men ho er noko skeptisk til det. «Nei altså...no er det andre som har den jobben, jobbtilbod gjennom Nav, og då vil ikkje vi gå dei i næringa..dessutan trur eg da er for stort oppdrag for oss rett og slett». Leiaren meiner dei yngre pensjonistane ser ut til å ha mindre tid. Dei verkar oppteken med eigne ting, som reiser og barnebarn. Dei yngre pensjonistane deltek som frivillige til einskilde oppgåver. Dei er litt til og frå, gjerne til spontane oppgåver.

Plassert i kultursektor, men sterke band til helse- og omsorgsektoren

Dagleg leiar fortel at sentralen ser ut til å ha fått endra status i bygda. Dei er blitt mellom anna meir synlege. For ei tid tilbake vart kommunesenteret råka av ei stor naturkatastrofe som involverte mange av innbyggjarane i kommunen. Leiaren vart gjennom kriseteamet tidleg involvert i det praktiske arbeidet. Det var mange oppgåver på ein gang, og det måtte skje raskt. Hennar oppgåve vart var mellom anna å ta i mot folk som trong hjelp av forskjellige slag. Detaljkunnskapar om bygda og folket var veldig viktig i dette arbeidet. Ho kunne ta kontakt med folk fordi ho kjende bakgrunnen deira, kven so kunne vere eigna til dei ulike oppgåvene. Det kom nye frivillige til på den måten, dei *faste* prøvde ho å spare på. Dei kunne vere gode å ha i etterkant. Det sosiale vart viktig seinare, for mange trengde nokon å snakke med om det som hadde vore vanskeleg.

Sentralen sine oppgåver er lite styrt av kommuneøkonomien fortel leiaren. Dei har eige styre som utarbeider og godkjenner planar. Rekneskapen er adskilt frå kommunen sitt

og sentralen har derfor eigen kasserar. Kommunen løyver årleg tilskot, og held i tillegg kontorfasilitetane. Ho har liten kontakt med kommuneadministrasjon, altså etatsleiar, *litt* meir til kulturleiar. Inn mot dei ulike sektorane er det særskilt helse-, omsorg og sosialsektoren det er tettast band og kontakt. Det har kome spørsmål frå helse- og sosialsektoren om sentralen kunne tenkje seg å byte til deira sektor. Det har ho takka nei til fordi aktiviteten og oppgåvene kan bli meir styrt. Ho er dessutan *redd* det kan bli lovpålagde oppgåver. Kontakten til styret, og særleg styreleiar er veldig bra fortel leiaren. Styret er aktive og samarbeidet er tett, men ho opplever dei ikkje styrande. Dei er veldig klar over oppgåvene til sentralen og er oppteken av oppgåvene som vert gjort, og framtidige oppgåver. Om det dukkar opp noko, eller ho ønskjer å diskutere ei sak føler ho seg alltid velkommen å ta kontakt med styret, og særskilt styreleiaren. Denne sporadiske kontakten går begge vegar. Ho opplever god kontakt til fleire av lag- og organisasjonane i bygda. Det hender dei manglar frivillige til oppgåver og arrangement, og då kan leiaren hjelpe å få tak i frivillige.

For framtida trur dagleg leiar det vert endringar. Kanskje det vert mindre ein-til-ein hjelp, og at dei praktiske oppgåvene blir meir sosiale. Dei eldre er forsiktige, men når dei *nye* eldre kjem til så trur kvinna det vert annleis. Ho seier dei verkar meir frampå, for dei bestiller seg ting, betaler. Leiaren trur arbeidet vert meir og meir retta mot lag- og organisasjonar, til å koordinere og hjelpe dei etablerte laga. Kommunen vil også ha meir av sentralen til kommunale oppgåver som gjer at det merkast auka *påtrykk*. Det er særskilt oppgåver inn mot helse- og omsorg, men ho er usikker på kva det vert konkret. Ho trur det sosiale aspektet vert meir viktig, det å gå tur og ha nokon å snakke med. Middagskøyring har vore eit aktuelt tema, kanskje følgjeteneste vert oftare etterspurt. Når det gjeld kommunalt lovpålagde oppgåver, så seier leiaren alltid nei fortel ho. Eit døme er følgjeneste til pasientar som bur og *er* i psykiatrien. Eit anna døme er aktiviteten på sjukeheimen. Dei frivillige skal ikkje erstatte personalet, men vere ein *ekstra* ressurs til oppgåver dei har lyst til å gjere. Dagleg leiar seier sentralen ikkje har oppgåver i gråsona.

Kommunen vil ikkje blande seg i verksemda

Informanten er kommunalsjef for kultur og oppvekst, og har vore tilsett 2 ½ år. Ho fortel at ho ikkje har direkte hovudansvaret for sentralen. Det er kulturleiar som har personalansvaret for dagleg leiar. Ho verkar litt flau over å ikkje ha særleg kunnskap om frivilligsentralen, og beklager seg for det. Kommunalsjefen har ikkje kjennskap til bakgrunnen for oppstarten til sentralen, eller kva som er målsettingar for den. Kvinna seier sentralen gjer eit *kjempebra* arbeid på eit breitt område, og dei får mykje att for ressursane. Ei målsetting kan vere å organisere frivillig innsats blant folk som har overskot til å bidra. Kommunalsjefen trekkjer fram at sentralen gjorde ein svært god innsats under katastrofen. På spørsmålet om det er oppgåver sentralen ikkje skal ta på seg, er svaret å ikkje konkurrere med eksisterande arbeidsliv, altså ”gå andre i næringa”. Ho fortel at som eigar legg ikkje kommunen seg opp i oppgåver og aktivitar, eller styrer verksemda. Kommunen har heller ikkje ein klar og tydeleg oppgaveprofil. Skulle kommunen leggje seg opp i verksemda, måtte det vere om ein såg at sentralen jobba på ein måte som var uakseptabel, altså kunne gå inn å justere oppgåvene, men ho legg til at det ikkje er eit aktuelt tema når kommunen meiner sentralen arbeider godt slik den gjer og har god innsats med mange dugnadstimar. «Det er kjekt at ting fungerer sånn som det skal da. Da er det ikkje behov for at vi styre det egentlig. Å stå på egne ben er viktig, vere selvstendig..»

Ho fortel kommunen er representert i styret gjennom det politisk valde representantar, det er ordføraren som har dette vervet. Kvinna har delteke på årsmøte to gangar, og har vore med på juleavslutninga for dei frivillige.

På spørsmål om sentralen tek på seg kommunale oppgåver, eller i gråsona svarar leiaren at sentralen ikkje gjer det. Det har heller ikkje blitt diskutert eller problematisert på dei møta ho har delteke. Om rolla til sentralen i framtida seier kommunalsjefen at sentralen er og kan bli viktig til samfunnsnyttige oppgåver. Det kjem gjerne til friske pensjonistar som kan vere aktive lenger. Dårlegare kommuneøkonomi kan føre til instramingar på sine oppgåver, og då kan frivilligsentralane gje eit godt supplement. Kanskje også retta mot yngre som fell utanfor arbeidslivet, men som har kapasitet til å vere med i det frivillig arbeidet. Kommunalsjefen seier det er uheldig om tilskota til frivilligsentralane leggst inn i dei kommunale rammetilskota, og ikkje øyremerka som no. Ho seier at alt som ikkje er øyremerka kan ein fort miste retninga på, men at det sjølvsagt kjem an på

medvitet rundt tilskotsbruken. Det er ein fare for at midlane i enklare grad kan bli oppspist.

Det er gjevande å snakke med dei eldre

Knut er i 70 åra og har vore frivillig i tre år. Han er gift og har familie. Informanten har ein allsidig yrkesbakgrunn, mellom anna i butikk. For 12 år sidan skranta helsa noko, så han måtte ta det med ro ei stund fortel han. Informanten har vore aktiv i fleire lag- og organisasjonar tidlegare, men ikkje no lenger. Med familie, barnebarn og hus har han ikkje direkte noko fritidsproblem. Det er ikkje mangel på fritidssyslar som gjer at har lyst til å engasjere seg som frivillig. Då eg spurte korleis han vart frivillig, fortel han at det var noko han hadde tenkt på det ei stund og snakka med kona om. Han fortel «Eg har alltid hatt kontakt med eldre folk...du kan seie, eg fekk så god kontakt med dei på butikken». Han møtte den tidlegare daglege leiaren, og sa i frå at han gjerne kunne vere med å gjere noko. Arbeidet som frivillig er gjennomsnittleg ein til to gangar for veka. Oppgåvene er variert fortel han. Nokre av oppgåvene er ein-til-ein. Det kan vere å klippe plen, bære inn ved og ta ein prat. Han gav beskjed til dagleg leiar at han godt kunne tenkje seg fleire av oppdraga borte på *heimen*, som besøksven. Det vert ikkje for mykje arbeid, og han bestemmer sjølv kor ofte og kor lenge han kan bidra. *Kan eg ikkje ein dag, så er no da heilt greitt da'»*.

Mannen tykkjer sitt eige bidrag ikkje er so *svært* å prate om, eller er noko usedvanleg. Når eg kjem inn på motivasjonen, kva han sjølv får att for det han gjer og kvifor han engasjerer seg, seier han;

Det er gjevande å snakka med dei...dei har livserfaring...eg har veldig stor interesse for lokalhistorie og menneska..so har eg so mykje til felles med dei. Eg er oppteken av folket, slekta, kor dei kom frå og sånn...Det går hand i hand med å hjelpe. Dei so hugsar dårleg..dei kan likevel slike ting. Mange hugsar det so har skjedd før.. Eg finn stor glede i det.. og dei set pris på da.

Han fortel at arbeidet er lystbetont fordi det gjer at han sjølv har glede av å prate med dei eldre. Det gjev han noko tilbake når dei kan prate om dei tema dei eldre kan godt og har kunnskapar om. Det er særleg menneska og dei livshistoriene dei kan fortelje som fengjer interesse. Han har sjølv mange bygdebøker og har kunnskap om det dei eldre kan fortelje. Han føler soleis på at samtalane er likeverdige, dei både gir glede, og han får sjølv mykje glede av dei.

Han fortel han føler seg godt i varetaken som frivillig. Han kan ta seg ein tur innom dagleg leiar på kontoret. Det er ikkje noko høgtidleg. Det er ei opa dør seier han. Frivilligsentralen er lett tilgjengeleg for menneske som har bruk for hjelp. Det er enkelt å få hjelp, ikkje noko byråkrati meiner den frivillige. Han trur kanskje at oppgåvene mange frivillige gjer, kan føre til at mange kan bu lenger heime at da vert noko enklare, og legg til; «Mange eldre har sut for da vi ser på som små bagatellar, da kan vere ei lita praktisk hjelp men som betyr so mykje». Han fortel mykje om hendinga på nyåret i fjor. Det var ei stor påkjenning for mange. Dramatikken dei opplevde. Sjølv var han med som frivillig i arbeidet. Det vart mange timar. «Det vart no litt ekstra, utanom det vanlige. Ja, det var no spesielt..»

5.2 Middagskøyring er ei stor oppgåve

Sentral B, er sivil eigd. Den har to daglege leiarar som er tilsett i halv stilling kvar. Kvinnene er begge tilstades i intervjuet. Den eine har vore tilsett i 15 år, den andre er relativt ny i organisasjonen. Dei har begge helsefagleg utdanning. Det er den eine daglege leiaren som fører ordet. Dette har dei avtala på førehand. Begge tar likevel ordet over tema dei kvar for seg har reflektert over, eller har ulike oppfatningar av. Når eg omtalar så ”leiar”, er det på vegne av begge to i rollene som daglege leiarar i sentralen. Når eg nyttar ”ho” i sitat, er det den som førar ordet.

Sentralen er ein av dei eldste frå forsøksperioden til staten i 1991 fortel dagleg leiar. I fylket var det fire sentralar som starta opp dette året. For denne sentralen var det 13 lag- og organisasjonar i kommunen som stilte med eigenkapital for etablering. I forkant var det ei gruppe med helse- og sosialarbeidarar som var opptekne av å få etablert eit aktivitetssenter i sentrum. Utlysinga til helse- og sosialdepartementet passa som hand i hanske fortel dagleg leiar. Sentralen tok først namnet ”formidlingssentral for frivillige tenester”, men skifta namn til frivilligsentral i 1992. Målsettinga og formålet for etablering var oppgåver knytta mot helse-, sosial- og omsorgssektor. Her var mellom anna hjelpetiltak, trivselstiltak, og sosiale møteplassar. Dei har same lokaliteten som ved oppstarten. Lokala midt i sentrum er store og lett tilgjengelege. Sentralen sitt styre har 5 medlemmar. Ein er kommunen sin representant oppnemnt av kommunestyret. Dei andre 4 representerar ulike lag- og organisasjonar som var med på stiftinga. Styreleiaren sit for

Røde Kors, eit lag som har vore med frå starten. Finansieringa (eigar sin andel), kjem frå kommunen, momskompensasjon, grasrotmidlar, gjennom lotteritilsynet. Det vert ellers nokre kroner *her og der* fortel leiaren. Denne sentralen har mest aktive frivillige i aldersgruppa frå 70 år. Dei er aktive pensjonistar, utatretta og engasjerte fortel leiaren. Det er om lag like mange kvinner og menn.

Tenesteyting

Leiaren seier det vanskeleg å trekkje fram viktige oppgåver, fordi dei er viktige for menneska det gjeld. Sentralen har mange varierte oppgåver. Seniornett, strikkekveldar spesielt retta som integreringstiltak, besøkteneste til einsame eldre og samvære på omsorgssenteret. Sentralen har praktisk hjelp, ein-til-ein, organisering av nattevandring og rusfrie tiltak. Det har vore mindre etterspurnad etter ein-til-ein hjelpa fortel ho. Dei har faste frivillige til slike typer oppgåver, og har klare reglar for mengde og storleik. Ei stor oppgåve for denne sentralen er middagskøyning i dei tre grendene fortel leiaren. Det er ei ordning sentralen har administrert i lang tid, sidan 1990 talet. Ho fortel at fleire av sjåførane har fått *eigarskap* til rolla, som *sin* jobb:

Middagskøyninga er omfattande her. Vi har tre sjåførar i sving, kvar dag året rundt... Det er viktig å formidle at dei bind seg so mykje dei vil, at det er ei fleksibel ordning... Treng dei fri, eller skal på ferie, så byter dei innbyrdes, eller vi ordnar med vikar. Dei beste ambassadørane er dei frivillige sjølve. Han som stod her i stad... (...) (middagskøyningar), han har no minst rekruttert tre frivillige... Det er blitt ein populær jobb!

Ei anna oppgåve som viser seg å vere stort behov for i bygda er følgjeteneste. Privatpersonar, pårørande og omsorgstenesta tek kontakt med sentralen for å nytte tilbodet. Det er eit "team" damar som tek på seg følgjetenesta til sjukehus, tannlege, lege og slikt. Denne tenesta har sentralen formidla gjennom mange år. Ho seier:

...Vi er usikre på om dette er ei teneste vi skal fornye eller auke opp med fleire følgjarar der. Det er frykteleg krevjande oppgåve. Det er skyssordninga som gjer da krevjande, da er oppsamling og da vert lange dagar for dei frivillige..

Samtalen går over i samarbeidet mellom kommune og oppgåver, om det er gråsoner eller ikkje. Eg er nysgjerrig på følgjetenesta, og korleis den fungerer. Leiaren fortel dei fangar opp behov, og kva hjelpebehov det er snakk om når dei får spørsmålet at det er trong for følgje. Er det over i det som dei meiner ein pleiar bør, eller skal ta, så skal

ikkje frivillige ta det. «Dei er med som støtte og hjelp og skal ikkje ha krevjande oppgåve». Ei anna erfaring leiar har gjort seg, er det som kan oppfattast som *krav* frå tilsette i omsorgstenesta. Det er blitt sjølv sagt at det vert skaffa frivillige til følgjet; «Det har blitt sagt at om vedkommande skal få reise til augelege, må vi stille med folk». Det er planlagt eit møte med helse- og sosialleiareren for å *rydde* opp. Målet er å få vite meir om kva helse- og sosialleiareren meiner om denne utfordringa og korleis det kan løysast. Det kan og vere at dei tilsette ikkje veit nok om tenesta: «Det kan vere at tilbodet er etablert, og nokon trur kanskje at det berre er noko vi har tatt på seg for kommunen» seier dagleg leiar. Når eg spør om dei trur det kan ha rot i kommuneøkonomien, svarar dei to leiarane ulikt. Den eine trur ikkje det, for ho trur følgjetenesta er blitt eit etablert tilbod eller teneste. Den andre trur og' at tenesta kan kommunen spare pengar på. Ho seier: «Alternativet er at dei må leige inn ekstra personale til å følgje pasienten». Dette tiltaket seier dagleg leiar kan vere ei teneste som no er blitt i grenselandet.

Ønskjer å bli sett på som ein koordinerande ressurs

Sentralen har til no spelt ei rolle til den eldre delen av befolkninga fortel leiareren. I sterkare grad ønskjer dei bli synlege for alle, til breidda av innbyggjarane. Det har vore ein sentral som tradisjonelt har samarbeidd mykje med helse,- sosial,- og omsorgssektor, men dei opplever at fleire andre tek kontakt. Det kan til dømes vere kulturskule og bibliotek, så det er ein dreining over til andre kommunale sektorar blir eg fortalt. Dei samarbeidar godt med nokre lag- og organisasjonar. Dei låner gjerne ut lokala til dei som har bruk for det. Ho seier dei opnar dørene for andre. Leiararen ønskjer eit breiare samarbeid med lag- og organisasjonar, vere med der aktiviteten skjer og bli involvert. Dei har hatt ulike prosjekt på gang. Det er ei endringar frå tidlegare praksis. Dei seier dei finn det inspirerande.

Informanten fortel det eine prosjektet heiter «Auka livsglede og inkluderande fellesskap gjennom frivillig arbeid». Det er eit samarbeid med andre frivilligsentralar i regionen. Prosjektet er ein studie som omhandlar korleis ein kan rekruttere frivillige. Til prosjektet fekk dei ei økonomisk løyving frå Helsedirektoratet. Eit anna prosjekt er i samarbeid med kommunen, eldrelaget og pensjonistlaget. Prosjektet går ut på å opprette møteplassar og aktivitet for seniorar. Ho seier: «Vi vart veldig glad når kommunen skulle ha det prosjektet og inviterte oss med, at vi får ta del i det».

Leiaren er oppteken av å ta godt i mot dei frivillige, halde opa dør. Det kan gjere til at dei frivillige opplever tilknytting til sentralen som møtestad. Det skal vere ein plass å komme innom og ta ein kaffi. Leiaren meiner det er viktig å ta vare på dei frivillige, dei som gjev hjelpa. Ho fortel: «Vi ser at når dei har ærend inn, so gjer dei seg tid, vil prate. Dei føler kanskje på at det er *deira* frivilligsentral». På frivilligdagen, 5. desember, vert alle inviterte til samkome. Dei får konfekt til jul, blomsterhelsing til runde årsmålsdagar og gåve når dei sluttar. I framtida trur leiaren at oppgåvene vert meir retta mot koordinering og samkøyring, både for kommune og mot lag- og organisasjonar. Ho fortel det er fleire kommunar som snakkar om frivilligkoordinatorar, men håpar kommunen kan bruke dei og deira kompetanse. Ho utdjupar:

...Det er no ikkje berre kommunen vår, ..men generelt at ein skal løyse framtidige oppgåver, ja då må ein ta i bruk dei frivillige. Vi håpar at vi blir invitert med, at det er naturleg vi er med å finn løysing på dette... Vi må få vere med å løyse dei oppgåvene som er viktige for samfunnet, for vår eksistens. Då må vi vere med på det, og så skal vi sjølvsagt legge premissar og ivareta dei frivillige som før..

Sjølvgåande sentral

Kvinna har vore med i styret i sju år, alle åra som styreleiar. Om rolla hennar fortel ho at sentralen er i stor grad sjølvgåande. Ho godkjenner styresaker, innkallinga og leiar møta. Styreleiaren har arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette, og fortel ho har døra open og inviterer til kontakt om det er noko særskilt mellom møta. Styreleiaren fortel at oppgåvene til sentralen i vesentleg grad er innanfor opphavet i 1991. Mot helse-, sosial- og omsorgssektor, men ho trur det vert ei endring, at rolla til sentralen blir meir som koordinerande eining. Det er også ei målsetting for arbeidet sentralen skal halde på med.

Ho seier ho trur oppgåva med middagskøyring gjer til at folk kan bu lenger heime: «Dei eldre set pris på å slå av ein prat, at nokon kjem innom...er tryggleik det og... Det har hendt det har kome bekymringsmeldingar frå sjåførane...ja dei observerar jo og...». Kommunen betaler eit tilskot til sentralen for denne servicen. Når det gjeld oppgåver sentralen ikkje skal ta på seg, seier styreleiaren at dei diskuterer oppgåvene på møta. Ei av oppgåvene dei har diskutert er mellom anna følgjetenesta, særskilt der det er lang reisetid. Det vert rett og slett for slitsamt. Ei anna oppgåve dei har vurdert kutte er besøkstenesta. Informanten fortel at det er mange eldre som utføre denne tenesta, og dei er etterkvart blitt eldre sjølv.

Informanten seier sentralen ikkje tar på seg lovpålagde kommunale oppgåver og fortel: «Eg trur kanskje dei kommunalt eigde sentralane kan bli meir styrte, at kommunen blandar seg meir inn og stiller krav til oppgåvene som vert utført». Styret er med og bestemmer oppgåver, men kjem ikkje med forslag til nye oppgåver og tiltak sånn utan vidare fortel styreleiaren. Det er nødvendig med frivillige til å gjere oppgåvene. Ein kan derfor ikkje berre bestemme å iverksettje oppgåver forklarar ho. Frivilligsentralen er eit lavterskel tilbod for både dei som vil yte, og dei som treng hjelp. Dei eldre veit kor sentralen ligg, dei er godt kjende med daglege leiarar fortel ho, og legg til: «Det er ei styrkje i arbeidet...Men vi håpar den skal synleggjerast for fleire, at vi kan kapre fleire yngre menneske... her har vi ei opa dør. Eg meiner folk vert tatt godt i mot, og dei lete vel». Styreleiaren seier ho trur det vert endring framover. Det vert truleg meir koordinering og rolla til sentralen vert sterkare i hjelpefunksjonen. Ho seier:

Dei snakkar om det innafor mange område. No har bustadmønsteret endra seg. Det er ikkje alle som har familie nær seg. Eg trur det er mykje meir einsemd enn før. At mange er einsame i denne verda.. Eg trur difor det sosiale vert viktig i større grad. Å inkludere menneske...

Styreleiar fortel dei sleit økonomisk for ei tid tilbake. Styret gjekk då ut til alle stifterane og *tigga* pengar, og dette gjekk greit. Seinare har dei ikkje hatt slike økonomiske bekymringar. Dei treng mellom anna den kommunale støtta for å drive den. Ho legg til at det statlege tilskotet er heilt avgjerande for å kunne halde på sentralen. "Om vi ikkje har dette tilskotet, då kan vi like godt stenge". Ho fortel vidare at ho meiner dei statlege retningslinjene tek omsyn til lokalt særpreg.

Eg trur dei er bra. Etter eg starta så har oppgåvene meir og meir blitt retta mot kultur og integrering og slikt. Det er jo det dei skriv mest om i stortingsmeldingane sine, men vi har ikkje noko problem med at vi er meir helse- og sosialretta

Den gode følelsen

Informanten, Kari, er ei kvinne på vel 75 år, ho er engasjert og open. Ho er einsleg med vaksne born. Kvinna har helse-pedagogisk utdanning. Ho blei pensjonist for 15 år sidan, og har vore frivillig sidan det. Ho reiser mykje, er glad i historie, land, folk og kulturar. Kvinna er også instruktør i seniordans, går mykje på tur og likar hagearbeid. Informanten si første oppgåve var å hjelpe ein synshemma mann med å lese posten. Han

budde i nærleiken, og ho var der ofte for å hjelpe med forskjellige oppgåver. Kvinna fortel om dei mange og ulike oppgåver ho har hatt gjennom åra. I starten var det å besøke eldre menneske heime, vere ein besøksven. Ein kunne gå tur, lese i avisa, snakke om saker i bygda, handle og slikt. Kvinna er og' besøksven på sjukeheimen og ho følgjer folk til sjukehus, lege, konsertar og slike ting: «Eg har hjelpt til med bingo og so har eg hatt sittedans.... Ja, det er fantastisk for eldre folk!!»

Informanten fortel om faste sittedans grupper på sjukeheimen, både for heimebuande (herunder omsorgsbustad), og på avdeling. På sjukeheimen vart ho spurt av om ho kunne tenke seg å ha det. Det var ikkje så vellukka eigentleg. Ho fortel:

Det var så urolig der...det var ut og inn, forskjellige folk og sånn...det var betre den gruppa eg hadde nede i kjellaren, bufellesskap. Der sat dei klare når eg kom, og det var fast klientell, oppe var det ut og inn...

Sittedansgruppe for demente har vore ein aktivitet i eitt års tid. Det var informanten sjølv som tok initiativ til oppgåva. Kvinna har med seg ein nabo og ven som hjelpar. Aktiviteten føregår på lørdagar, ein dag det ikkje elles er so mykje aktivitet blir eg fortalt. Det er gjerne noko ho kunne halde fram med til hausten. Dei opplever det som vellukka. Om arbeidet hennar som besøksven, på sittedansen og andre aktivitetar seier ho:

Eg synest det er så godt å få til ein samtale, og eg syng masse...masse! Det kan gå i julesongar, på sætra..og so får eg dei til å fortelje så masse...når dei gjekk til støls, den tida.., ja då får dei stjerner i augo...Og så har vi jula med nedvasking og julekaker...Eg synest det er så godt å få til ein samtale...då føler eg liksom at eg har klart å trykke på den rette knappen!.. Ja, det er mange som ellers er i *hytt og vær*, men dette det' hugsar dei...

Informanten fortel om følgjetenesta. Ho er ofte er med som hjelpar og følgjar. Desse oppdraga er ofte gjennom frivilligsentralen, men det hender helsevesenet sjølv tar kontakt, eller bekjente av den som treng følgje. Det har blitt mange turar i drosje til sjukehus, eller for den del følgt sjukehusbussen. Eg spør om ho er følgje til sjukeheimspasientar, og kvinna bekrefter det,- ” ja mangel!”. Det kan vere ganske slitsomt både for pasientar og følgje, det er ventetid, mange andre pasientar som skal vere med, *ut og inn* av folk. Nokon er kanskje litt utolmodige. Ho lyt vere oppmerksom heile tida, og legg til: «Ja, men det er jo berre slik i dag, er ikkje greit dette systemet...»

Kvinna har teke på seg fleire *private* oppdrag som frivillig. Då er det til dømes familie som tek kontakt. Ho fortel ho reiser på besøk, og då finn dei gjerne på noko å gjere. Ho har inntrykk av at det er viktig til dømes for ektefelle. Då får ektefellen gjere andre ting, blir avlasta. Eit anna oppdrag informanten fortel om, er også av privat karakter. Det vil seie at oppdraget ikkje var gjennom frivilligsentralen, men gjennom helsevesenet og pårørande. Informanten vart kontakta av slektningar. Dei hadde høyrte ho tok på meg *slike* oppdrag, som følgje. Det var helsevesenet i kommunen som ordna med billetter og organiserte turen. Ho følgde same pasienten tre gongar til eit sjukehus Oslo.

Informanten fortel:

Ho var *grådig* engsteleg... hadde nok aldri vore ute å reist eigentleg...Då måtte eg vere med ho.. gjennom heile systemet... Det var ikkje så lett for meg...for eg visste eigentleg ikkje så mykje...

Den eine oppdraget varte i tre dagar. Då overnatta informanten hos familie. Den andre gongen skulle pasienten leggest inn for behandling. Informanten fortel ho reiste heim med fly, for deretter kome tilbake for å vere følgje då pasienten var ferdig behandla. Ho fortel det vart litt *pinleg*. Ho hadde billetter som skulle refunderast, og vende seg til tidlegare Nav med dette ærendet. Då fekk ho beskjed om at ho ikkje skulle reise med fly heim, men reise på billegaste måten, altså buss. Ho tykte det ikkje var rett behandling. Det var ikkje betaling av noko slag, bortsett frå ein symbolsk sum til å dekke kost. Vi pratar vidare om sjølve oppdraget, ho seier: ”Dei turane der, ja dei var på kanten. Eg tek aldri noko slikt meir”.

Det er viktig for informanten å føle seg trygg på kva ho skal gjere. Ho fortel ho har lang erfaring med menneske, og kjenner kor grensene går. Ho har avgrensing på kva ho vil og ikkje vil. Informanten føler seg vel ivaretatt av dei daglege leiarar ved frivilligsentralen. Dei ringjer ofte for å spørje korleis oppdraget har gått, eller spørje korleis det går. Ho seier:

Det er ein god betryggelse...det å ha nokon i ryggen er veldig greit, nokon å ta kontakt med om det skulle vere noko... Dei har god takhøgde, og eg er no ganske open også, så eg gjer beskjed om det er noko...

Gjennom samtalen kjem vi nærare inn på tema om kvifor ho er frivillig. Kva som gjer at ho engasjerar seg. Informanten forklarar at det betyr mykje for ho personleg. Ho likar å hjelpe til, og seier ein ho kan bruke ein del tid og krefter på dei som treng det. Det er

også lærerikt fortel ho. Det kan vere å lære om sjukdommar, og korleis generelt er å bli eldre. Det gir ho likevel so mykje tilbake. Ho fortel:

Eg ser kor glad mange av dei blir, dei takkar, det er heilt utruleg kor lite som skal til for å oppmuntre folk.... Eg følar på det sjølv at eg har gjort noko positivt for nokon.....det er ein god følelse.... Det å få til å trykke på dei rette knappane, få i gang samtale og glede. Eg leikar og brukar fantasi, det er *grådig* viktig det.... Eg synest også oppgåvene er kjekke, ja slik som sittedansen.

Om frivilligsentralen sine oppgåver i framtida, trur informanten at sentralen blir vel så viktig. Informanten kjem sjølv inn på tema om sjukeheim og aldersheim, og seier:

Pasientane får jo dekkja sine basale behov som mat...medisin...stell...men akkurat kultur og ting som kan vere kjekt for dei, det har dei ikkje kapasitet til... Dessutan leve mange lengre og bur heime lenger...kanskje dei *sete* berre der..mange har heller ikkje pårørande buande i nærområdet heller...Så eg trur det er behov for slike oppgåver og aktivitetar...

5.3 *Kafeane i grendene betyr mykje*

Sentral C, har kombinert eigarform. Dagleg leiar vore tilsett i halv stilling frå oppstarten. I 1997 tok pensjonistlaget og kyrkja initiativ til oppstart av ein sentral, men planane stranda fordi dei ikkje fekk finansiert den lokale delen. Dagleg leiar fortel sentralen formelt starta opp med tilskot i 2003. Han seier etableringa var nokså uformellt, og var langt på veg etter sitt eige intitiativ. Eit par år før dreiv sentralen utan den formelle godkjenninga. Den første tida styrde han heile «butikken» sjølv, og hadde med seg nokre frivillige. For å få sentralen formelt i gang, vart det skipa til informasjonsmøte der representantar for 20 lag- og organisasjonar møtte. Målet var å få klarlagt om nokre kunne tenke seg å ha eigarønskje i sentralen. Kommunen garanterte for den lokale finansieringa av sentralen. Det var to lag, Røde Kors og eit bygdekvinnelag som til slutt stod att som eigar av sentralen saman med kommunen. Styret i sentralen har 5 medlemmar. To av dei er representantar frå laga som er medeigar. Vidare er det to kommunale representantar, der den eine er politisk valt og ein oppnemnd av kommuneadministrasjonen. Den siste er oppnemnd av dei frivillige. Styreleiaren er i dag kommunen sin representant. Dei mest aktive frivillige i denne sentralen er frå 65 år og oppover i alder. Kvinnene er i fleirtal. Mange har vore aktive gjennom fleire år, og har relativt høg alder.

Trygge arena for sosiale samankomstar

Dagleg leiar fortel at oppgåver og aktivitet som *gjennomstyrar* sentralen er førebyggjande helsearbeid, eller folkehelsearbeid: «Det er eigentleg alt frå å dele ut strøsand, settje piggar på krykkjer til å lage gode og sosiale møteplassar, som styrkar både den fysiske helsa, som den mentale». Sentralen har mange oppgåver, til dømes ulike typar kafear og sosiale møteplassar i bygdene kringom. Det er fleire typar trivselstiltak på sjukeheimen. Det er bok-kafe, musikkverkstad for ungdom, ungdomsaktivitetar til vårnatta 1. mai, ulike typar arrangement knytt til den kulturelle spaserstokken, seniordans, seniornett, ein-til-ein oppgåver og besøksteneste. Han fortel at ei stor oppgåve er faste aktivitetar på dagsenteret for eldre på sjukeheimen. Her samarbeider leiaren tett med aktiviteten, og oppgåvene er meir sosialt retta fortel han. Dei faste kafeane som sosial møteplass i bygdene er og' viktige. Då er det dei frivillige som lagar til etter ei turnusliste. Han seier:

For mange er kafeen vekas høgdepunkt! Vi kan ikkje legge andre aktivitetar eller handlingar til nett **den** dagen.... for då er det jo ingen som møter. Då er kafeen det aller viktigaste!..... Dei har også omsut for kvarandre...og når nokon av dei faste *stamgjestene* ikkje møter, ja då kan dei ringje etter kvarandre og sjekkar kor han eller ho vart av..Dei passar soleis også på kvarandre..

Dagleg leiar fortel at brukargruppa er mest eldre, og derfor må det vere ganske føreseieleg, noko fast og noko kjent. Mange nyttar seg av serviceskysordninga som sentralen administrerer. Då bestiller dei plass i bilen, og vert henta og bringa like heim. Tryggleik seier leiaren kanskje er eit stikkord for at tenesta er blitt så populær. Han fortel:

....Dei som jobbar med psykisk helse seier at nokre menneske ikkje er ute av døra elles i veka... dei har kanskje sosial angst, men dette opplevast trygt... Det er dei same sjåførane som køyre brukarane til legen og slikt, og dei kjenner kvarandre..Brukarane kjenner folka på kafeen og.... Det er viktig å ha faste råmer og haldepunkt, at det er trygt. Det er kanskje slik at mange ikkje tykkjer det å komme saman for å drikke kaffi og ete vaffel er so mykje å rope hurra for, men det er so mykje meir ved det.. Ja, det er sosialt. Dei får prate, handle matvarer, dei får so mykje meir enn berre den kaffikoppen

Ledigang til faste rammer

Dagleg leiar fortel vidare om eit større prosjekt, «Aktiv prosjektet», som vart iverksett saman med det lokale Nav kontoret i 2012. Første gongen leiaren tok kontakt med Nav var i 2010. Han trengte folk so kunne ta på seg praktiske oppgåver. Det kunne vere å ordne med strøsand, klippe plenar og måke snø. Intensjonen til leiaren var god, men gav ikkje noko resultat. «Da' kokte i grunn ut i kålen...Eg sa at vi trengde midlar for å kjøpe arbeidsklede, verneutstyr og litt til driftsutgifter... Men det var no ikkje noko slike midlar fekk eg beskjed på..».

Seinare tok den nye leiaren på Nav kontakt med han, og det vart laga ein rammeplan. Det var ei enkel avtale mellom Nav, kommunen og sentralen. Dagleg leiar fekk midlar til sentralen som «arbeidspraksis i ordinær virksomhet»⁹. Fleire i denne målgruppa vart dermed «slusa» frå Nav, til aktivitet i frivilligsentralen sin regi. Han fortel det er ungdommar som blir prioritert, og ofte dei som hadde droppa ut av vidaregåande skule av ulike årsaker: « Det er viktig å få dei til å møte, gje dei arbeidsoppgåver som dei kan meistre....Gje skryt, altså gje dei fornuftige ting å halde på med».

I 2013 vart prosjektet utvida. Leiaren fortel at han søkte og fekk tilsegn på 3-årige prosjektmidlar via Arbeids- og velferdsdirektoratet si utlysing til frivillige organisasjonar. No blei målgruppa utvida til også å gjelde menneske med rusproblem og straffedømde. Dei som er domfelte sonar siste delen gjennom *samfunnsnyttig innsats* i prosjektet. Dagleg leiar har tett kontakt med arbeidsleiar, Nav, kriminalomsorga og ruskoordinator i oppfølginga av brukarane. Prosjektmidlane førte til at dei kunne tilsette ein arbeidsleiar i 40 % stilling. Mykje av arbeidet handlar om integrering fortel leiaren. Det å gje menneska meiningsfulle oppgåver, ein ny start. Dei aller fleste har avslutta prosjektet med fast jobb, studieplass eller praksisplass. Det praktiske arbeidet i prosjektet har vore retta mot private personar og kommunen. Han fortel dei og'har pussa opp eit hus for idrettslaget i bygda. No er det fire av deltakarane i prosjektet som skal på kurs for å ta sertifikat på lift, så det handlar og' om kompetansebygging. Han fortel:

Ein var hos oss veldig lenge...ja, han var veldig lite motivert i grunn... Han kom ein dag, og var vekke neste dag... Han reiste også heim før han skulle, og ja...so oppdaga eg etter kvart at han vart meir og meir presis... Han møtte opp kvar dag,

⁹«Arbeidspraksis i ordinær virksomhet kan vere aktuelt for dei som vil sjå om dei kan meistre ein bestemt type jobb, eller trenge ein referanse mens dei søker ordinert arbeid», (NAV 2015)

og til slutt når eg skulle låse opp og koke kaffi til gjengen på morgonen, då sat han på trappa og venta... Frå då av var han den første som kom faktisk... Ein annan ting som har slått meg...Sentralen har firmabil med sentralen sin logo på...og dei har like arbeidsklede..so kjem dei i bilen med blinklys på taket.. Dei er rake i ryggen, har ein jobb..er stolte..dei bidreg i samfunnet...

Dagleg leiar fortel sentralen har mange eigne prosjekt og fleire i lag med andre. ”Me har ei salig blanding” eigentleg. Som rettesnor fortel han at det viktigaste er ikkje *kven* som gjer det, men at tiltaka vert gjort. Sentralen var aktiv for å få Røde Kors sitt lokallag på beina etter ei tid i brakk. Han seier det er eit døme på korleis ein kan hjelpe og støtte. For leiaren er det viktig at sentralen ikkje på ”død og liv” blandar seg i aktivitear som går bra. I eit møte fortalde han at samarbeidet er like godt med skyttarlaget som med presten. ”Då var det nokon som meinte det var ei heller *søkt* samanlikning, for presten er jo sjølv den mest aktive i skyttarlaget”. Det er mange menneske som går att som frivillige i lokalsamfunnet. Informanten omtalar dei som ”fotfolkjet”. Han tykkjer han i svært stor grad for vere med å *forme* sentralen. ”Heldigvis har eg ikkje nokon som ser meg i korta heile tida..Ikkje da at eg har noko å skjule, men da kan vere hemmande å heile tida verte kontrollert for kva ein gjere”.

Aktiv og støttande

Styreleiaren har vore i styret frå starten av, og dei siste tre åra som styreleiar. Han er kommunen (administrasjonen) sin representant. Han er helse- og sosialeiar i kommunen. Styreleiar fortel at sentralen har sitt eige organisasjonsnummer, så den er i praksis skild frå kommunen reint administrativt med eigen økonomiforvaltning og rekneskap. Kommunen løyver årlege tilskot til sentralen, og held dagleg leiar med kontor, i tillegg til å koste diverse andre utlegg.

Styreleiaren fortel at dagleg leiar for sentralen har kontor i same bygget som helse-, omsorg og sosialtenesta held til. Før heldt dagleg leiar til i eit anna bygg i sjølve sentrum, og vart mykje aleine. Informanten seier at det sjølvstøtt kan bli lett å koble sentralen til helse-, omsorg og sosialsektor, men samstundes er det ein del aktivitet knytt til dette området. Han fortel:

.....No er dagleg leiar meir knytta til eit miljø..og det er viktig for han. Han set ikkje aleine slik som før. Og so er det kort veg til meg som styreleiar, og før når eg også hadde ei anna rolle i styret..so jobba vi ganske så tett..så dette er ein god måte å jobbe på.. Det med

arbeidsgjevaransvaret for leiaren føler vi på er veldig viktig. Når det har vore ting som har vore vanskelege for han...(...)..då har eg vore med som støttespelar...vi er og' oppteken av viktigheta å gje ros..

Informanten fortel at ei av målsettinga til sentralen er å samordne, det å nå ut til alle innbyggjarane i kommunen. Dei kjenner også på at dei klarar det fortel han. Det å få fleire frivillige er ei anna målsetting. Det å utvikle gode stategiar for å halde på, og rekruttere nye frivillige legg han til. Samtidig er det meir utfordrande å rekruttere dei unge fortel informanten. Dei kan gjerne bidra til einskilte oppgåver, men er ofte opptekne med andre aktivitetar. Styreleiaren kjem nærmare inn på kva han meiner som er kjerna i rolla til sentralen:

...Det å skape tryggleik i samfunnet var sentralt, og er sentralt for oss. Vi skal vere ein viktig samfunnsbidrag, at vi er med å held samfunnet i gang. Vi er oppteken av at dei frivillige skal føle ei tilhøyrighet, ha eit sosialt nettverk og bli inkludering...det har vi også erfart..at hjelparrolla skapar trivsel og sosiale nettverk..

Styreleiaren meiner dei har eit bevisst forhold til oppgåvene. Når det gjeld oppgåver inn mot gråsoner er styret oppteken av slike spørsmål og diskuterer det. "Kanskje det ikkje var ei gråson, eller var det likevel det?" Oppgåver i gråsona kan vere om kommunen reduserte i stillingar og lar sentralen ta over oppgåver seier han. Han forklarar at kommunen har visse forpliktingar og tenestene skal vere i skikkelege former. Det er tenester som mellom anna krev kommunale vedtak. Då høyrer det også med rettar for brukaren og plikter for kommunen. Han ser nokre oppgåver i skjæringspunktet mellom frivillig og kommunal sektor: "Det å pynte i sentrum høyrer til teknisk etat, men det er jo eit samspel". Kommunen var inne i ei økonomisk vanskeleg tid ei god stund tilbake fortel informanten. Mellom anna vart stillinga på arbeidstova for eldre råka. Sentralen heldt tiltaket i gang til ressursane var tilbake. Han seier: "Så kan ein jo sjølvsagt seie at vi var jo med å dreiv arbeidstova når stillingsressursen vart kutta..men ja, vi heldt liv i aktiviteten til stillinga kom inn att".

Styreleiaren ser si rolle som todelt. Han har lang fartstid i både kommuneadministrasjonen og sentralen, og kjenner feltet godt. Han seier han både er støttespelar og premissleverandør. Rolla kan vere bestilling av tenester og oppgåver av sentralen. Då stiller han spørsmålet om sentralen kan vere med å løyse oppgåvene for "oss" eller i lag med. Han seier: "Eg tenkjer at det er viktig vi har nokon, ein frivillig

organisasjon innanfor systemet som kan ta i eit tak”. Styret fungerer godt saman som eigarar, og med dagleg leiar fortel han. ”Det er viktig eigarane er representert og får fram sine synspunkt. Ein må stille til krav til eigarane, ein skal vere engasjerte og vere med og drifte sentralen. Samstundes har vi den kommunale styringa som vi ønskjer” seier styreleiaren.

Dette helde meg oppe

Informanten, Åse, er ei kvinne på vel 85 år. Ho er lett på foten, og er ei venleg dame. Informanten har vore frivillig ei stund før den formelle oppstarten av sentralen. Kvinna vart tidleg enke, og har vore aleine med tre born. Familien hennar bur vekke alle saman fortel ho. Arbeidet hennar har vore som husmor og bonde på ein bratt gard. Det var tungt og mykje arbeid. Det er nokre kilometer fram til sentrum. Ho får god trim på denne måten. Som ho seier: ”eg har gått og gått”. Etter at kvinna blei pensjonist begynte ho litt i arbeid som reinhaldar. Men ho er slutta med det no.

Informanten fortel ho starta opp med kafe’ på sjukeheimen. Det var før sentralen blei etablert. Der er med fleire kvinner fortel ho. I starten var det eit tilbod kvar veke. No er det to dagar for veka. Dei held til på to ulike stover på sjukeheimen. Fredagar er det fast bingo. Då serverer dei frukt, saft og kaffi. Det er laga ein turnus, og det er seks damer som byter på å vere der. På den eine stova har dei trim, og det hender at ein kjem og spelar trekkspele, det er mykje sang seier ho. Informanten deltek som regel ein dag for veka, det hender også to dagar. Andre kvar onsdag har ho og ei anna dame kafe’ på ettermiddagen. Dette oppdraget er fast. Då lagar dei til kaffi og kaker. Noko vert laga der, men ho pleier å lage lappar eller mjølkekaker som ho har med. «Da e no liksom noko eg spandera det då...» Av og til har dei kateketen og nokre konfirmantar med til å steikje vaflar. Aktivitetane har pause på sommaren. Ho seier det går greitt, men gleder seg veldig til å komme i gang att med aktivitetane.

Informanten fortel ho har vore med i besøkstenesta før, men den vart lagt ned. Elles er kvinna med i pensjonistlaget, der fleire damer har som oppgåve å lage til maten. Kvinna lurte på å vere med på seniordans, men gjorde ikkje det likevel. Ho bur langt vekke, og vegen heim er bratt, glatt og mørkt, «så det blei no ikkje slik». Kvinna fortel at det å spørje andre om skyss, å vere ”avhengig” ikkje er så kjekt.

Eg er nyfiken på nettverket hennar, korleis ho meiner det er. Ho svarar:

....Folk går så lite til kvarandre mot før...ikkje utan ein er inviterte, og då kjennest det også vanskeleg å gå til andre.. Då er det greit å kunne gå på heimen...eg får meg ikkje til å gå å banke på andre sine dører...nei, eg gjer ikkje det.

Informanten fortel vidare at ho ikkje har så godt nettverk, at alderen gjere sitt. Dei fleste på hennar alder er enten på bygdeheimen, er sjuke og fleire har falle frå;

Faktisk så føler eg at vi er ein generasjon som er blitt aleine. Men eg pratar med folk, og dei tar ikkje meg for ei gammal kjærring...men det er likevel litt sånn... at ein ikkje har nokon å gå saman med viss eg skal på noko, ...og då vert det heller til at eg vert heime...

Om rolla si er ho *smålåten*: «Eg er no meir hjelpar eg, har ikkje så mange idear eg...eg vil no berre vere med å hjelpe til. Ja det er no oppgåva mi det». Vi kjem nærmare inn på kva betydning det har for henne personleg å vere frivillig. Ho fortel om mor si, at ho var oppvaksen med at mor brydde seg om andre. Mor reiste og besøkte folk, hjelte til der det var trong og behov for det. Ho seier ho har nok litt av mor, og legg til: «Kanskje det var oppdragelsen vår?»

Det å vere frivillig, har stor betydning for informanten, men er beskjeden om rolla si. Kvinna fortel ho alltid har vore interessert i å hjelpe andre, at det er viktig både for henne sjølv og andre. Ho bur langt vekke frå folk, så viss ho ikkje skulle kome seg ut og hatt oppgåver, så ville livet vorte einsamt. Det å glede nokon, det har og' stor betydning. Brukarane set stor pris på det, og viser det også. Det gir ho ein veldig god følelse. Ho seier:

Viss eg ikkje skulle fått vere med på dette, så hadde det blitt veldig tomt...ja veldig..tomt ..No står eg tidleg opp og lagar til...no har eg noko å sjå fram til. .det seier ho andre også...Ja, ho er no berre nokre år' 80 år..ho seie og at det er tomt..vi er veldig glade for å ha dette her... Dette held ein oppe..ja, faktisk held ein oppe.

Damane har tenkt og snakka om onsdagskafeen' spesielt. Dei trur kanskje ikkje det er eit tilbod, eller ein aktivitet andre vil seinare ta på seg. Dei trur nok tilbodet vil forsvinne med dei, ”vi har nyleg snakka om det, vi håpar no vi kjem tilbake til hausten”

6 Analyse av kartlegginga

Denne delen tar utgangspunktet i datamaterialet frå spørjeundersøkinga frå dei 16 sentralane i fylket. Det er dei daglege leiarane som har svara på spørsmåla.

Datamaterialet leiar til første forskarspørsmål, kva sentrale oppgåver frivilligsentralane utfører. Saman med intervjuet frå kasesundersøkinga vil eg freiste å få innsikt i dei gjeremåla sentralane *bale* med i kvardagen. Som eg innleiingsvis reflekterte over, handlar det om å synleggjere kva frivilligsentralane eigentleg står for, og kva funksjon dei kan ha for menneska som som på ulikt vis er knytta til dei.

6.1 Frivilligsentralane sin aktivitetsprofil

Eg vil no sjå nærare på oppgåver, aktivitetar og målgrupper på tvers av eigarformene. Eg meiner slike tema vil gi ein viktig peikepinn på den funksjonen sentralane tek på seg, og har i lokalsamfunna. Det er i den samanheng naturleg å sjå korleis oppgåvene oppstår, kven sentralane samarbeider med. Eg tar også sikte på å finne nærare ut om strukturelle forhold knytt til eigar og kommune. Dette er perspektiv som eg meiner er viktige å få fram. Det handlar om sentralane er frie i utforming av aktivitetar og oppgåver, eller blir styrt.

Initiativ

Oppgåvene og aktiviteten i frivilligsentralane oppstår på fleire måtar. I all hovudsak er det to måtar som peikar seg ut. Den eine måten er dagleg leiar og/eller styret, som representarar *innanfrå* initiativ. Den andre måten sentralane sine aktivitetar og oppgåver oppstår på, er *utanfrå*. Då er det oftast frå aktørar i lokalsamfunnet, frivillige eller brukarar. Av aktørar i lokalsamfunnet er det særleg lag- og organisasjonar og ulike sektorleiarar i kommunen som tek initiativ. Dei daglege leiarane er opptekne av at den viktigaste og *riktigaste* gruppa for initiativ er dei frivillige sjølve. Det er dei som er bærebjelken i sentralane, anten fordi dei har eigne idear dei kunne tenkje seg å iverksette, eller deltek som frivillige på andre sine initiativ. Mitt hovudinntrykk frå materialet er at sentralane sine oppgåver/aktivitetar oppstår *utanfrå*, altså frå aktørar i lokalsamfunnet, brukarar og dei frivillige sjølve.

Målgrupper

Tabell 1 Målgrupper for oppgåver/aktivitet, inndelt etter eigarform

Målgrupper	Eigarform kommunal	Eigarform sivil	Alle eigrformer
Heimebuande eldre	9	6	15
Institusjonbuande eldre	10	6	16
Innvandrarar/flyktningar ¹⁰	7	6	13
Barn/ungdom	9	6	15
Småbornsfamiliar	5	5	10
Menneske med nedsett funksjonsevne	5	3	8
Einslege	6	3	9
Folk flest	9	6	15
Sentralar i alt	10	6	16

Tabellen viser kva målgrupper oppgåver/aktivitet rettar seg mot. Tabellen tar utgangspunkt i både givarsida og mottaksida. Det er små skilnader mellom eigarform og målgrupper for sentralane. Sentralane har eit tilbod til dei fleste gruppene. Særleg eldre, barn/unge og ”folk flest” utgjør viktige målgrupper. For fire av gruppene; småbornsfamiliar, menneske med nedsett funksjonsevne, einslege og innvandrarar er det noko mindre tilbod. Ei ny målgruppe trer fram frå datamaterialet. Det er menneske utan arbeid, skuleplass eller under soning. Samla, er det mykje som tyder på at sentralane sitt virke er retta mot breidda av befolkninga i lokalsamfunna.

Nokre av gruppene blir sett på som sosialt marginaliserte; menneske med nedsett funksjonsevne, innvandrarar/flyktningar, og menneske utan arbeid.

Mine funn skil seg på enkelte områder frå Lorentzen sin studie (2012, s. 33). I denne studien blei det spurt etter kor viktig dei enkelte målgruppene var for sentralen. Heimebuande eldre var *svært viktig* for halvparten av sentralane, og gjennomsnittleg 20% oppga institusjonsbuande eldre. Her var dei kommunale sentralane i mindretal. På det grunnlag hevdar Lorentzen at dei kommunale er mindre oppteken av dei eldre. Han trur forklaringa skuldast at kommunale sentralar oftast er plassert under kulturforvaltninga som ikkje har eldre som primær målgruppe. I mine funn er nær alle sentralane oppteken av dei eldre, og eigarforma ser ut til å ha lita betydning. Forklaringa om sektorplassering stemmer heller ikkje med mitt materiale, der sektorplassering viser seg å ha mindre betydning for oppgåvene til sentralane.

¹⁰ Resultatet her er særleg usikkert. Det har kome til ein straum av flyktningar etter tidspunktet for kartlegging. Alle sivile sentralar oppgir gruppa som målgruppe, det vil truleg vere fleire kommunale sentralar som ville oppgitt innvandrar/flyktningar som målgruppe i dag.

Sentralane i Sogn og Fjordane har i hyppigare grad aktivitetar retta mot alle målgruppene. Mellom anna oppgir sentralane her langt meir aktivitetar for barn/unge, innvandrarak og småbornsfamiliar enn dei som meiner desse målgruppene er *svært viktig* i Lorentzen sin studie (2012, s. 33). Det er likevel ikkje ein *gitt* konklusjon. Om eg hadde spurt leiarane kva målgrupper dei *oppfatta* som svært viktig, og ikkje målgrupper aktiviteten *faktisk* retta seg mot, kunne resultatet også synt seg annleis i min studie. Dei daglege leiarane verkar oppteken av ei ny retning, frå dei eldre til heile befolkninga, og ikkje nødvendigvis merkelappar som set kjenneteikn på menneske. Dette er også i tråd med profilen for nærmiljøsentralen. Tabellen for målgrupper heng saman med oppgåver og aktivitetar. Eg vil no sjå korleis dette ser ut for sentralane.

Oppgåver/aktivitet og samarbeidspartnarar

Frivilligsentralane er engasjerte i mange ulike oppgåver og aktivitetar. I tabell 2 er slike tiltak kategorisert.¹¹ Tabell 3 omhandlar sentralane sine samarbeidspartnarar. Begge tabellane utfyller kvarandre, og blir analysert under eitt.

Tabell 2 Oppgåver frivilligsentralen er involvert i, inndelt etter eigarform

Oppgåver	Eigarform kommunal	Eigarform sivil	Alle eigarformer
Kultur/kulturminnevern	8	3	11
Sang/musikk	7	4	11
Folkehelse/idrett	9	5	14
Ein-til-ein oppgåver	9	5	14
Opplæringstiltak (t.d data)	7	5	12
Integreringstiltak for innvandrarak	7	6	13
Integreringstiltak for andre grupper	8	3	11
Sjølvhjelpsgrupper	1	1	2
Fritidsaktivitetar for barn/ungdom	8	4	12
Sosiale møteplassar	10	6	16
Service tenester for lag- og organisasjonar	8	5	13
Administrative oppgåver for eigar	5	4	9
Kommunale tenester ¹²	7	5	12
Sentralar i alt	10	6	16

¹¹ Oppgåver og aktivitetar er ikkje tidsavgrensa til ein gitt periode. Den måler soleis ikkje kvantitet

¹² Leiarane sine egne dømer på slike tenester; matombringning, administrering av hjelpemiddel, følgetenester, folkehelse/førebygging, trening, fritidstilbod for barn og unge i ferie, trivsel/sosiale tiltak på institusjon, kulturelle tiltak, turistinformasjon, service skyss, tilrettelagt arbeidstrening m.m.

Tabell 3 Samarbeidspartnarar, inndelt etter eigarform

Samarbeidspartnarar	Eigarform kommunal	Eigarform sivil	Alle eigarformer
Enkeltindivid	10	6	16
Frivillige lag- og organisasjonar	10	6	16
Næringsliv	9	2	11
Statlege og fylkeskommunale organisasjonar	10	4	14
Kommune	10	6	16
Sentralar i alt	10	6	16

I intervjuja stilte eg dei daglege leiarane spørsmål om *sentrale* oppgåver for frivilligsentralen. Det handlar ikkje nødvendigvis om kva oppgåve som er størst, eller blir brukt mest tid på. Det kan like gjerne vere oppgåver og aktivitetar som er populære blant brukarane. Som den eine informanten seier det: «Alle oppgåvene og aktivitetane er viktige for dei menneska det gjeld». Resultatet av analysen viser at sentralane har ei stor breidde i oppgåver og aktivitetar for verksemda. I vesentleg grad framstår sentralane som like sett i forhold til ulike eigarformer, sjølv om det er enkelte nyansar. Resultatet stemmer overens med studien til Lorentzen. Eigarskap ser ikkje ut til å ha betydning for aktivitetsprofilen.¹³

Kultur/kulturminnevern som oppgåve involverar 11 sentralar. Dei kommunale noko meir. Desverre kjem det ikkje fram skilnad på kva som er kva. Her oppgir sentralane eksempel som knyttast til alle målgruppene. *Sang/musikk* involverar også 11 sentralar, men er i høgst grad kultur. Særleg verkar song og musikk til glede for den eldre målgruppa. Folkehelse/idrett engasjerar 14 sentralar. Tiltaka er retta mot den fysiske helsa, som den psykiske. Det er liten skilnad mellom eigarforma. *Ein-til-ein hjelp* tilbyr 14 sentralar. Det ser ikkje ut som slike tiltak er på veg blandt sentralane i fylket. Tiltaka er inndelt i følgjetenester eller praktisk hjelp. Særleg er slike tiltak etterspurt av den eldre målgruppa. Følgjetenester er særleg etterspurt av helse- og omsorgssektor til heimebuande eldre og til dei som bur på institusjon.

Opplæringstiltak er ei oppgåve for 12 sentralar, her er dei sivile litt i fleirtal. Seniornett er eit døme som går att. Det ser ut som denne aktiviteten blir sjølvgåande med eigne klubbar. Gjerne i lånte lokaler av frivilligsentralane.

¹³ Eg har utarbeida ein anna type tabell enn det Lorentzen har brukt i sin studie. Til dømes kategoriserar han fire ulike sjølvhjelpsgrupper. Eg opererar med ein. For eldre har han brukt tre kategoriar tiltak; kurs/aktiviteter, hobby/fritidsaktiviteter og turer/utflukter. Eg har ikkje *spissa* kategoriar mot spesifikt dei eldre. Eg har derfor med kategoriar Lorentzen ikkje har nytta, og visa versa

Integreringstiltak for innvandrarak har 13 sentralar som oppgåve, som stemmer godt overeins med målgruppa. Her er dei sivile sentralane i overtal. Som nevnt, er det ei uvisse om desse funna representerar dagens situasjon.

Integreringstiltak for andre grupper er ulike tiltak for 11 sentralar. Halvparten av dei sivile, og nokre fleire kommunale. Denne kategorien er upresis, og kan oppfattst på fleire måtar. Det er mellom anna sprik mellom denne oppgåvekategorien som har høgare oppslutnad, enn målgruppa menneske med nedsett funksjonsevne. Ei mogeleg forklaring kan vere at integreringstiltak kan femne om tilbod til ulike menneske i befolkninga, som ikkje nødvendigvis har nedsett funksjonsevne men har behov for integrering. Vi har elles fått innblikk i ”aktiv prosjektet”, ratta mot menneske i lediggang.

Sjølvhjelpsgrupper er ei oppgåve som involverer 2 sentralar. Med andre ord, i den grad slike grupper eksisterer, har sentralane lite med det å gjere. Eit atterhald, leiarane kan vere engasjerte i få slike grupper til. Resultatet er det same sett til Lorentzen sine funn, som oppgåve er det skilnad mellom by og senter/spredtbygd. *Fritidsaktivitetar for born/ungdom* engasjerar 12 sentralar, også her er det liten skilnad mellom eigarformene. *Sosiale møteplassar* er alle sentralane opptekne av. Kanskje ikkje heilt uventa. Her finn vi alt frå arrangement, ungdomsklubb til *karatreffen*. *Servicetenester for lag- og organisasjonar* er 13 sentralar involvert i. Ofte handlar det om felles arrangement der sentralane har eit koordineringsansvar. Ikkje sjeldan bidreg sentralane med å få andre lag på *fote* igjen viser data. *Administrative oppgåver for eigar* engasjerar 9 sentralar. Dei sivile noko meir enn dei kommunale. Eksempla er mange, men eitt kan vere å søkje midlar til ulike tiltak gjennom statlege og fylkeskommunale organisasjonar. 14 sentralar oppgir slike organisasjonar som samarbeidspart. Her er dei kommunale sentralane i fleirtal.

Kommunale tenester som oppgåve har 12 sentralar. Dei sivile noko meir viser materialet. Sjølv om det er små skilnader, tyder det på at dei sivile sentralane er *minst* like involvert inn mot kommunen som dei kommunale sentralane. Tiltaka er som vi har sett alt frå middagombringing, sosiale trivselstiltak, ungdomsklubb til å koordinere volontørar.

7 Drøfting

Eg vil no drøfte funna frå kartlegginga og kasesintervjua . Eg deler den inn etter dei to forskningsspørsmåla eg søkjer svar på. Første del inrettar seg mot det første. Eg søkjer her svar på kva sentrale oppgåver frivilligsentralane utfører. Andre del omhandlar det andre forskningsspørsmålet. Eg vil her sjå nærare på betydninga den frivillige rolla kan ha for den enkelte, korleis dei grunngir engasjementet.

7.1 Frivilligsentralane si verksemd

Funna mine til spørsmålet om kva sentrale oppgåver frivilligsentralane utfører, er basert på to kjelder. Begge kjeldene ligg til grunn for drøftinga. Alle leiarane har svara på kartleggingsundersøkinga. I tillegg har eg gjort intervju med tre leiarar og tre eigarrepresentantar. Inndelinga er etter dei tema eg finn relevant for spørsmålet om sentrale oppgåver. Eg vil også ha eit fokus på dei ulike eigarar sine roller i sentralen. Dei ulike tema er ikkje klårt avgrensa, men har tildels ein overlappande samanheng.

Likskap og manifold

Sentralane framstår som like, uavhengig eigarform slik Lorentzen (2012, s. 29-41) hevdar dei er. I praksis betyr det at eigarformene ikkje ser ut til å spele særleg rolle for verksemdene til frivilligsentralane. Eg vart overraska over at sivile sentralar i like stor grad er kobla til kommunen som sentralar eigd av kommunen. Eg hadde på førehand førestilt meg at kommunale sentralar hadde ei tydlegare kobling inn mot den kommunale sværen. Likskapen i eigarforma seier og? noko om at lag- og organisasjonar som eigarar, kanskje ikkje først og fremst rettar sentralen si verksemd på egne interesser og premisser, men er fleksible til lokalsamfunna sine behov. Slike spørsmål kan ha betydning for framtidige sentralar. Kanskje andre faktorar då må leggast til grunn i valet for den eine, eller andre eigarforma.

Frivilligsentralane i fylket har ei breidde i oppgåver og aktivitetar retta mot mange målgrupper. Omfanget av den frivillige innsatsen ved sentralane er stort. Sjølv om det ikkje lenger er eit krav å telje utløysande frivilligtimar, er det truleg ein vanleg praksis blant leiarane. Ein dagleg leiar omtalar dokumentet som *indremedisin*. Mine kases, tre sentralar, har i snitt to stillingar. I 2014 utløyste dei samla 13800 frivilligtimar, eller nesten åtte årsverk. Tala talar får seg sjølv, det er svært mykje samfunnsnyttig arbeide

som blir lagt ned. Det handlar ikkje berre om kroner, innsatsen har stor betydning for menneska det gjeld både på givarsida og mottakarsida.

Funna mine peikar i retning av at sentralane si verksemd er allsidig og fleksibel. Dei innrettar verksemdene etter dei målgruppene som var skissert. Som nevnt, er eldre, både heimebuande og institusjonsbuande eldre ei viktig målgruppe. Dette er ein særleg skilnad frå Lorentzen (2012, s. 32). Som vi har sett, har alle kasusa betydeleg innsats retta mot eldre. Dei andre målgruppene kjem også betre ut enn tilsvarande for Lorentzen sin studie. Med bakgrunn i dette, er det lite som kan tyde på at sentralane har trappa ned på det sosiale engasjementet slik Lorentzen seier. Samanliknar ein tabellen over oppgåver og aktivitetar, er det eit vidt spenn i aktivitetar som langt på veg samsvarar med målgruppene.

Studien til Lorentzen har kontrastar som kan vere utfordrande å tyde, noko han sjølv problematiserar (Lorentzen, 2012, s. 33). Det er mellom anna skilnadar på kven sentralane *oppfattar* som viktige målgrupper, og kven aktiviteten faktisk rettar seg mot. Fleire sentralar har til dømes meir aktivitet retta mot eldre, enn dei som oppgir eldre som ei viktig målgruppe. Vidare er det utfordrande å tolke samanhengen mellom dei ulike tabellane i Lorentzen sin studie. Tabell for aktivitetar, viktige målgrupper, aktivitet etter eigarform og aktivitet etter beliggenheit manglar eit samsvar slik eg tolkar det. Korleis ein då skal tolke mine resultat med Lorentzen sin studie er eit viktig spørsmål.

Det kan vere fleire årsaker til skilnader i mine funn sett i forhold til Lorentzen sine. På det metodiske plan kan det vere at eg har stilt nokre spørsmål annleis enn det Lorentzen har. Til dømes har ikkje eg spurt etter målgrupper som dei meiner er viktige. Eg har retta spørsmåla mot situasjonen *her og no*.¹⁴ Nokre kategoriar som målgrupper og oppgåver/aktivitetar, er dei same som i Lorentzen sin studie. Andre har eg tilpassa med hjelp frå dei daglege leiarane. På bakgrunn av dette er det vanskeleg å fastslå med sikkerheit at det er faktiske skilnader mellom sentralane i Sogn og Fjordane og dei andre sentralane. Hadde eg nytta *eksakt* same framgangsmåten, kunne dette spørsmålet gjerne fått eit tydelegare svar. Inntrykket mitt er likevel at sentralane er langt meir fleksible enn det Lorentzen har påpeikt.

¹⁴ Kartlegginga er gjennomført i juni 2015

Som eg har nevnt, har det vore nokre metodiske utfordringar i analysen av tabellane. I visse høve har eg vore usikker på korleis leiarane har forstått og tolka kategoriane. Dette er også noko Feiring (2000) har påpeika. Det er tre forhold som styrkar funna mine. Det er eit godt samsvar mellom kategoriane i kartlegginga. Dette forsterkar og gir heilhetleg inntrykk av resultatane. Det andre forholdet er at datamaterialet, kartlegginga og intervjuet, samsvarar lagt på veg. Det tredje forholdet i denne samanhengen, er at dei daglege leiarane sjølve har bidrege med råd og tips til kategoriseringa.

Sentrale oppgåver og profil

Ein sentral samarbeidspart er kommunen viser materialet. Leiaren i sentral B, stifting, seier middagsombringning har vore ei oppgåve i nesten 25 år. Det er blitt ei stor oppgåve for sentralen. I kartleggingsskjema under kommunale tenester har seks andre daglege leiarar gitt opp tilsvarende oppgåve. Andre eksempel på kommunale tenester er administrering av hjelpemiddel, fritidstilbod for barn og unge i feriar, ulike tiltak innfor folkehelse- og førebygging. Nokre driv turistinformasjon, andre ulike kulturelle tiltak, andre har oppgåver knytt til ansvar for kommunen si digitale heimeside. Kommunale tenester, femnar altså om svært forskjellige oppgåver og aktivitetar innfor ulike sektorar.

Eg meiner å spore ein *særleg* tendens innfor helse,- omsorg,- og sosial sektor. Intervjuet mine styrkar dette inntrykket ved at alle tre oppgir sentrale oppgåver og aktivitetar knytt til desse felteta. Nokre daglege leiarar seier dei kan oppleve forventningar, eller *press* frå helse- og omsorgssektor. Ein leiar konkretiserer det som krav frå tilsette om følgjeteneste. Her blir det forventet at sentralen skal ta ansvaret. Om ikkje det blir gjort, så kjem ikkje pasienten seg til behandling, eller legetime. Om det handlar om *vankunne*, innarbeida praksis over tid, eller økonomi er uvisst. Dei daglege leiarane er særleg opptekne av to forhold. Det er sentralen sitt supplement som ei tilleggssyting, og den *frivillige* si rolle. Den eine seier det slik: *Utfordringa er å få kommunen til å forstå sin eigenart..og i kva grad ein kan pålegge/krevje at folk skal stille som frivillige*. Det virkar til at dei daglege leiarane langt på veg *vernar* og regulerer kva oppgåver dei frivillige kan settast til.

I forlenginga av tema, retta eg i innleiinga søkjelyset på dei signala om auka behov for frivillige i helse- og omsorgssektoren. Det er særleg Helse- og omsorgsdepartementet

som aktualiserer dei utfordringane sektoren står ovanfor. Strategien som er utvikla gjenspeglar eit auka behov i åra som kjem. Det er ikkje tvil om at helse- og omsorgssektor har behov for frivillige hender. Eg har sjølv arbeidd mange år i den kommunale helsetenesta. Fokuset i kvardagen slik eg har erfart det, er først og fremst å dekke dei grunnleggande behova. Sosial og psykisk omsorg blir tona vesentleg ned grunna kapasitetsproblem. Det er behov for frivillige, men eg saknar ein generell samfunnsdebatt på kva område dei frivillige skal engasjere seg i. Er det trivselstiltak som frivilligsentralane er blitt gode på? Er det frukostvertar? Pleieoppgåver? Hjelp og omsorg i livet si siste fase? Dei offentlege dokumenta som presenterar og omtalar tema, er runde og lause i kantane, det lar seg ikkje tolke i verken den eine eller andre retninga. Repstad (1998, s. 13-16) sine refleksjonar om kva ei nedbygging av velferdsstaten kan føre til om ein erstattar den med frivillig velferdsproduksjon, er i høgste grad dagsaktuell. Han ser fire problematiske områder; kvalitet, kapasitet, fordeling, og rettsikkerheit. Dei mest sentrale i denne samanhengen meiner eg er på kvalitet- og rettsikkerheit område.

På vegne av Rådet for sjukepleieetikk reiser Sveen Kjølrsrud eit prinsipiellt spørsmål om bruk av frivillige og ”lekfolk” som hjelpar til alvorleg sjuke og døyande mennesker. Ho hevdar fleire og fleire kommunar innfører ein slik praksis (Kjølrsrud, 2016). Rådet for sjukepleieetikk seier dei ikkje kan avvise frivillige som vil bidra, men dei rettar søkjelyset på behova for den profesjonelle kompetansen. Rådet uttrykkjer ei skepsis for dei marginaliserte ressursane kommunar slit med. Eg meiner det er eit viktig spørsmål som blir tatt opp, og spørsmålet kan relaterast til andre helsefaglege omsorgsoppgåver. Historia til Kari som følge til ein svært sjuk pasient over fleire dagar, føyer seg inn som eksempel i denne debatten. Diskusjonen bør løftast fram og opp der beslutningar blir teken. Eg ser at sentralane har ei viktig rolle i å *verne* sine frivillige på dette feltet. Det gjeld typar av oppgåver, tidsbruk og generell informasjon om skiljet mellom offentlege og frivillige oppgåver.

Sentralane i fylket har i mindre grad trappa ned på det klassiske sosiale engasjementet enn det Lorentzen talar om. Det er likevel mykje som tyer på ei endring frå *eldrefokuset* til heile befolkninga. Leiarane er opptekne av alle i befolkninga, og meiner dei kan merke ein skilnad i samarbeidsfeltet. Ei slik endring er i takt med tida og dei ”nye” retningslinjene. Her er den sektorovergripande funksjonen framheva, den innrettar seg

mot enkeltindivid, lag- og organisasjonar og det offentlege, altså i ein *nærmiljø* sentrert profil. Sentralane i fylket verkar til å ha ein fot i begge leirar, som *sosialsentral* og *nærmiljøsentral*. Eg trur ikkje det er ei enkelt og eintydig forklaring. Det kan ta tid å opparbeide verksemda og finne rolla si i lokalsamfunna. Sentralane har dessutan over tid opparbeidd ein praksis i det sosiale/omsorgsfeltet. Oppgåver og aktivitetar i sektoren retta mot eldre, for psykisk utviklingshemma, eller hjelparrolla for enkeltindivid, verkar til å vere etterspurt. Det kan også tyde på at fleire lokal behov er tilstades, eller auka, på tvers sektorskiljelinjene.

Ein ny sentral er under etablering i fylket, den 19. i rekka. Av mange potensielle oppgåver les eg mellom anna ein-til-ein oppgåver, drift av aktivitetsstove, folkehelse og ein koordinerande funksjon. Litt *her* og litt *der* som gjenspeglar det lokale behovet. Både Lorentzen (2014, s. 5) og Dugstad (2009, s. 97-105), er opptekne av krysspress mellom ulike forventingar frå fleire hald. Det ser ut som sentralane klarer å komme forventingane i møte slik stoda er i dag. Det er eit relevant spørsmål om dei kan klare det i framtida, eller om dei koblar seg frå det sosiale feltet.

Eigarane sine roller i sentralane

Sentralen si verksemd, oppgåver og aktivitetar, kan vere påverka av den rolla eigar inntek i sentralen. Dei kommunale sentralane har fem ulike sektorplasseringar viser materialet mitt. Fleirtalet er likevel plassert i kultur og/eller formidling, eller i helse/sosial/omsorgssektoren. Kommunen som eigar er i varierende grad engasjert i sentralane viser materialet mitt. To er godt fornøgd, den eine framhevar arbeidet som målretta og samstemt med kommunen. Den andre opplever å bli sett og integrert. Ein tredje leiar har motsett erfaring. Ho opplever at kommunen ikkje engasjerar seg; *..(.)dermed blir vi stort sett gløymt vekk..og av og til hugsa på heilt i site liten.*

Sektorplassering i det kommunale organisasjonskartet verkar til å ha lita betydning for sentralane si verksemd. Inntrykket mitt er at kontakten gå på kryss og tvers som er tilfelle for sentral A. I dei sivile sentralane oppfattar eg kontakten som *både og*. Fleire sentralar, både kommunale og sivile, er frittstående og sjølvgåande. Eit fritt handlingsrom og tillit er positivt seier dei daglege leiarane, samtidig er tettare oppfølging og tilstedeværelse noko som er etterspurt. Eigarforholdet og kontakten inn mot sentralen som *reell* eigar, skil seg ikkje nevneverdig i eigarforma viser funna.

Nokre eigarar samarbeidar tett med dagleg leiar i sentralen, andre leiarar har ei relativt fri rolle. Dei daglege leiarane seier det er viktig å kunne forme sentralen sjølv, å bli vist tillit. På den andre sida har eigar eit arbeidsgivaransvar dei skal følge opp.

Leiarane og eigarrepresentantane er uroa over endringar i tilskotsutbetalinga frå neste år. Samtlege trur det vil bli vanskeleg å få midlane omhende når kommunane sjølve skal løyve frå rammetilskotet. Informantane seier tilskotet er heilt avgjerande for lagnaden til sentralane. I følgje Kuhnle og Selle (1990, s. 169-172) er dette integrert autonomi. Sentralane har tildels ei "fri" rolle innafor retningslinjene, men er avhengig av det offentlege sine tilskot.

Mottakar og givarsida

Frivilligsentralane sine målgrupper tar utgangspunkt i både mottakar- og givarsida av sentralane sine verksemdar. Eldre pensjonistar er dei mest aktive frivillige i sentralane viser funna mine. Dei tar gjerne på seg faste oppgåver over tid, medan yngre pensjonistar og yrkesaktive tek *skippertak*, i enkeltståande oppgåver og aktivitetar. Forutan eldre, viser funna mine at menneske som er arbeidsledige, under soning eller er i *lediggang* av andre årsaker, er engasjerte som frivillige i sentralane. I lokalpressa "Firda" har det den seinare tida vore retta eit fokus på asylsøkjjarar som frivillige. Her har frivilligsentralane vore ein sentral samarbeidspart, som frivilligsentralen i Førde. Frå datamaterialet kjem det fram at menneske med særlege behov er engasjerte som frivillige, eller som mottakarar av oppgåver og aktivitetar.

Forskninga på det frivillige feltet viser ein skilnad i aktivitet- og organisasjonstilhørsle. Det kan tyde på eit skilje mellom det å ha jobb, høg utdanning og god økonomi. Studiar på dei frivillige i frivilligsentralane viser eitt anna resultat. Her er det flest eldre, arbeidsledige og uføre (Kultur- og kirkedepartementet 2007, s 203-204.).

Funna mine peikar i same retning. Forskarar framhevar at det er sosiale skilnader, eller ei større sosial skeivfordeling mellom dei som deltek i det tradisjonelle organisasjonslivet mot dei som ikkje gjer det. Eg trur ikkje alle eldre, uføre og arbeidsledige nødvendigvis har mindre sosiale ressursar og nettverk. Men eg trur det er ein samanheng mellom til dømes sosiale ressursar og arbeidsliv, mellom familieforhold og tilværet som einsleg.

Det kan derfor tyde på at sentralane har ei *særleg* viktig rolle for menneske som av ulike grunnar ikkje deltek i det tradisjonelle samfunns- og organisasjonslivet. Eg trur også, og dette må stå for eiga retning, at sentralane er eit lavterskel tilbod uavhengig brukaren eller den frivillige si samfunnsrolle. Det er ikkje ein tradisjonell organisasjon ein melder seg inn i utifrå eit særleg interessefelt. Slike dømer kan vere idrett, kor og historielag. Sentralane verkar derfor allsidige. Dei tek i mot ulike menneska som ønskjer å bidra, eller delta, ut i frå egne ønskje, behov og forutsetning.

Sentralane framstår som upartiske og nøyttale i forhold til etnisitet, religion og politisk forankring som kan vere eit føremon (Putnam, 2000). Sosial kapital er ein interessant teori i forhold til den funksjonen sentralane ser ut til å ha. Slik eg ser det, er det særleg formene band og bruer som kan knyttast til sentralane si verksemd. Sosial kapital som bruer blir her bygd i gjennom relasjonar og nettverk som tar sikte på å *yte* til den enkelte innbyggjar, mot grupper eller befolkninga generelt. Til dømes kan ein-til-ein hjelpa som har ein praktisk og sosial funksjon for særleg eldre, styrke kjensle av tilhøyrse og motvirke einsemd. I relasjonar andlet-til-andlet kan det knyttast band mellom givarar og mottakarar. Slike relasjonar kan auke den andre sin sosiale kapital.

Andre dømer på den brubyggande funksjonen kan vere integreringstiltak retta mot innvandrarar og flyktningar. Integrering, å ta i mot andre som ein del av samfunnet, handlar om sosial kapital. Denne gruppa blir ofte sett på som sosialt marginalisert, og er på fleire område utanfor samfunnet. Innvandrarar og flytningar vil naturleg nok ha sterk sosial kapital av typen band til familie, og andre «likesinna», innafor si gruppe. Samstundes kan slike band forsterke ein marginal samfunnsposisjon. Gjennom allsidige og komplekse nettverk vil ein i sterkare grad gi tilgang til ressursar som informasjon, språkopplæring og jobb. Her må det nevnt eit integreringstiltak i min eigen kommune. For nokre år sidan vart FN-dagen markert med program og mat frå innvandrane sine kulturar. Det var eit vellukka tiltak i den grad det kom mykje folk frå lokalsamfunnet. I mindre grad var tiltaket vellukka som integreringstiltak, fordi alle nasjonalitetane sat gruppevis. Det handlar altså om bevisste investeringar i oss sjølve i kvar grad vi går over den brua som er bygt.

Den symbolske kapitalen som Heggen viser til (2007, s. 77-79) kan knyttast til frivilligsentralane og sosialt marginaliserte menneske som døme. Når menneske utan arbeid eller under soning arbeidar som frivillige, kan dei få anerkjenning, og bli verdsatt

av samfunnet på ein ny måte. Slik eg tolkar det, står frivilligsentralane for den sosiale kapitelen gjennom sin funksjon, medan det utadretta arbeidet kan gi positive forsterkingar som utgjer den symbolske. På denne måten kan sosial kapital aukast, og fremje meistring.

Teorien sosial kapital viser at nettverk og relasjonar blir i bygd gjennom det å engasjere seg som frivillig, gjennom sosiale fellesskap. Samtidig kan sentralane si samla verksemd ha ein brubyggande funksjon ved å opprette, eller vedlikehalde nettverk og sosiale relasjonar. Band kan oppstå i nære venskap mellom menneske i slike relasjonar. Sosial kapital tar altså utgangspunktet i det enkelte individ og individet si måte å handtere kapitalen, anten for seg sjølv, eller for andre. Sosial kapital er sjølvstekt ikkje likt fordelt. Det ser ut som frivilligsentralane har ei rolle i å styrke sosial kapital gjennom band og bruer, særleg sosialt marginaliserte menneske.

Oppsummerande refleksjonar

Oppsummert framstår sentralane som like til trass for ulike eigarformer. Sektorplasseringa i det kommunale organisasjonskartet har liten betydning viser funna mine. Rollene til eigar/eigarar retta mot verksemda er ulike. Her finn ein eigarar som er *tett på* sentralar og dagleg leiar, og det er sentralar som meir eller mindre er sjølvgåande. Eigarformene tilseier heller ikkje verken den eine eller det andre på dette området.

Sentralane har ei breidde i oppgåver og aktivitetar mot fleire målgrupper. Studien tyder på at sentralane i Sogn og Fjordane skil seg frå Lorentzen sin studie på dette feltet. Særleg eldre utgjer ei viktig målgruppe, både som deltakarar og frivillige. Sentralane har fleire samarbeidspartnarar, sentralt her er kommunen. Det ser ut til at sentralane har hovudtyngda av oppgåver og aktivitetar retta inn mot helse-, omsorg- og sosialsektor. Informantane meiner dei merkar ei dreining frå denne sektoren, til eit større samarbeidsfelt i lokalsamfunnet. Dei framstår derfor med ein blanda profil sentrert mellom sosialfeltet og nærmiljøfeltet.

På mottakar og givarsida ser det ut til at sentralane har ei særskilt rolle for menneske som står utanfor det tradisjonelle samfunns- og organisasjonslivet. Dei frivillige er mellom anna eldre, arbeidsledige, uføre, og nokre under soning. Frivilligsentralane ser ut til å formidle, styrke nettverk og fremje sosiale relasjonar andlet-til-andlet. Dette er

viktige element i teorien om sosial kapital.

7.2 Nytte og glede går hand i hand

Denne delen rettar seg mot det andre forskingsspørsmålet mitt. Eg søkjer å finne svar på korleis den enkelte frivillig grunngir sitt engasjement for å stille opp for andre.

Naturlege omgrep er her motiverande faktorar og drivkrefter. Å få fram dei frivillige sine eigne refleksjonar rundt dette tema er viktig for å få fram, slik vi kan auke kunnskapen og forståelse for kva denne rolla har å seie for dei frivillige sjølve. Emperi er basert på tre intervju, eitt for kvar sentral. Dei frivillige, Knut, Kari og Åse, er alle engasjerte frivillige som meir eller mindre har faste oppgåver. For å vere tre ulike individ, har dei likevel nokre samanfallande likhetstrekk. Dei er pensjonistar, dei engasjerar seg både ein, men ikkje uvanleg to gongar for veka. Dei er dessutan stabile frivillige, som gjerne tar eit ekstra «tak» ved behov. Alle er engasjerte i velferdsfeltet, der menneskeleg kontakt og sosiale relasjonar dannar eit grunnleggande fundament. Motivasjonen til dei tre er både like og ulike.

Det skal så lite til

Alle informantane har samanfallande erfaring om den frivillige rolla si. Dei fortel dei gir glede og oppmuntring til brukarane. Tilbake opplever dei at bidra vert sett pris på, og gir dei glede. To av informantane uttrykkjer; *det gir ein god følelse*. Dei meiner bidra deira er små, *det skal så lite til*, men dei opplever likevel stor takkemd.

Informantane sine opplevingar og utsegner kan knyttast til Haberman (2001) sine refleksjonar om lyst og glede som viktige motiverande faktorar. Gleda dei får for å engasjere seg er ein viktig faktor for alle tre. Utifrå *berre* denne synsvinklinga, kan ein spore altruistisk motiverande begrunningar; dei er ulønna, har fri vilje, den gjer vel, og sjølve handlinga, den andre sitt utbytte er sjølve målet for å engasjere seg. I dette bilete har ikkje dei frivillige nevneverdig eiga utbytte utover den gleda den andre viser. Den kjem utelukkande den andre til gode som ei auke i velferda. Alle dei frivillige har altruistiske trekk, det gir glede å sjå at andre blir glad, men dei har også eiganytte i engasjementet. Knut og Kari, fortel at oppgåva som frivillig er ikkje først og fremst for å ha noko å fylle tida si med. Eg får eit inntrykk av at dei begge har aktive liv på sida av rollene som frivillige. Det stiller seg noko annleis med Åse. Ho fortel om eit lite sosial nettverk, og kjenner på einsemd.

Kunnskapsbygging

Om rolla si seier Knut: *..Da e no for å hjelpa folk det..Dei lika eg kjem innom, og eg har utbytte av da..Da går no hand i hand med å hjelpa.* Han fortel om si store interesse for lokalhistorie, menneska, og liva deira. Han verkar til å ha gode kunnskapar, og dei eldre bidreg med meir kunnskap. Han fortel at fleire med redusert hukommelse (kognitiv svikt), likevel hugsar det so har skjedd før, altså i langtidsminnet. Dette seier meg at for Knut sin eigen del, er det eit vesentleg læringsutbytte i oppgåva si som frivillig. Han tileigner seg ny kunnskap på sitt interessefelt. Samtidig har denne relasjonen eit terapeutisk preg over seg. Dei eldre med redusert hukommelse kan i denne stunda oppleve ei kjensle av meistring. At dei kan få lov å bidra med noko dei har kunnskapar om og hugsar, og at dette har stor interesse for den andre parten.

Denne relasjonen har også eit gjensidig preg. Det er ikkje ein samtale mellom pasient og pleiar, som i kraft av rollene er ubalanserte. I følge Habermann (2000) sitt verdiomgrep, er både identitet og læring tilstades som motiverande faktorar. Knut har openbare eigenytte av samtalane med dei eldre, som også gir han auka kunnskap. I Lorentzen og Rogstad (1994) sin modell finn eg faktorane verdi og læring. Sett til Stabbins, handlar all frivillighet om to utløysande prinsipp – å gjere noko for andre og å gjere noko for ein sjølv. Knut utøver ”serious leisure”, eit systematisk frivillig arbeide som genererer eit stort positivt utbytte. Utbytte er på eit personleg plan, å utrykke og utnytte egne ferdigheter og dermed auke erfaringa. Dei altruistiske motiva handlar om drivkrafta si som hjelpar, det er først og fremst det å *hjelpa* som er det viktigaste.

Å trykke på dei rette knappane

Kari har vore frivillig i mange år, og har hatt fleire ulike oppgåver. Ho har også tatt initiativ til aktivitet ho har lyst å engasjere seg i. Særleg innafor song og dans. Ho har jobba mange år innan spesialpedagogikk. Som for Knut, har Kari mellom anna erfart at mange med redusert hukommelse kan ein engasjere, om ein får det til på *rette* måten. Dette gjer ho ein god følelse av å lukkast, ho opplever det som godt å få det til. Eg tolkar det dit hen at Kari nyttar eit sett av profesjonelle verktøy ho har tileigna seg gjennom mange år i yrket sitt. Sjølv forklarar ho det slik: *å trykke på dei rette knappane, få i gang samtale og glede..*

Ho uttrykkjer at det er kjekt. I lys av Stebbins sin teori er også dette ”serious leisure” aktivitet; *serious leisure that sounds like work*. Han seier amatørar operar i same feltet som profesjonelle, og det krev kunnskap, talent og erfaring. Dette er eigenskapar Kari i høgste grad har. Som for Knut, gjer innsatsen viktig kapital for samfunnet som ei ulønna form for profesjonalisering. Auka livskvalitet for den frivillige, her Kari, meiner eg særleg er knytt til realisering av potensiale. Stabbins seier dette er utvikling av talent og bygging av kompetanse som gjer ein følelse av lukke knytta til enkeltindividet sitt behov for sjølvrealisering. For Kari sin del meiner eg det handlar om å vedlikehalde (og om mulig auke) talent og kompetanse, som gjer ein følelse av sjølvrealisering. Desse betraktningane stemmer også overeins med Habermann (2001) si tolkning av læringsomgrepet som eiganyttmotiv og personleg utvikling. I lys av Lorentzen og Rogstad (1994) er dette knytt til læring som begrunning for å delta som frivillig. Eg finn spor av *selvaktelse*, men denne begrunninga er ikkje særleg framtreddande.

Meining

Åse var frivillig før sentralen vart oppretta. Etter den tid har ho hatt mykje dei same oppgåvene, men også nokre nye som frivillig i sentralen. Som for Knut og Kari, gir innsatsen mykje tilbake i form av den gleda mottakarane viser. Dei opplever å bli sett pris på. Åse fortel om eit lite sosialt nettverk. Alle i familien bur vekke, fleire av venene har falle frå eller er sjuke. Eg tolkar utsegnene hennar at det heller ikkje er så lett å komme i kontakt med folk. Ho likar heller ikkje å spørje folk om tenester som skyss, vil ikkje vere til *bry*. Ho kunne godt tenke seg å vere med på seniordans på ettermiddag/kveld, men slo det frå seg.

Åse si historie fortel at verdi er ein viktig faktor for arbeidet hennar. Som kjent, er dette begrep til Habermann, Lorentzen og Rofstad sin teori. Ho stiller sjølv spørsmålet om det var oppdragelsen hennar. Mor brydde seg om andre sitt ve og vell, ho hjelpte ofte til der det var trong for det. Dette handlar om dei normene ho vaks opp under, å hjelpe andre, vise omsorg og ta ansvar er sett på som riktig og viktig. Habermann seier slike forhold kan knyttast til menneska sin likeverdi. Rolla som frivillig ber også med seg identitet som mellom anna er forma av normer. I dette bilete, fortonar altruismen seg sterk og tydeleg. Samstundes fortel Åse at arbeidet også gir tilbake. Åse fortel at utan det frivillige arbeidet så ville tilværelsen hennar blitt tom. No har ho noko å sjå fram til, noko å glede seg over. Ho står tidleg opp for å lage til maten ho tar med. Åse brukar

sterke ord for å beskrive kva det frivillige arbeidet gir ho; *Dette held ein oppe..ja faktisk held ein oppe*. Utsegna knyttar eg til motivasjonsfaktoren *selvaktelse*. Lorentzen og Rogstad seier *selvaktelse/sjølvfølelse* kan bidra til å styrke eige sjølvbilete og den sosiale tilhøyrigheta at ein kjenner seg verdifull. Samtidig er det reint eigenytte motiv. Det handlar først og fremst om kva ein sjølv får igjen. I valte litteratur finn eg ikkje begrepet *meaning*. Eg vil tru *meaning* knyttar seg til *selvaktelse*, å kjenne seg verdifull gir ei *meaning* til frivillig arbeide. Eg opplever *meaning* sentralt for Åse. Å ha noko å gå til, å bety noko for nokon gir *meaning*, og ein kan kjenne seg verdsett. Sjølv om ikkje *meistring* har vore aktualisert i teorien, er *meaning* og *meistring* knytt saman. Åse sitt engasjement gir personleg *meaning*, eigenytte. Dette kan ein sjå på som eigne ressursar som aktivt blir tatt i bruk for å betre ein ellers einsam tilværelse. I følgje Stabbins er sosial inkludering og tilhøyrslfaktorar som fremjar livskvalitet.

Oppsummerande refleksjonar

Med mitt andre forskarspørsmål søkte eg svar på korleis dei frivillige begrunnar sitt engasjement. Kva som motiverar og er drivkreftene for å engasjere seg for andre. Eg tar her utgangspunkt i to motpolar, om det er altruistiske motiv, eller om det handlar meir om eigenytte. Gjennom analysen har dei påfallande like erfaringar i rolla si som frivillig, men her er også individuelle skilnader. Alle tre har altruistiske begrunningar. Det å gi, å sjå andre set pris på innsatsen og blir glad, har i seg sjølv ein stor verdi. Verdi er altså eit viktig motiv for alle tre, som både Habermann, Lorentzen og Rogstad finn sentralt i si forskning. Likevel har alle eigenytte av innsatsen sin.

Alle driv ”serious leisure” etter Stabbins sin definisjon, som gir eigen kapital, og kapital til samfunnet. Læring synest som ein motiverande faktor, det å kunne auke og bruke kunnskapen. Dette finn eg sentralt i alle teoribidraga. Livskvalitet er sentralt hos Stabbins, her finn eg realisering av eige potensiale og sosial inkludering som motivasjonsfremjande faktorar. Å styrke eige sjølvbilete gjennom arbeidet, å føle seg verdifull er også ein viktig motiverande faktor som Lorentzen og Rogstad påpeikar. Her har eg *hengt på* begrepa *meaning* og *meistring*. Motiverande faktorar som sosiale forventningar og arbeidsmarkedshensyn verkar til å ha liten innverknad på informantane. Mine funn peikar i retninga til Habermann og Stabbins, altruisme og eigenytte er ei side

av samme sak, dei står ikkje i motsetnadsforhald til kvarandre men går *hand i hand* som Knut sjølv uttrykkjer det.

8 Avsluttning

Denne studien har gitt meg innsikt og meir kunnskap på eit spennande og viktig felt. Eg har undersøkt frivilligsentralane gjennom dei to forskingsspørsmåla mine, kva sentrale oppgåver sentralane utfører, og korleis dei frivillige grunn gir sitt eige engasjement. Det er to ulike perspektiv inn mot sentralane. Begge kastar lys over verksemda til frivilligsentralane.

Funn i studien tyder på at sentralane har svært mange oppgåver og aktivitetar på eit breidt område. Dette speglar seg i målgruppene som er mange og forskjellige. Sentrale oppgåver er innafør feltet helse-, omsorg og sosial. Kommunen er derfor ein sentral samarbeidspart. Sentralane har ikkje klare idealtypiske trekk som *sosialsentral*, eller *nærmiljøsentral*. Det ser ut som dei har ein blanda profil type som samsvarar med breidda i oppgåver og aktivitetar. Studien viser små skilnader mellom eigarformene. Eigarforma til sentralane ser derfor ikkje ut til å spele noko stor rolle for verksemda, verken i den utøvande verksemda, eller den rolla eigarane har i sentralane.

Frivilligsentralane ser ut til å ha ein særleg viktig funksjon for menneske som er utanfor det tradisjonelle samfunns- og organisasjonslivet. Det gjeld både som mottakarar, eller som frivillige. Sentralane har ei viktig rolle i å formidle sosial kapital, dei er inkluderande og byggjer nettverk og sosiale band.

Dei frivillige begrunnar engasjementet sitt både som eiganytte og som altruisme. Funna i studien peikar på at dei ikkje opptreer atskilt, men omhandlar ei side av same sak. Det å vere frivillig er ei rolle som *gir* glede og er ein sterk verdi. Dei frivillige har likevel eit utbytte utover denne verdien. Dei opplever at det frivillige arbeidet gir dei noko tilbake.

Litteraturliste

- Aakvaag, G.C. (2008). *Moderne sosiologisk teori*. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Arnesen, S., Folkestad, B., & Gjerde, S. (2013-2). *Frivillig deltakelse i Norden – et komparativt perspektiv*. (Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, 2013-2). Henta frå:
file:///D:/Dokument/Downloads/Frivillig%20deltakelse%20i%20Norden%20DI
G_sec%20(2).pdf
- Berg, B. L. (2009). Case Studies. I: Berg, B. L.: *Qualitative Research Methods of the Social Sciences*. Boston: Allyn & Bacon
- Bourdieu, P., & Wasquant, L. J. D. (1993). *Den kritiske ettertanke: Grunnlag for samfunnsanalyse*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Busch, T. (2014). *Akademisk skriving: For bachelor-og masterstudenter*. (2.oppl.). Bergen: Fagbokforlaget
- Denscombe, M. (2002). *Ground Rules for Good Research: a 10 point guide for social researchers*. Buckingham/Philadelphia: Open University Press.
- Dugstad, L. (2009). *Frivillighetens autonomi. Frivillighetssentraler i møte med det offentlige*. Masteroppgave, Universitetet i Oslo, Oslo.
- Eimhjellen, S. I. (2016). *Innavndrarar si deltaking i norsk frivilligliv*. (Senter for forskning på sivilsamfunn og og frivillig sektor, 2016-3). Henta frå:
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rapport-innvandrarar-si-deltaking-i-norsk-frivilligliv/id2484857/>.
- Enjolras, B., & Wollebæk, D. (2010). *Frivillig organisasjoner, sosial utjevning og inkludering*. (Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor 2010-2). Henta frå:
file:///D:/Dokument/Downloads/Frivillig%20deltakelse%20i%20Norden%20DI
G_sec%20(2).pdf
- Feiring, M. (2000). *Aktivitetsprofiler. En analyse av aktivitetene ved frivillighetssentralene*. (Norsk institutt for by- og regionsforskning, 2000:106). Oslo: NIBR.

- Folkestad, B., Christensen, D. A., Strømsnes, K., & Selle P. (2015). *Frivillig innsats i Noreg 1998-2014: Kva kjenneteikner dei frivillige og kva har endra seg?* (Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor 2015:4). Bergen/Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Firda. (2016). *Frivilligsentralane er urolige*. Firda, 28. april, s.17.
- Frivillighet Norge. (2015). *Nøkkelfakta om frivillighet*. Henta 24. januar 2016 frå: http://www.frivillighetnorge.no/no/om_oss/fakta_om_frivillighet/grunnleggende_fakta/N%C3%B8kkelfakta+om+frivillighet.b7C_wlrKX5.ips
- Gadamer, H. G. (2003). *Forståelsens filosofi. Utvalgte hermeneutiske skrifter*. Oslo: Cappelen Forlag
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskaplige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget
- Habermann, U. (2001). *En postmoderne helgen? – om motiver til frivillighet*. Lund: Sosialhøgskolan, Lunds Universitet
- Habermas, J. (1999). *Kraften i de bedre argumenter*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Hagelin, S., & Småland Goth, U. (2015). Frivillighet og sårbare grupper. Plan. *Tidsskrift for samfunnsplanlegging, bolig og byplan og regional utvikling*, 3-4, 63-64
- Heggen, H. (2007). Rammer for meistring. I: Ekeland, T.-J., & K. Heggen (Red.), *Meistring og myndiggjering: Reform – eller retorikk*. (s.77-81). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Helse- og omsorgsdepartementet. (2012-2013). *Morgondagens omsorg*. (Meld. st.nr. 29, 2012-2013). Oslo: Departementet
- Helse- og omsorgsdepartementet. (2015). *Nasjonal strategi for frivillig arbeid på helse- og omsorgsfeltet*, (2015-2017). Henta frå: http://www.ks.no/globalassets/nasjonal_strategi_frivillighet.pdf?id=20281
- Finans- og tolldepartementet. (1998). *Frivillige organisasjoner*. (NOU 1988:17). Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-1988-17/id524893/?q=nou%201988>
- Kalleberg, R. (1996). Forskningsopplegget og samfunnsforskningens dobbeltdialog. I: H. Holter & R. Kalleberg (Red.), *Kvalitative metoder i samfunnsforskning* (s.). Oslo: Universitetsforlaget
- Kjøllsrud, S. E. (2009, 12. mars). Frivillige skal hjelpe det offentlige. Henta 27. april 2016 frå: <https://sykepleien.no/etikk/2009/08/frivillige-skal-hjelpe-det-offentlige>
- Kloster, E., Liden, H., & Lorentzen H. (2003). *Frivilligsentralen. Resultater, erfaringer, forandringer*. (Institutt for samfunnsforskning nr. 3). Oslo: ISF

- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2015). *Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner*. (Meld. St. nr 14, 2014-2015). Oslo: Departementet
- Kuhnle, S., og P. Selle (red). (1990). Autonomi eller underordning: Frivillige organisasjoner og det offentlige i Kuhnle, S., og P. Selle (red) *Frivillig organisert velferd – alternativ til offentlig?* Bergen: Alma Mater
- Kulturdepartementet. (2015). *Frivillighetserklæringen – erklæring for samspillet mellom regjeringen og frivillig sektor*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/frivilligerklaringa--frivillighetserklaringen/id2458656/>
- Kulturdepartementet. (2014). *Om frivillighetspolitikken*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/frivillighet/innsiktsartikler/om-frivillighetspolitikken/id2076537/>
- Kultur- og kirke departementet. (2007). *Frivillighet for alle*. (St.meld, nr.39, 2006-2007). Oslo: Departementet
- Kulturdepartementet. (1997). *Om statens forhold til frivillige organisasjoner*. (St. meld. nr. 27, 1996-1997). Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-27-1996-97-/id191104/>
- Kvale, S., & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. 2 utg. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Loga, J. (2010). *Livskvalitet. Betydningen av kultur og frivillighet for helse, trivsel og lykke. En kunnskapsoversikt*. (Senter for forskning på sivilsamfunn og offentlig sektor, 2010-1). Henta frå: [file:///D:/Dokument/Downloads/VR_2010_1_web%20\(4\).pdf](file:///D:/Dokument/Downloads/VR_2010_1_web%20(4).pdf)
- Lorentzen, H., & Rogstad, J. (1994). *Hvorfor frivillig? Begrunnelser for frivillig sosialt arbeid*. (Institutt for samfunnsforskning). Henta frå: <http://docplayer.no/5873184-Hakon-lorentzen-og-jon-rogstad-hvorfor-frivillig-begrunnelser-for-frivillig-sosialt-arbeid.html>.
- Lorentzen, H., Andersen, R. K., & Brekke, J. P. (1994). *Ansvar for andre*. Frivilligsentralen i norsk velferdspolitikk. Boka dannar sluttrapporten. (s.a).
- Lorentzen, H., & Røkeberg, T. (1998). *Hvem bør eie frivillighetssentralen?* (Institutt for samfunnsforskning, 1998:014). Oslo: ISF
- Lorentzen, H. (2012). *Frivilligsentralen i nærmiljøet: Konkurrent eller katalysator?* (Institutt for samfunnsforskning, 2012:4). Oslo: ISF
- Lorentzen, H. (2014). *Frivilligsentralane og framtiden*. Notat til KS, august 2014. Henta 6. november frå: <http://www.ks.no/globalassets/frivilligsentralene-og-fremtiden-pdf1.pdf?id=21552>

- Lorentzen, H. (2010:13). *Frivilligsentralen mellom stat, kommune og sivilsamfunn*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
- Malterud, K. (2011). *Kvalitative metoder i medisinsk forskning*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Myklebust, J. O. (2002). Utveljing og generalisering i kasusstudiar. *Norsk pedagogisk tidsskrift* nr 5/2002, 423-438.
- NAV (2015). Arbeidspraksis i ordinær virksomhet. Henta 2. november 2015 frå: <https://www.nav.no/no/Person/Arbeid/Oppfolging+og+tiltak+for+a+komme+i+jobb/Tiltak+for+a+komme+i+jobb/Relatert+innhold/Arbeidspraksis+i+ordin%C3%A6r+virksomhet.890.cms#chapter-3>
- NESH (Den nasjonale forskningsetiske komite' for samfunnskap og humaniora). (2006). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teolog*. Henta frå: <https://www.etikkom.no/globalassets/documents/publikasjoner-som-pdf/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-humaniora-juss-og-teologi-2006.pdf>
- Norges Forskningsråd. (2005). *Sosial kapital*. Innstilling fra et utredningsutvalg oppnevnt av Norges forskningsråd . Oslo, april 2005.
- Norges Frivilligsentraler. (2015). *Velkommen til Norges Frivilligsentraler*. Henta 24. januar 2016 frå: <http://frivilligsentral.no/?pageslug=hjem-3895>
- Norges Frivilligsentraler. (2015). *Landsorganisasjonen for frivilligsentraler*. Henta 6. oktober frå <http://frivilligsentral.no/?pageslug=landsorganisasjonen-for-frivilligsentraler-17636>
- Putnam, R.D. (2000). *Bowling alone. The Collapse and Revival of American Community*. New York: Simon & Schuster Paperbacks
- Regjeringa (2010). *Retningslinjer for frivilligsentraler/nærmiljøsentraler*. Henta 1. oktober 2015 på: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Retningslinjer-for-frivilligsentralernarmiljosentraler-2010/id592400>
- Regjeringa (2014). *Kommunereformen - Robuste kommuner for framtida*. Henta 20. mars 2016 frå: <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/id751048/>
- Repstad, P. (2007). *Mellom nærhet og distanse. Kvalitative metoder i samfunnsfag*. Oslo: Universitetsforlaget
- Repstad, P. (1998). Jakten på det frivilliges egenart. I: P. Repstad (red.). *Den lokale velferdsblanding: Når offentlige og frivillige skal samarbeide*. Oslo: Universitetsforlaget

- Stake, R. (2005). Qualitative Case studies. I: Denzin, N. K., & Lincoln, Y. (eds): *Handbook og Qualitative Research*. London: Sage.
- Statistisk Sentralbyrå. (2015). *Organisasjonsaktivitet, politisk deltakelse og sosialt nettverk. Levekårundersøkelsen 2014*. Henta på: <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/orgakt>
- Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetenester i Aust-Agder. *Frivillige i palliativ omsorg*. Henta 15. september 2015 frå: <http://www.utviklingscenter.no/frivillige-i-palliativ-omsorg.4912803-185703.html>
- Vetlesen, A. J. (2009). Fellesskap i individualismens tidsalder. I: H. E. Nastad & R. M. Blakar (Red.), *Fellesskap og individualisme* (s. 19-54). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Wollebæk, D., S. Sætrang, S., og Fladme A. (2015). *Betingelser for frivillig innsats. Motivasjon og kontekst*. (Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, 2015:1). Bergen/Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Wollebæk, D., Selle, P., Strømsnes, K. (2008). *Endringsprosesseser i norsk frivillighet. En kunnskapsoversikt*. (Rokkasenteret/Universitetsforskning nr 6-2008). Henta frå: <http://www.sivilsamfunn.no/Ressurser/Publikasjoner/Andre-rapporter/2008/2008-206>
- Wollebæk, D., Selle, P., Lorentzen, H. (2000). *Frivillig innsats. Sosial integrasjon, demokrati og økonomi*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Yin, R. K. (2014). *Case Study Research. Design and Methods*. Sage Publications Ltd.
- Østeraas, B. T. (2002). *Levende lokalsamfunn*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Vedlegg 1 **Retningslinjer for frivilligsentralar/nærmiljøsentralar**

I Formål:

- Frivilligsentralar/nærmiljøsentralar (heretter kalla sentralar) skal vere ein lokalt forankra møteplass som er open for alle med lyst til å vere med på frivillig verksemd.
- Sentralen skal utviklast av dei menneska som er knytte til sentralen.
- Sentralen skal vere eit kraftsenter og kontaktpunkt for menneske, foreiningar/lag og det offentlege.

II. Organisering:

Kulturdepartementet (KUD) har forvaltningsansvar for det statlege driftstilskotet til sentralane.

1) Vedtekter

- Sentralane skal ha vedtekter som regulerer formål, organisasjonsform og vedtaksstruktur.
- Innhaldet i vedtektene skal regulere aktivitetane i sentralen.
- Sentralen skal samarbeide med lokale frivillige organisasjonar, lag/foreiningar og det offentlege.

2) Verksemd

- Sentralen skal ta initiativ til, mobilisere og samordne frivillig aktivitet.
- Aktivitetane skal leggjast opp i tråd med lokale føresetnader og behov og vere med på å utvikle sentralen.
- Aktivitetane skal vere eit tillegg til offentleg verksemd.
- Det bør leggjast vekt på eit samspel mellom frivillig og offentleg innsats på område det er naturleg å samarbeide om.
- Sentralen eller dei frivillige som er knytte til sentralen, kan ikkje ta imot betaling utover godtgjersle for direkte utlegg.

3) Eigarar

- Sentralen kan eigast av ein eller fleire juridiske personar.
- Dersom fleire juridiske personar går saman om å etablere ein sentral, kan det stiftast ei foreining, eit partslag eller ei stifting.
- Så sant det er mogleg, skal sentralen registrerast i Einingsregisteret i Brønnøysundregistrene. Sentralar som er organiserte som stiftingar, skal også registrerast i Lotteri- og Stiftelsestilsynet.

4) Årsmøte

- I ein sentral som er organisert som ei stifting, er det styret som er det øvste organet i stiftinga, og ne for stiftinga som kan fastsetje at stiftinga skal ha eit årsmøte, og kven som kan møte der.
- I andre eigarformer er årsmøtet det øvste organet i sentralen. (Dersom ein kommune er eigar, kan kommunestyret eller eit kommunalt utval setjast som årsmøte.)
- Ordinært årsmøte skal haldast ein gong per år og innan 30.jnui som er frist for

søknad og rapport. Ekstraordinært årsmøte skal holdast dersom minst 1/3 av eigaren/eigarane eller styret krev det.

- På årsmøtet møter representantar for eigaren/eigarane med tale- og røysterett.
- Andre med tilknytning til sentralen kan møte med talerett.
- Årsmøtet vel styre, godkjenner budsjettet og rekneskapen for sentralen og fører kontroll med styret og drifta av sentralen. Det skal førast årsmøteprotokoll.

5) Styret

Når kommune eller organisasjon(ar) er eigarar:

- Styret er det øvste organet i sentralen mellom årsmøta. Styret blir valt og får si fullmakt frå årsmøtet.
- Styret skal ha eit mandat frå eigaren som regulerer kven som har rekneskaps- og budsjettansvar, tilsetjingsmakt, arbeidsgivar- og arbeidsleiaransvar.

Stiftingar:

- Dersom sentralen er organisert som ei stifting, regulerer lova om stiftinga ansvarsforholdet i organisasjonen.

Gjeld for alle eigarformer:

Innan 30. juni kvart år skal KUD ha tilsendt rekneskap og rapport om den årlege aktiviteten. Ansvar for å utarbeide og sende inn dette skal avklarast i mandatet til styret.

III. Finansiering:

- Søknad om statsmidlar for kommande år skal sendast til KUD innan 30. juni og skal innehalde målsetjing og budsjett.
- Rammene for tilskotet blir fastsett i statsbudsjettet.
- Statstilskotet skal brukast til å dekkje delar av lønnskostnadene til den daglege leiaren.
- Maksimalt tilskot krev at den daglege leiaren er tilsett i 100 prosent stilling, og at det er minst 40 prosent lokal finansiering av drifta.
- Statstilskotet skal ikkje brukast til driftstøtte til den ordinære aktiviteten i organisasjonar.
- Dersom rekneskap og rapport ikkje ligg føre innan den vedtekne fristen, kan sentralen miste statstilskotet for kommande år.

Vedteke: 23.september 2005 (revidert 28. januar 2010)

Omtale av undersøkinga

Kven er eg

Eg er student ved høgskulen i Volda, og arbeidar no med ei masteroppgåve i meistring og myndiggjering som skal leverast desember 2015. Eg har bakgrunn som sjukepleiar, og har arbeidd vesentleg i kommunehelsetenesta. For ei tid tilbake arbeidde eg som dagleg leiar i Hyllestad frivilligsentral, kommunen som eg er busett i.

Bakgrunn og mål med studien

Frivillig arbeide er eit utbredt fenomen i Noreg, svært mange brukar av si tid i ulønna arbeide til gagn og nytte for andre gjennom ulike lag- og organisasjonar. Frivilligsentralen er ein organisasjon som kanalisere frivillig arbeide i mange kommunar, og tema for oppgåva er rolla og betydninga av frivilligsentralane i lokalsamfunna.

I vår gjennomførte eg ei kartlegging av dei 16 sentralane i Sogn og fjordane, for å danne meg eit oversiktsbilete over mellom anna eigarskap og oppgåver til sentralane. Det er særskilt tre perspektiv eg ønskje sjå nærare på i denne studien; oppgåvene til frivilligsentralane, eigar sine forventningar og kva betydning det frivillige arbeide har for utøveren, den frivillige.

Planar

For å finne ut av dette ønskjer eg å gjennomføre ein kvalitativ studie, der eg har valgt ut tre frivilligsentralar frå kartlegginga som har sagt seg villig til å vere med vidare. Innafor kvar frivilligsentral ønskje eg å intervju dagleg leiar ved sentralen, eigarrepresentant og ein frivillig som er blitt spurt av dagleg leiar for sentralen. Intervjua vil gjennomførast før sommarferie, og ta frå 1-1 ½ time. Eg vil bruke møtelokale til den enkelte frivilligsentral, eventuelt andre lokale etter nærmare avtale. Intervjua vil bli tatt opp på bandopptakar, eller liknande, og eg vil gjere notat undervegs når vi snakkar. Intervjuguide vil bli sendt ut på førehand. Dersom det blir nødvendig ønskjer eg mulighet til å kontakte deg på telefon etter intervjuet.

Vern av opplysningar og samtykke

Eg vil ikkje innhente personlege opplysningar, eller lagre slike opplysningar, om slike likevel skulle komme fram under samtalen. Eg er undelagt taushetsplikt og alle data vil bli behandla konfidensielt og anonymisert etter beste evne.

Deltakinga er frivillig. Så lenge studien pågår, kan du når som helst trekke tilbake samtykke utan å oppgje grunn. Alle opplysningar frå deg vil då bli sletta. Samtykkeskjema er vedlagt, og skjemaet kan eg få tilbake når vi møtast. Har du ombestemt deg med hensyn til deltaking, er det fint om du tek kontakt med meg snarast.

Informantar som ønskjer det, kan få ein kopi av oppgåva etter at den er levert i desember 2015.

Har du spørsmål om prosjektet kan du ta kontakt med meg på telefonnummer

90 05 16 09, eller sende meg en e-post til: solfrid.andersen@eninvest.net

Med vennleg helsing
Solfrid Andersen
Birkeland
6953 Leirvik i Sogn

Vedlegg 3

Spørjeskjema (data I) til dagleg leiarar i kommunale frivilligsentralar¹⁵

Del 1: Organisatoriske tilhøve:

Navn på frivilligsentral: _____

Navn på dagleg leiar: _____

Bakgrunn dagleg leiar: _____

Når vart frivilligsentralen etablert: _____

Kvar er frivilligsentralen plassert organisatorisk i kommunen: _____

Ev link, eller opplysningar om frivilligsentralen si heimeside: _____

Kven set i styret for frivilligsentralen og er oppnevnt av: _____

Del 2: Oppgåver som frivilligsentralen er involvert i:

	Ja	Nei
- Kultur/kulturminnevern	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
- Sang/musikk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
- Folkehelse/idrett	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
- Ein-til-ein oppgåver	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
- Opplæringstiltak (t.d data)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
- Integreringstiltak for innvandrarar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
- Integreringstiltak for andre grupper	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
- Sjølvhjelpsgrupper	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

¹⁵ Samme skjema blei sendt ut til sivile sentralar. Det var berre overskrifta som utgjorde skilnad.

- | | Ja | Nei |
|---|--------------------------|--------------------------|
| - Fritidsaktivitetar for barn/ungdom | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| - Sosiale møteplassar | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| - Servicetenester for lag-og organisasjonar | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| - Administrative oppgåver for kommune | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| - Kommunale tenester * | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |

*Dersom ja, kva tenester:_____

Andre oppgåver du vil trekke fram som viktige i sentralen:_____

Del 3: Målgrupper:

Har din sentral oppgåver i høve føgjande målgrupper:

- | | Ja | Nei |
|----------------------------|--------------------------|--------------------------|
| - Heimebuande eldre | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| - Innvandrarak/flyktningar | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| - Einslege | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| - Barn/ungdom | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| - Småbornsfamiliar | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| - Funksjonshemma | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| - Institusjonsbuande eldre | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| - Folk flest | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |

- Andre

målgrupper:_____

Del 4: Kven samarbeidar du som dagleg leiar med ?

- | | Ja | Nei |
|---|--------------------------|--------------------------|
| - Enkeltindivid | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| - Frivillige lag- og organisasjonar | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| - Næringsliv | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| - Statlege/fylkeskommunale organisasjonar | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| - Kommune | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |

Kven samarbeidar du med i kommunen: _____

- Andre samarbeidspartnarar:

Del 5: Kommunale forventningar til frivilligsentralen

- | | Ja | Nei |
|--|--------------------------|--------------------------|
| -Er det oppgåver du har sagt nei til? | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| - Har det tidlegare vore sprik mellom forventningar og oppgåver? | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |
| - Er det sprik mellom forventning og oppgåver i dag? | <input type="checkbox"/> | <input type="checkbox"/> |

- Kvar meiner du eventuelle utfordringar er?

Om naudsynt kan du bruke eige ark om det ikkje er plass til utfyllande opplysningar

Eg samtykkar/samtykkar ikkje (stryk det som passar) til å vere med vidare i undersøkinga

Navn: _____

Intervjuguide dagleg leiarar

1. Bakgrunnsopplysningar om intervjuperson:

- Kjønn og alder
- Kor lenge har du/de vore dagleg leiar
- Kva stillingsprosent har du i Frivilligsentralen
- Fagleg bakgrunn, utdanning og yrkesbakgrunn

2. Oppgåver ved Frivilligsentralen (fs):

- Undersøkinga byggjer på ei kartlegging eg har gjennomført hausten 2014.
 - Kan du starte med å fortelje om bakgrunnen for fs sin oppstart ?
 - Kva er viktige oppgåver for fs ?
 - Har de oppgåver som er direkte kommunalt lovpålagde ?
 - Har de oppgåver inn mot *gråsona* ? (skjæringspunktet mellom offentlege- og frivillige oppgåver)
 - Er retningslinjene klare og tydelege på dette området ?
 - Har det kome førespurnad til oppgåver du har takka nei til ?
 - Korleis oppstår oppgåvene til fs ?
 - Kva kan du seie om rolla fs spelar i lokalsamfunnet ?
 - I kva grad får du vere med å forme fs synest du ?
 - Er det oppgåver du ikkje har hatt frivillige til å gjennomføre ?
-eventuelt kva slags oppgåver ?
 - Kva skil denne frivilligsentralen frå dei andre i Sogn og Fjordane trur du ?
 - Korleis er samarbeidet med andre lag- og organisasjonar ?
 - Korleis er samarbeidet mellom deg som dagleg leiar og eigar (ar) av frivilligsentralen ?

- Engasjerar eigar seg i oppgåver, til dømes i utarbeidinga av årsplan ?

3. Økonomi og generelle framtidsutsikter:

- Har kommuneøkonomien påverka fs sine oppgåver ?
- Korleis ser du oppgåvene/rolla til fs i framtida ?
- Kva rolle spelar staten si finansieringsordning for etablering og vidareføring av fs ?
- Kan du kort fortelje kven som finansierer eigar sin forpliktande andel
- Tek dei statlege retningslinjene omsyn til lokalt særpreg ?
- Andre synspunkt på retningslinjene ?
- Staten forslår å legge den statlege støtta til frivilligsentralane til kommunane, og ikkje direkte til den enkelte sentral som no. Har du synspunkt på dette forslaget ?

4. Rekruttering:

- Kor mange frivillige har de ved fs ?
- God eller dårleg rekruttering, eller er tal frivillige stabilt ?
 - eventuelt kva trur du er årsaka til god eller dårleg rekruttering?
- Kva kjenneteiknar dei frivillige ?
 - flest menn ?
 - flest kvinner ?
 - flest enslige ?
 - kva aldersgruppe er mest aktiv ?
 - er det menneske som frå før er aktive ?
 - er frivillig eller ufrivillig utan arbeide ?
 - andre kjenneteikn ?
- Korleis rekrutterar du dei frivillige ?
- Kan du seie noko om korleis generelt det er å rekruttere frivillige ?
 - er det oppgåver som er meir populære enn andre ?

- er det reaksjonar på at arbeidet er ulønna ?
- Har de noko form for *påskjøning* til dei frivillige ?
- Er frivilligsentralen sine lokale ein sosial møteplass for dei frivillige ?
 - eller for folk flest, ein stad å komme innom ?
- Kva erfaring har du gjort deg, i høve motivasjonsfaktorar/drivkrafta for den enkelte frivillig ?
 - Kva trur du motiverar folk til å delta ?
- Er det noko du ønskje legge til ?

Intervjuguide eigar sin representant

1. Bakgrunnsopplysningar om intervjuperson:

- Kven representerar du på eigarsida ? (styre eller kommune)
- Kor lenge har du vore i styret/styreleiar for frivilligsentralen ?
- Kor lenge har frivilligsentralen (fs) lagt under ditt ansvarsområde? (kommune)
- Kva er di rolle for fs ?

2. Målet med frivilligsentralen:

- Kva var bakgrunnen for at fs starta opp ? Hadde eigar ei klar målsetting ? Samsvarar målsettinga med dei oppgåvene fs i dag utfører ?
- Kva oppgåver er dei viktigaste for denne fs ?
- Er det oppgåver fs ikkje skal gjere ?
- I kva grad kan styret/eigar vere med å bestemme og påverke fs sine oppgåver?
- Har kommuneøkonomien påverka fs sine oppgåver ? Tek fs på seg lovpålagde kommunale oppgåver?
- Har det vore diskutert kva oppgåver fs ikkje skal ta på seg
 - Tek fs på seg oppgåver i *gråsona* ? (skjæringspunktet mellom offentlege- og frivillig sektor sine oppgåver)
- Kva kan du seie om rolla fs har i lokalsamfunnet ?

8. Organisatoriske forhold:

- Korleis er samarbeidet mellom eigar og styret for fs ?
- Er det forhold i organiseringa til fs som kunne vore annleis ?
- Trur du det er skilnad i oppgåvene til kommunalt eigde sentralar, i forhold til anna type eigarstruktur ?

9. Økonomi og generelle framtidsutsikter

- Kva rolle spelar staten si finansieringsordning for etablering av fs ?
 - vidareføring av sentralen ?
 - Tek dei statlege retningslinjen omsyn til lokalt særpreg ?
 - har du andre synspunkt på retningslinjene ?
- Kva tenkjer du om rolla til fs i framtida ?
- Staten forslår å legge den statlege støtta til frivilligsentralane til kommunane, og ikkje direkte til den enkelte sentral som no. Har du synspunkt på dette forslaget ?
- Er det noko du ønskje å legge til ?

Intervjuguide rolla som frivillig

1. Bakgrunnsopplysningar om intervjupersonen:

- Alder
- Bakgrunn, til dømes yrke, familie, interesser osv.

2. Om å være frivillig:

- Kan du fortelje om korleis du vart frivillig gjennom frivilligsentralen ?
- Kor lenge har du vore frivillig ?
- Kor ofte og kva oppgåver har du ?
- Er det oppgåver du har fått spørsmål om som du har takka nei til ?
 - ventuelt kva type oppgåver ?
- Har det førekomme at du sjølv har teke intitiativ til oppgåver du ser trengst, eller har hatt lyst å gjere ?
 - eventuelt kva type oppgåver ?
- Er du frivillig og hjelpar i andre lag/organisasjonar ?

3. Betydninga av rolla som frivillig:

- Kva betyr frivilligsentralen som organisasjon for deg personleg (er det til dømes ein plass å komme innom, slå av ein prat med dagleg leiar, møte andre, diskutere ein ide' du har osv)
- Kva rolle meiner du frivilligsentralen har i lokalsamfunnet ?
- Er det andre oppgåver du trur frivilligsentralen vil få i framtida ?

- Om ikkje frivilligsentralen hadde eksistert i ditt nærmiljø, hadde du delteke som frivillig/hjelpar i andre lag- og organisasjonar ?
- Korleis tek frivilligsentralen i vare på dei frivillige ?

- Kan du fortelje om kva rolla di som frivillig/hjelpar har å seie for deg personleg, altså motivasjon og drivkraft ?

- Er det noko anna du ønskje legge til ?